



VINDAFJORD
KOMMUNE

Årsmelding og årsrekneskap 2024

Tekstutdrag av digital utgåve publisert på:

<https://pub.framsikt.net/2024/vindafjord/mr-202412-aarsmelding2024>



Innhold

Kommunedirektøren sine kommentarar	4
Økonomiske nøkkeltal og analyse	7
Økonomisk resultat i 2024	7
Status finansielle måltal	8
KOSTRA hovudtall	9
Sentrale inntekter	11
Finansinntekter og -utgifter	14
Avsettingar og årsoppgjersdisposisjonar - til disposisjon for tenesteområda	15
Balansen	18
Gjelds- og finansforvaltning	24
Personal og organisasjon	27
Organisasjon og medarbeidarar	27
Sjukefråvær	29
Likestilling	30
Rekruttering	32
Internkontroll	33
Etikk	35
Investeringar	37
Oppfølging av klima	52
Klimastatistikk	52
Klimaregnskap	56
Status klimaoppdrag	56
Status overordna mål og strategiar	58
Oppfølging av vedtak og oppdrag	64
Oppfølging av planer	71
Samfunns- og befolkningsutvikling	72
Finans	82
Administrasjon og fellesdrift	84
Oppvekst og kultur	90
Helse og omsorg	100
Forvaltning, drift og utvikling	119
Årsrekneskap	128
Løyvingsoversikt drift etter § 5-4 første ledd	129
Løyvingsoversikt drift etter § 5-4 andre ledd	129



Løyvingsoversikt investering etter § 5-5 første ledd.....	130
Løyvingsoversikt investering etter § 5-5 andre ledd.....	131
Balanse	133
Økonomisk oversikt drift etter § 5-6.....	136
§ 5-9 Oversikt over samla budsjettavvik og årsavslutningsdisposisjonar	137
Notar.....	140



Kommunedirektøren sine kommentarar

Kommunedirektøren legg med dette fram årsmelding og årsrekneskapen for 2024. Dokumentet skal gje eit overordna oversyn over den kommunale drifta og det økonomiske resultatet for 2024.

2024 har vore nok eit aktivt år for Vindafjord Kommune. Den aller største hendinga var nok besøket frå Kongeparet 30. mai, der Vindafjord og Ølen viste seg frå si beste side mellom klokka 10.30 og 14.00, med glimt av sol og blå himmel frå Kongeskipet runda inn Ølensfjorden til HMK Gardekompani hadde fullført sin oppvisning. Ei samling av alle skuleborn frå kommunen sette stemninga og saman med eit stort publikum i Ølen sentrum var dei med på å gjere dagen minnerik. Underhaldninga frå scena innebar mellom anna innslag frå “Kor e Vindafjord”, eit samansett korps frå kommunen, elevar og tilsette frå Vindafjord kulturskule og Tom Roger Aadland. I tillegg vart det haldt talar frå HMK Harald og frå ordførar Ole Johan Vierdal, samt frå unge stemmer frå Vindafjord kommune. Professor Nils Olav Østrem og tidlegare ordførar Arne Bergsvåg gav og eit lite oversyn over kommunen si både eldre og yngre historie. Arne Bergsvåg batt saman programmet gjennom dagen.

I 2024 vart og “Vindafesten” for alle tilsette i Vindafjord kommune arrangert for andre gong. Dette året vart arrangementet gjennomført over to kveldar, slik at flest mogeleg av dei tilsette fekk høve til å delta, og som ein del av arrangementet vart det delt ut både “heider og gåver” til dei som har vore tilsette i kommunen i høvesvis 25 og 40 år, samt heider til dei som har gått av med pensjon. Det var og utdeling av arbeidsmiljøprisen for 2023/24, der barnevernstenesta for Etne og Vindafjord vart vinnar av prisen. I tillegg til ei enkel servering var det underhaldning med “June Kommune” og “Elle Melle” frå scena.

Hausten 2024 sette kommunedirektøren i gang eit opplegg med leiarutvikling for alle kommunalsjefar og einingsleiarar i kommunen. Dette var første gang sidan 2018 det vart starta opp med eit leiarutviklingsprogram med eit slikt omfang i kommunen, og gjennom opplegget skal leiarane mellom anna jobbe med både “mot til å leie”, “motivasjon og sjølvleiing” og “den vanskelege samtalen”. Kommunedirektøren ser på leiarane i kommunen som viktige aktørar i det omstillingsarbeidet som skal gjennomførast i åra som ligg føre oss, og leiarutviklingsprogrammet som no er sett i verk vil vere med på å ruste leiarane for denne prosessen.

Gjennom 2024 gjorde rekrutteringsutfordringane for organisasjonen Vindafjord kommune seg ytterlegare gjeldande, og utfordringane vart tydelege særskilt innanfor helse- og omsorgsfaga og for barnehagar og skular. Utfordringane vart mellom anna løyst med bruk av forskyving og overtid og leige gjennom vikarbyrå, og bruk av barnehagetilsette og lærarar som fekk dispensasjon frå utdanningskravet. I juni 2024 såg kommunedirektøren det som naudsynt å flytte undervisninga for 5-7. klasse på Bjoa skule til Vågen skule, då det etter fire rundar med utlysing viste seg vanskeleg å rekruttere lærar til vikariat på Bjoa skule.

For andre år på rad hadde Vindafjord kommune rekordmottak av flyktningar, med eit mottak av 105 flyktningar. I all hovudsak kjem dei busette i 2024 frå Ukraina. Før flyktningstraumen frå Ukraina starta, busette Vindafjord kommune mellom 10 og 20 flyktningar årleg, og det har vore naudsynt å auke opp dei kommunale tenestene innanfor flyktningfeltet betrakteleg for å klare busetjinga. Framleis har det vore slik at mange av flyktningane har vore “sjølvbusette”, slik at dei sjølv har funne seg stad å bu, men det har vore eit aukande behov for å skaffe husvære gjennom kommunen. Busetjing av eit så stort tal med flyktningar set og krav til kommunen som samfunn, og krev innsats frå frivillige for å få til god integrering.

Gjennom 2024 var det stor framdrift på det største byggeprosjektet i Vindafjord kommune si historie, med gjenoppbygging av symjehallen og bygdauset i Vats. I desember vart det og gjennomført ein



namnekonkurranse for det nye anlegget, der valet fall på namnet "Vindafjordhallen", som jo og var namnet på bygget som brann ned. Prosjektet er i stor grad i rute, med opning i løpet av sommaren 2025.

I 2024 vart det gjort fleire viktige politiske vedtak i Vindafjord. Mellom anna vart det, saman med Etne kommune, vedteke å seie opp samarbeidet om drift av IKT gjennom Etne Vindafjord IKT, og heller inngå ein avtale med IKT Nordhordaland, med mål om å bli ein eigar av oppgåvefelleskapet i løpet av 2025. Vidare vart det vedteke ny tilførsel av kapital til Vindafjord Tomteselskap AS, med formål å revitalisere selskapet. I denne runden fekk ein og på plass fleire nye private eigarar av selskapet, men Vindafjord kommune sit fortsatt med eig eigardel på like under 50 %. I møtet i kommunestyret i juni vart det vedteke ein ny kommuneplan for Vindafjord kommune, samfunnsdel med arealstrategiar, og i desember vedtok formannskapet å sende ein revidert arealdel til kommuneplanen på høyring. Gjennom 2024 vart det og gjort eit vedtak om kapitaltilførsel på selskapet Dommersnes AS som har til formål å utvikle arealet som er av sett til næringsverksemd i Vikebygd, der Vindafjord kommune eig 50 %. Selskapet fekk i 2024 både løyve til å starte arbeidet med utsprenging av det som er omtala som "fase 1" og utarbeidde vidare i løpet av 2024 framlegg til ein ny reguleringsplan for området. Gjennom hausten 2024 fekk og Vindafjord kommune melding frå Eviny om at dei ønskte å setje i gang eit planarbeid for eit vindkraftanlegg på Måkafjellet i Skjold. Initiativet vakte stor merksemd, både blant innbyggjarar og andre, men før formannskapet fekk høve til å handsame meldinga valde Eviny å trekkje søknaden.

Folketalet ved årsskifte var 9 069 personar, som er det høgaste som er målt i Vindafjord kommune nokon sinne. Samla var det ein auke på nesten 1,5 % i 2024, i stor grad på grunn av mottak av flyktingar. Det blei født 88 barn, som er noko under snittet dei ti siste åra på om lag 95 barn. Det var berre 56 døde i 2024, som er det lågaste som er registrert dei siste 10 åra og godt under gjennomsnittet dei 10 siste åra på 74 personar.

Vindafjord kommune fekk eit veldig godt økonomisk resultat i 2024, med eit netto driftsresultat på 61,1 millionar kroner. Dette svarar til om lag 5,8 % av brutto driftsinntekter som var på kr 1,051 milliardar i fjor. Skatteinngangen nasjonalt fekk ein stor svikt i fjor for første gang på mange år, men me ein skatteinngang på nesten 115 % av landet i Vindafjord blei det ein liten meirinntekt mot budsjett når ein justerer for mykje større trekk i inntektsutjamninga enn budsjettert. Det førte til at dei auka statlege overføringane på om lag 6,9 millionar som kom slutten av året som kompensasjon for svake nasjonale skatteinntekter blei ein rein meirinntekt mot budsjett.

Høg likviditet og god avkastning i verdipapirmarknaden gav store meirinntekter for kommunen mot budsjett, og samla blei dei eit positivt budsjettavvik frå finans på kr 21,42 millionar. Utbetalinga frå Havbruksfondet for 2024 blei den største sidan Havbruksfondet blei oppretta, og gav 6,3 millionar i meirinntekt mot dei budsjetterte 10 millionar. Kommunen tok imot 105 nye flyktingar og fekk 10,5 millionar meir enn budsjettert i integreringstilskot. Kommunen får fullt tilskot for år 1 uansett på kva tid av året ein flykting blir busett, og mykje av kostnadane til busettinga vil kome i åra som ligg føre oss.

Samla sett er mesteparten av dei positive avvika meirinntekter kommunen ikkje kan rekne med for framtida, mellom anna fordi inntektssystemet for kommunane vert lagt om frå 2025, med større utjamning av skatteinntektene. Det er likevel gledeleg å sjå at mindreforbruket i rammeområda blei mykje mindre enn prognosane, sjølv om ein god del skuldast lågare utgifter til pensjon og lønnsoppgjær enn det som var budsjettert. Resultatet styrkar kommunen sitt økonomisk handlingsrom framover og styrkar bufferen vår for dårlegare resultat i framtida. Dette blir viktig i åra framover der mellom anna dei demografiske endringane med fleire eldre og færre yngre vil gjere seg gjeldande.

For å førebu omstillingsarbeidet som skal gjennomførast vart det i 2024 gjennomført fleire kartleggingsarbeid i Vindafjord kommune. Mellom anna vart det gjennomført ei kartlegging av standarden av alle barnehage- og skulebygg i kommunen, med eit oversyn over vedlikehaldsbehovet for



bygga både på kort og lang sikt. Vidare vart det sett i gang ei undersøking av ressursbruken i kommunen, i første omgang fokusert mot den administrative drifta, men gjennom prosjektet vart det mellom anna gjort val om å gjere ei grundigare kartlegging av ressursbruken i barnevernstenesta. Innanfor rammeområde helse og omsorg gjennomførte Agenda Kaupang ei analyse av drifta av tenestene samstundes som dei gav klare tilrådingar på korleis tenestene bør organiserast for å møte dei venta demografiske endringane. Mellom anna kom dei ei klar tilråding på å sjå på om det var mogeleg å slå saman drifta av dei to omsorgsheimane i kommunen, og vidare klare tilrådingar om at kommunen må satse på tiltak på dei lågare trinna i omsorgstrappa. Desse rapportane, saman med den kartlegginga og framskrivinga Norconsult gjorde på barnehagar og skular i 2021, gjev eit godt grunnlag for politiske diskusjonar om korleis omstilling av Vindafjord kommune kan gjennomførast.

Med omlegging av inntektssystemet for kommunane, inkludert ei omlegging av skattefordelinga, og med omstillinga som må gjennomførast for å handtere dei demografiske endringane, inkludert ei omfordeling av midlar frå barnehage/skule til helse og omsorgstenester var det eit utfordrande arbeid med budsjett og økonomiplan for 2025-2028. I tillegg viste både utfordringane med rekruttering og dei store investeringsbehova som ligg føre oss at dagens struktur i Vindafjord kommune ikkje er berekraftige framover. Mellom anna såg kommunedirektøren det som naudsynt med eit budsjettframlegg som inneheldt nedlegging av oppvekstsenteret i Imsland og skulen på Bjoa. Vidare vart det tilrådd at arbeidet med å følge opp Agenda Kaupang si tilråding om å slå saman drifta av Ølen Omsorgssenter og Vindafjordtunet skulle starte opp og, om mogeleg, gjennomførast i 2025. Forslaga medførte eit sterkt engasjement frå innbyggjarane og mange utfordrande diskusjonar for medlemmane i kommunestyret fram mot vedtak av budsjettet.

Med årsrapporten legg eg fram eit konsentrert oversyn over dei kommunale aktivitetane gjennom 2024. Det betyr at rapporten ikkje er uttømmende på det som kvar dag skjer i kommunen, der tilsette står på og gjer ein innsats til det beste for innbyggjarane 24 timar i døgnet og 366 dagar i året. Eg er takknemleg for den innsatsen dei tilsette legg ned.

Ølen 30. mars 2025

Yngve Folven Bergesen
Kommunedirektør



Økonomiske nøkkeltal og analyse

Økonomisk resultat i 2024

Rekneskapen viser at Vindafjord kommune fekk eit veldig godt økonomisk resultat i 2024, med eit netto driftsresultat på 61,1 millionar kroner. Dette svarar til om lag 5,8 % av brutto driftsinntekter som var på kr 1,051 milliardar i fjor. Kommunen si målsetting og kommune-«norma» er 1,75 % over tid.

Årsresultatet (mindreforbruk mot budsjett) blei kr 31,572 mill. Mindreforbruket er redusert ved stryking av bruk av disposisjonsfond.

God lokal skatteinngang mot slutten av året, på tross av nasjonal skattesvikt

Nasjonalt var det ein svikt i skatteinntektene mot det som blei lagt til grunn for kommunesektoren før året, og endeleg resultat blei om lag 1 % lågare enn det siste anslaget frå november 2024. Skatteinntekta i Vindafjord var mykje sterkare enn landet i november og desember og skatteinngangen auka frå 108 % til 115,5 % ved utgangen av året. Det er det beste resultatet samanlikna med landssnittet sidan 2013 (117,1 %). Totalt fekk kom det inn kr 17 mill. meir enn budsjettet. Etter justering for inntektsutjamninga enda det på om lag ca. 0,75 millionar kroner i netto meirinntekter mot budsjett.

2024 var siste året før omlegging av skatteinntektene til kommunane, der mellom anna kommunane sin del av formueskatten blir halvert og utbytte blir tatt vekk. Desse komponentane har særleg vore medverkande til høg skatteinngang for kommunen dei siste åra. Etter omlegginga er det venta at skatteinngangen i Vindafjord vil bli nærare landsgjennomsnittet.

Ekstra statlege overføringar

Rett før årets slutt fekk kommunane kompensasjon for svikt i skatteinntektene og høg prisvekst, for Vindafjord kommune gav dette då ein rein meirinntekt mot budsjett på 6,9 millionar.

Stor meirinntekt frå Havbruksfondet

Utbetalinga frå Havbruksfondet for 2024 blei den største sidan Havbruksfondet blei oppretta. Bakgrunnen for dette er mellom høge auksjonsprisar på oppdrettsløyver. Midlane frå Havbruksfondet blir fordelt til alle kommunar og fylkar som har oppdrett. Vindafjord kommune sin del i 2024 blei heile 16,3 millionar, som var 6,3 millionar over budsjett.

Av andre store inntektspostar gav eigedomsskatt kommunen 39,9 millionar i inntekter, om lag 1 million over budsjett.

Veldig godt finansielt resultat

Høg likviditet og god avkastning i verdipapirmarknaden gav store meirinntekter for kommunen mot budsjett, og samla blei dei eit positivt budsjettavvik frå finans på kr 21,42 millionar. Renteinntektene hamna på 22,45 millionar mot eit budsjett på kr 12,4 mill. Utbytte frå Haugaland Kraft AS og SØK AS enda på 27,54 mill. og utbytte på eigenkapitalbevis i verdipapirmarknaden på 2,44 millionar. I tillegg blei det bokført ein finansiell gevinst på finansplasseringar med kr 7,37 millionar.

Kommunen sine renteutgifter auka frå 24,2 millionar i 2023 til 32,77 millionar, vel 925 000 under budsjett. Kommunen betalte 29,7 millionar i avdrag og hadde ei total lånegjeld på kr 733,78 millionar ved årsskifte. Av desse er kr 71,17 millionar lån frå Husbanken til vidare utlån (Startlån). Netto lånegjeld (samla gjeld minus utlån og ubrukne lånemidlar) i % av brutto driftsinntekter var 56,9 %.



Over 55 millionar i integreringstilskot

Kommunen tok i mot totalt 105 flyktningar i 2024 og fekk om lag 55,5 millionar i integreringstilskot. Dette er om lag 10,5 millionar meir enn justert budsjettert. Kommunen får fullt tilskot for år 1 uansett på kva tid av året ein flyktning blir busett, og mykje av kostnadane til busettinga vil kome i åra som ligg føre oss. Meirinntekta mot budsjett er sett av til fond for å dekke framtidige kostnader til busetjing.

Rammeområda

Rammeområda fekk eit resultat nesten i balanse mot budsjett, langt betre enn dei meldte prognosane. Hovudårsakene til det er lågare pensjonsutgifter og noko lågare lønnsutgifter enn venta, som samla gav ei innsparing på om lag 12 millionar samla for rammeområda.

- Administrasjon og fellesdrift var det einaste rammeområde med mindreforbruk. Mindreforbruket på 2,2 millionar skuldast hovudsakleg mindre lærlingar enn budsjettert og lågare utgifter til IKT på grunn av vakanse og utsette innkjøp.
- Oppvekst og kultur hadde eit samla meirforbruk på 2 millionar. Skulane og barnehagane låg samla sett i balanse, men det var fleire avvik på fellesområde. Dei største enkelt-avvika er tilskot til privat barnehage med 4,5 mill. og styrkingstiltak i barnehage med 1,7 mill.
- Helse og omsorg fekk eit meirforbruk 5,2 millionar Drift av institusjonar/sjukeheimar inkludert høgt forbruk av vikartenster og kjøp av eksterne tenester frå private eller ideelle organisasjonar til ressurskrevjande brukarar er dei områda som bidreg mest til det samla avviket for rammeområdet, og slik sett er hovudbildet uendra frå sist år.
- Forvaltning, drift og utvikling hamna 4 millionar underjustert budsjett. Det har vore avsett milder til drift av Vindafjordhallen i 2024 og det har tilnærma dekkja inn meirforbruk til vedlikehald av veg, materialar til vedlikehald og snøbrøyting. Fellesområdet har netto mindreforbruk knytt til reguleringspremie pensjon og lønnsoppgjer med omlag 2 millionar. Sjølvkostområda hadde eit overskot på 2,8 millionar, der 1,5 millionar blir sett av til fond og resten dekker framførbart underskot frå tidlegare år.

Avvika elles er nærare omtala under kvart rammeområde.

Status finansielle måltal

Vindafjord kommune vedtok hausten 2020 tre økonomiske handlingsreglar som det skal styrast etter og rapporterast på. Dei finansielle måltala er lokale økonomiske handlingsreglar som skal vere retningsgivande for kommunen si økonomistyring og bidra til ei forsvarleg langsiktig økonomisk utvikling. Ved utgangen av 2024 var kommunen godt innafor alle dei tre handlingsreglane/måltala. Alle indikatorane tek utgangspunkt i brutto driftsinntekter, som var 1 051,1 millionar i 2024.

Finansielle måltal	Måltal	2022	2023	2024
Netto driftsresultat bør utgjere minimum 1,75 prosent av brutto driftsinntekter.	1,75 %	6,3 %	4,9 %	5,8 %
Netto lånegjeld bør utgjere maksimalt 80 % av brutto driftsinntekter	80 %	56,5 %	54,5 %	56,9 %
Disposisjonsfond bør utgjere minimum 7,5 % av brutto driftsinntekter	7,5 %	21,9 %	24,4 %	23,7 %



Netto driftsresultat

Netto driftsresultat er hovudindikatoren for økonomisk balanse for kommunen. Indikatoren viser kor mykje som kan disponerast til avsettingar og investeringar etter at driftsutgifter, renter og avdrag er betalt. For fjerde året på rad var resultatet veldig godt og langt over den generelle tilrådingane på 1,75 % som også Vindafjord kommune har vald å legge til grunn. Merk at det gode resultatet var 2023 er i stor grad var påverka av eit rekordstort premieavvik.

Netto lånegjeld

Netto lånegjeld er langsiktig gjeld minus ubrukte lånemidlar og utlån, og viser kor mykje gjeld kommunen har i forhold til dei årlege inntektene. Per 31.12.24 hadde kommunen omlag kr 52 millionar i ubrukte lånemidlar. Hadde alle investeringane vore gjennomført ville justert tal vore 61,8 %.

Disposisjonsfond

Disposisjonsfond er kommunen sin frie midlar og den viktigaste bufferen mot at uføresette økonomiske hendingar skal gje direkte effekt på tenestetilbodet med ein gang. Merk at disposisjonsfond også består av avsettingar til framtidig pensjonskostnader med omlag kr 102,5 millionar. Viss me justerer disposisjonsfondet for premieavvik utgjorde det 13,41 % av brutto driftsinntekter ved årsskiftet som er ei auke på 0,74 prosentpoeng frå 2023. Generelt disposisjonsfond, på kr 96,5 millionar, utgjør aleina 9,18 % og er over måtalet.

Totaloversikt økonomi

Beløp i 1000

	Rekneskap i fjor		Opph. bud.	Rekneskap 2024	Avvik i kr
Sum generelle driftsinntekter	-731 899	-752 367		-797 002	25 745
Avskrivningar	34 927	32 500		35 241	-2 741
Motpost avskrivningar	-34 927	-32 500		-35 241	2 741
Netto finansutgifter	4 470	30 170		2 819	21 351
Sum disponeringar eller dekning av netto driftsresultat	45 011	12 867		57 479	-41 403
Til disposisjon	-682 419	-709 330		-736 704	5 694
Finans	-14 911	0		4 574	-4 574
Administrasjon og fellesdrift	52 658	60 368		57 682	2 227
Oppvekst og kultur	256 053	266 283		271 850	-2 132
Helse og omsorg	323 490	325 993		348 923	-5 242
Forvaltning, drift og utvikling	65 129	56 686		53 675	4 027
Sum disponering	682 419	709 330		736 704	-5 694
Meirforbruk +/-mindreforbruk -	0	0		0	0

Driftsrekneskapen viser kommunen sine løpande inntekter og utgifter til drift av kommunen, samt kor mykje som bidrar til å finansiere investeringar. I tillegg kjem bruk av og avsetningar til ulike driftsfond (disponeringar).

I det følgjande er dei vesentlege postane for rekneskapen 2024 presentert, og vesentlege avvik mellom rekneskapen og budsjett 2024 samt vesentlege endringar mellom rekneskapen for 2024 og 2023 er kommentert.

KOSTRA hovudtall

	Vindafjord 2023	Vindafjord 2024	Rogaland	Landet uten Oslo	Kostragruppe 01
Prioritet					
Avsetning til bundne fond (netto) Andel av brutto driftsinntekter (prosent)	-0,2	-0,5	-0,1	-0,2	-0,1
Brutto driftsinntekter i kroner per innbygger (B)	111 260	120 038	106 835	110 930	113 014



Brutto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter (B)	1,5 %	2,8 %	-1,1 %	-0,3 %	-0,6 %
Brutto driftsutgifter i kroner per innbygger (B)	109 611	116 738	107 966	111 303	113 709
Disposisjonsfond i prosent av brutto driftsinntekter (B)	24,2 %	23,4 %	14,6 %	11,6 %	8,3 %
Netto driftsutgifter i kroner per innbygger (B) **)	76 724	80 996	79 074	78 469	77 950
Økonomi					
Avdrag (netto) Andel av brutto driftsinntekter (prosent)	2,9 %	2,8 %	4,0 %	3,9 %	3,9 %
Brutto investeringsutgifter i prosent av brutto driftsinntekter (prosent)	13,0 %	20,6 %	16,9 %	13,8 %	13,2 %
Frie inntekter i kroner per innbygger (B) **)	69 657	71 992	70 146	69 574	68 739
Netto driftresultat i prosent av brutto driftsinntekter (prosent)	5,0 %	5,8 %	1,0 %	-0,1 %	-1,6 %
Netto lånegjeld i kroner per innbygger (B)	60 870	68 373	79 052	102 651	103 279
Netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter	54,7 %	57,0 %	74,0 %	91,0 %	91,4 %

KOSTRA er ei forkorting for kommune-stat-rapportering. Gjennom KOSTRA sender alle norske kommunar inn styringsinformasjon om både rekneskapen sin og det kommunale tenestetilbodet. Gjennom KOSTRA kan kommunen samanlikne seg med landssnittet, fylket og liknande kommunar (KOSTRA-gruppe). Vindafjord kommune ligg i KOSTRA-gruppe 1 som vil seie kommunar med mellom 2 000 og 9 999 innbyggjarar, som har låge bunde kostnader og låge korrigererte inntekter.

Vindafjord kommune ligg relativt godt an på dei økonomiske hovudindikatorane, samanlikna både med kommunegruppa (KOSTRA-gruppe 01) og resten av landet.

Kommunen hadde i 2024 ein god del høgare frie inntekter per innbyggjar enn både KOSTRA-gruppa og landet. 71 992 kr per innbyggjar i Vindafjord, samanlikna med 69 574 kr for landet utgjere rett over 21,8 millionar meir i frie inntekter i Vindafjord enn lands-snittet viss ein legg 9 000 innbyggjarar til grunn. Differansen mot landet er blitt litt redusert samanlikna med 2023 då tilsvarende tal var omlag kr 22,5 mill. Samstundes bukar også kommunen meir pengar per innbyggjar enn landssnittet. Brutto tal viser det same biletet.

Netto driftsresultat på 5,8 % er eit veldig godt resultat, og godt over kommunen sitt måltal på 1,75 %. Samanlikna me andre kommunar er dette og eit veldig godt resultat. Samla fekk kommunesektoren eit mykje svakare resultat i 2024 med -0,1 % mot 1,0 % i 2023, og over halvparten av kommunane gjekk med minus i 2024 KOSTRA-gruppe 01 hamnar på eit negativt netto driftsresultat på 1,6 (0,9 % i 2023). Gjennomsnittresultatet i Rogaland var ein god del svakare enn 2023 (3,7 %), med 1 % som gjennomsnittleg resultat.

Netto lånegjeld i % på 57 % av brutto driftsinntekter ligg også markant under landssnittet på 91 %, og godt under kommunen sitt måltal på 80 %. Omgjort til kroner har kommunen omlag 358 millionar mindre i gjeld enn om kommunen skulle vore på landssnittet. Investeringsnivået i kommunen har over fleire år vore noko lågare i forhold til brutto driftsinntekter enn landet, men dette er snudd i 2024 og kommunen ligg ein god del 6,8-% prosentpoeng over landsgjennomsnittet. Kommunen bruker ein relativt sett lågare del av brutto driftsinntekter til å betene gjeld, der Vindafjord betalte 2,8 % av brutto driftsinntekter lå lands-snittet på omlag 3,9 %.

Kommunen sitt disposisjonsfond i % av brutto driftsinntekter er med 23,4 % nesten tre gonger stort KOSTRA-gruppe 01, og litt over det det doble av landssnittet. Storleiken seier likevel ikkje noko om i kor stor grad midlane er bunde opp i planlagte investeringar og premieavvik.

KOSTRA-tal for dei ulike tenestane kommunen leverer kjem fram under omtale i rammeområda. Merk at alle tal er førebelse tal og endringar vil kunne komme fram til endeleg publisering i juni.



Sentrale inntekter

Beløp i 1000

	Rekneskap 2023	Opph. bud. 2024	Rev.bud. 2024	Rekneskap 2024	Avvik i kr
Frie disponible inntekter					
Rammetilskot	-274 794	-293 996	-293 996	-284 766	-9 230
Inntekt- og formuesskatt	-376 227	-380 001	-380 001	-396 949	16 948
Eigedomsskatt	-37 835	-38 900	-38 900	-39 933	1 033
Andre generelle driftsinntekter	-43 043	-39 470	-58 360	-75 354	16 994
Sum Frie disponible inntekter	-731 899	-752 367	-771 257	-797 002	25 745

Samla var det eit positivt budsjettavvik på kr 25,745 millionar på dei sentrale inntektene til kommunen i 2024. Dei største inntektskjeldene for kommunen var rammetilskot frå staten og inntekts- og formuesskatt frå personlege skattyttarar. På grunn av høgare skatteinngang enn budsjettet fekk kommunen høgare trekk i rammetilskot, så avvika på postane må vurderast samla, Samla var det eit positivt budsjettavvik frå rammetilskot og skatt på omlag kr 7,7 mill. i 2024 som hovudsakleg skuldast ekstra rammetilskot som blei utbetalt på slutten av året. Resten av meirinntekta var i stor grad knytt til høgare mottak av flyktingar som gav meir inn integreringsmidlar frå IMDI på omlag 10,5 millionar og høgare utbetaling frå Havbruksfondet på omlag 6 millionar.

Rammetilskot

Rammetilskotet består av ordinært rammetilskot, skjønstilskot og inntektsutjamninga. Sistnemnde avhenger av kva skatteinngangen til kommunen blir i høve snittet av landet og må vurderast saman.

Kommunen fekk samla 284,766 millionar i rammetilskot mot budsjett på 284,766 millionar, som gav ein mindreinntekt på 9,229 millionar. Avviket skuldast hovudsakleg høgare skatteinngang enn venta og dermed høgare trekk i inntektsutjamninga.

Ordinært rammetilskot enda på 319,263 mill., som gav ei meirinntekt på 6,956 mill. mot budsjett. Avviket skuldast hovudsakleg at kommunen fekk utbetalt 7,299 mill. i ekstra rammetilskot i desember 2024 som følgje av nysalderinga av statsbudsjettet for 2024. Av denne ekstra utbetalinga var 6,951 mill. kompensasjon for nasjonal skattesvikt og høgare prisvekst enn venta, og 338 000 kompensasjon for vaksinasjon av covid-19 hausten 2024.

Kommunen fekk eit trekk rammetilskotet på kr 301 000 etter revidert nasjonalbudsjett (RNB). Frøya kommune hadde større trekk i inntektsutjamninga enn kommunen fekk i rammetilskot og dermed er mogleg å rekne av mot. Ved utgangen av skatteåret 2023 var opparbeida, men ikkje motrekna trekk, i inntektsutjamninga på 186 millionar kroner. Det blei i RNB vedtatt at dette blir rekna av mot alle kommunane gjennom eit likt trekk per innbyggjar i rammetilskotet til alle kommunar i 2024.

Samla oversikt vedtatt endringar gjennom året går fram av figuren nedanfor.

Vedtekne endringar i rammetilskotet gjennom 2024	
Fordeling gjeld	Beløp i 1 000 kr
RNB 2024: Trekk kr 33 per innbyggjar pga avrekning av negativt rammetilskot Frøya kommune	-301
Nysaldert statsbudsjett 2024: Auka realvekst , 4,3 mrd fordelt likt per innbyggjar per 1.7.23	6 961



Nysaldert statsbudsjett 2024: Covid-19 - vaksinasjon av innb. over 65 år og eldre, samt risikogrupper. Kr 191,4 mill. fordelt etter delkostnadsnøkkel helse	338
Sum endringar	6 998

Skjønntilskotet hamna som budsjettert på kr 1 200 000.


Trekket i inntektsutjamninga hamna på 35,696 mill. var 16,185 mill. over justert budsjett og må sjåast i samanheng med høgare skatteinntekt enn budsjettert omtala nedanfor. Til samanlikning var trekket i inntektsutjamninga på 26,802 mill. i 2023, men då var ikkje skatteinntektene like høg i høve landsgjennomsnittet.

Inntekt- og formuesskatt

Samla skatteinntekter i Vindafjord enda på 396,949 millionar, om lag 16,948 millionar over justert budsjett. Skatteinngangen blei om lag 20 millionar høgare enn i 2023, som svarar til ein vekst på 5,5 %.

Det var knytt stor spenning til korleis både den nasjonale og lokale skatteinngangen ville utvikle seg utover året, då forventa skatteinngang for kommunesektoren blei gradvis redusert gjennom året. Faktisk nasjonal skatteinngangen blei 1,4 % (13 mrd.) høgare enn i 2023, men 8,5 mrd. mindre enn anslaget som blei lagt til grunn i Nasjonalbudsjettet for 2024 og revidert nasjonalbudsjett. Nasjonalt anslag blei justert ned med 6 milliardar i tilleggsnummer til statbudsjettet som blei lagt fram i november 2024, men faktisk skatteinngang blei likevel 1,5 mrd lågare enn dette. Nasjonal skuldast dette at veksten i løpande skatteinnbetalingar av forskotstrekk og forskotsskatt blei mindre enn venta og avrekningsoppgjeret på slutten av året for føregåande skatteår blei svakare enn tidlegare år. Resultatet er prega av svakare skattevekst i ein del store kommunar, mellom anna Oslo.

I budsjettet for 2024 var det lagt til grunn samla skatteinngang nasjonalt i tråd med Statsbudsjettet og at Vindafjord skulle hamne på 107,1 % av landet som er omlag gjennomsnittet til kommunen dei siste 10 åra. På same måte som i 2023 var skatteinngangen i 1. tertial svakare enn budsjett og det som har vore vanleg dei sist åra, for så å ta seg noko opp fram til 2. tertial. Ved utgangen av april var skatteinngangen 102 % av landet, altså eit godt stykke under budsjettmålet. Gjennom sommaren og hausten tok skatteinngangen seg opp og ved utgangen av august var den 107,22 % av landet. I høve landet blei det ein uvanleg vekst i november og desember og samla for 2024 enda skatteinngangen på sterke 115,9 % av landet. Dette er det høgaste resultatet sidan 2013 (117,1 %)



Eigedomsskatt

I 2024 hadde kommunen eigedomsskatt på alle eigedommar i heile kommunen. Skattesatsen var 4 promille på hus og hytter og 5,5 promille på næring og andre eigedommar. Samla inntekt frå eigedomsskatt enda på 39,933 millionar, omlag 1 million over budsjett. Inntekter frå eigedomsskatt var omlag 2 millionar høgare enn i 2023. Veksten skuldast hovudsakleg høgare skattegrunnlag på bustadar (formuegrunnlag), men og 0,5 promille høgare sats på næring.

Andre generelle driftsinntekter

Andre generelle driftsinntekter består av tre hovudpostar, integreringstilskot, utbetaling frå Havbruksfondet og rente- og avdragskompensasjon.

Havbruksfondet

Havbruksfondet har frå 2017 fordelt kommunal sektor sin del av inntektene frå vekst i oppdrettsnæringa og inntekter frå avgifta på produksjon av laks, aure og regnbogaure til alle kommunar som har opprett. Inntekta er budsjettmessig utfordrande då inntektene variera frå år til år, og baserer seg på på usikre føresetnader (m.a. auksjonar). Kommunen fekk 2,79 mill. i 2021, 11,337 mill. i 2022 og 4,232 mill. i 2023. Utbetalinga i 2024 blei heile 16,282 millionar, som er det meste kommunen har fått fondet nokon gong og langt over budsjettet som var på 10 millionar. I 2024 bestod utbetalinga av både produksjonsavgift og auksjonsinntekter frå auksjon. Dei samla inntektene frå auksjon i 2024 blei vel 5,3 milliardar og 55 % av desse blei fordelt til kommunane (80 %) og fylkeskommunane (20 %) gjennom fondet.

Integreringstilskot

Kommunen tok i mot 105 flyktningar i 2024 og fekk heile 55,563 millionar i integreringstilskott, nesten 20 millionar meir enn i 2023. Det var opphavleg budsjettert med vel 26,1 millionar i integreringstilskot for 2024, men budsjettet blei justert opp 11,7 millionar i 1. tertialrapport. Endringa svara til budsjettjusteringane på utgiftssida knytt til auka mottak av flyktningar, og ikkje faktisk forventa inntekt. I 2. tertialrapport viste prognosen omlag 50 millionar, og budsjettet blei justert opp til 45 millionar og auken blei budsjettert sett av til fond.



Kommunen får tilskot for heile år uavhengig av kva tid på året busettinga skjer. Det betyr at kommunen normalt har mykje høgare inntekter enn utgifter i år 1, og det vil bli spesielt gjeldande i år med høg busetting. Kommunen hadde totalt 274 busette personar i 5 årsperioden som gir integreringstilskot, der hovudvekta 196 personar (71,5 %) var i dei to første åra. Satsen for år 1 var 194 400 per flyktning i 2024 og kr 249 500 per flyktning i år 2.

Rente- og avdragskompensasjon

Det var budsjettert med 3,36 millionar i rente- og avdragskompensasjon. Faktisk inntekt hamna på 3,508 mill, altså omlag 150 000 over budsjett. Kompensasjonen er omlag kr 400 000 høgare enn 2023 som skuldast noko høgare gjennomsnittsrente i 2024.

Finansinntekter og -utgifter

Beløp i 1000

	Rekneskap 2023	Opph. bud. 2024	Rev.bud. 2024	Rekneskap 2024	Avvik i kr
Finansinntekter/-utgifter					
Renteinntekter	-17 864	-9 738	-12 338	-22 309	9 971
Utbytte	-26 765	-23 500	-26 900	-29 986	3 086
Gevinstar og tap på finansielle omløpsmiddel	-3 475	0	0	-7 365	7 365
Renteutgifter	24 190	33 692	33 692	32 763	929
Avdrag på lån	28 384	29 716	29 716	29 716	0
Sum Finansinntekter/-utgifter	4 470	30 170	24 170	2 819	21 351

Netto finans gav ei positivt budsjettavvik på 21,35 millionar. Avviket skuldast 9,971 millionar i høgare renteinntekter, 7,365 mill. avkastning på verdipapir i marknaden, 3,086 mill. ekstra i utbytte og 0,929 mill. lågare renteutgifter.

Merk at tala og figurane nedanfor ikkje inkluderer renteinntekter og renteutgifter ført direkte i rammeområda. Avviket frå dei overordna rekneskapsoversiktene er høvesvis 143 352 mindre i renteinntekter og 34 509 mindre i renteutgifter. Netto avvik 138 843.

Renteinntekter

Renteinntektene består av bankinnskot, direkteeigde rentebærande verdipapir som vert forvalta på vegner av kommunen etter avtale og ansvarlege utlån. Rekneskapen viser inntekter på 22,3 millionar, nesten 10 millionar over justert budsjett og omlag 4,4 millionar meir enn i 2023. Renter på bankinnskot gav samla omlag 12,5 millionar i inntekter, og renter frå obligasjonar utgjorde omlag 5,4 millionar. Renteinntekter på Startlån utgjorde omlag 2,4 millionar, ansvarleg lån til Haugaland Kraft gav ei renteinntekt på ein 580 000 million, Haugaland Næringspark om lag 1,5 millionar (gjeld både 2023 og 2024) og 62 000 frå utlån til Karlsund Lufthavn Invest.

Dei store avvika mot budsjett skuldast ei konservativ budsjettering. Kommunen hadde mykje betre likviditet og høgare rente enn budsjettert, og resultatutviklinga gjennom året blei mykje betre enn venta. I budsjettet var det lagt til grunn ein gjennomsnittleg saldo på 60 millionar, i tillegg til renteobligasjonar i verdipapirmarknaden. Den faktiske saldoen var mykje høgare gjennom heile året, der den varierte mellom 89 og 300 millionar, med eit gjennomsnitt på rundt 200 millionar. Dette skuldast mellom anna eit betre resultat enn venta i 2023 og at årets låneopptak blei tatt opp tidleg på året. Noko etterslep på kommunen sine investeringar er og med på å dra opp likviditeten. Renta på bankinnskot har vore relativt stabil gjennom året og enda ut med omlag 5 % ved utgangen av 2024. Budsjettert rente var på 4,65 % heile året. Det var budsjettert med ei avkastning på høvesvis 4,85 % på renteobligasjonar og 6,25 % på eigenkapitalbevis, og ein samla budsjettert inntekt på 5,6 millionar. Faktisk tal blei 5,85 % på obligasjonar og 29,64 %, Spesielt for eigenkapitalbevis er det vanskelegare å



prognosere, og resultat kan svinge veldig. Til dømes var kommunen si avkastning på egenkapitalbevis 40,7 % i 2021 til negativ avkastning på 8,39 % i 2022. I 2023 var den 15,73 %.

Utbytte

Vindafjord kommune fekk 29,985 millionar i utbytte i 2023, omlag 3,25 millionar meir enn i 2023.

Budsjettet for 2024 var opphavleg på 23,5 millionar, men blei justert opp med 3,4 millionar i 1. tertialrapport på bakgrunn av høgare utbytte frå Haugaland Kraft AS enn venta. Faktisk utbetalt utbytte i 2024 hittil blei slik:

- Haugaland Kraft AS: 26,752 mill.
- Skånemark Ølen Kraftlag AS (SØK): 0,792 mill.
- Samla utbytte frå kommunen sine egenkapitalbevis i norske sparebankar med 2,441 millionar.

Utbytte frå egenkapitalbevis i verdipapirmarknaden er budsjetttert under renteinntekter.

Gevinstar og tap på finansielle omløpsmiddel

I 2024 blei det ein høg avkastning på kommunen sine verdipapir i tråd med ein generell positiv utvikling i finansmarknaden og høgare renter på obligasjonar. Det blei samla bokført 7,365 mill. i papirgevinst. Det var spesielt egenkapitalbevisa i norske sparebankar som dro resultatet opp. I 2023 blei det til samanlikning bokført ein gevinst på 3,475 millionar.

Renteutgifter

Det var samla budsjetttert med 33,692 millionar i renteutgifter. Rekneskapen viste samla renteutgifter på 32,763 millionar som var 0,928 millionar lågare enn budsjett. Til samanlikning var renteutgiftene 24,190 mill. i 2023.

Dei siste åra har kommunen hatt ein kortsiktig strategi (korte lån utan lange rentebindingar), og på grunn av dette nytt godt av låge renter. Ulempa med denne strategien er renteutgiftene stig kjapt viss rentenivået auke. Renta steig mykje gjennom 2022 og 2023 og stabiliserte seg på eit høgare nivå enn det som har vore vanleg dei siste 10-15 åra i løpet av 2024. Dette har gitt mykje høgare renteutgifter over kort tid.

Kommunen hadde ved inngangen til 2024 to langsiktige fastrentelån på kr 213 mill. som det var tatt høgde for i budsjettet. I budsjett var det tatt høgde for 5,35 % rente på alle lån utanom rentebindingar. I løpet av året blei det gjort tre rentebindingar under budsjettrente i porteføljen på i underkant av 270 millionar kroner, der omlag 60 % var fastrente i 1 år med ei rente på høvesvis 5,015 % og 4,472 % og resten fast i fem år til rente på 4,652 %. Vekta snitt-rente i heile porteføljen auka frå 4,09 % ved starten av året til 4,33 % ved utgangen av året.

Avdrag på lån

Kommunen betalte 29,716 millionar i avdrag på sine lån til investeringar i 2024 i tråd med budsjett. Kommunen betalar framleis ein god del meir enn berekna minimumsavdrag.

Det blei betalt omlag 3,77 mill. i avdrag på lån gjennom året og resten blei betalt på eit lån mot slutten av året.

Avsettingar og årsoppgjersdisposisjonar - til disposisjon for tenesteområda



Beløp i 1000

	Rekneskap 2023	Opph. bud. 2024	Rev.bud. 2024	Rekneskap 2024	Avvik i kr
Avsetnader og bruk av avsetnader					
Overføring til investering	10 726	40 712	40 712	40 752	-39
Avsetningar til bundne driftsfond	60	0	929	1 672	-744
Avsetningar til disposisjonsfond	49 518	8 567	14 757	29 308	-14 551
Bruk av disposisjonsfond	-15 293	-36 412	-40 321	-14 252	-26 069
Netto avsetnader	45 011	12 867	16 077	57 479	-41 403

Disponeringar vert i all hovudsak ført på slutten av året i tråd med budsjettet. I tillegg vert det gjort ein nokre ikkje-budsjetterte føringar i tråd med kommunen sitt økonomireglement.

Merk at oversikten over berre viser sentrale fondsføringar og ikkje eventuelle føringar som er gjort i rammeområda (bruk og avsetting til bunde fond).

Overføring til investering

Det var budsjettert med overføring til investering med totalt 40,712 mill. Av dette gjeld 1 900 000 finansiering eigenkapitaltilskot i KLP og resten finansiering av investeringar i anleggsmidlar. Faktisk overført er 38,812 mill. til finansiering av investeringar og 1,939 mill. til eigenkapitaltilskot til KLP som gir eit avvik mot budsjett på 39 000. Det er i tillegg ført 0,577 mill. i rammeområda.

Avsetningar til bundne driftsfond

Gjeld avsetningar av renteinntekter til fond for forskotering av spelemidlar. Kr 928 795 gjeld tilbakeførte renter for 2022 og 2023 i tråd med K-054-24 og 675 596 gjeld avsetting av renter for 2024. Resten gjeld avsetting av renter på nokre bunde gåvefond.

Avsetningar til disposisjonsfond

Samla avsetting til disposisjonsfond var 29,507 millionar (inkludert 0,199 mill. sett av i rammeområde FDU) mot eit justert budsjett på 14,631 mill. Det er i tråd med justert budsjett sett av 6,19 mill. til fond integrering (vedtak i 2. tertialrapport 2024) og udisponert resultat med 8,567 mill. (opphavleg budsjett).

Det er i tillegg sett av 14,750 mill. meir enn justert budsjett. Det skuldast at det er gjort følgjande ikkje budsjetterte avsetningar etter delegert fullmakt:

- 10,560 mill. til fond flyktningar som er meirinntekter integreringstilskot
- 1,550 mill. som gjeld delvis mindreforbruk i to av rammeområda
- 1,389 mill. til disposisjonsfond for framtidige pensjonsforpliktingar som gjeld årets premieavvik (SPK)
- 1,052 mill. til finansielt bufferfond i tråd med finansreglement
- 199 199 som gjeld parkeringsinntekter Fjellstøl

Bruk av disposisjonsfond

Bruk av disposisjonsfond viser 14,631 mill. (inkludert 0,378 mill. ført i rammeområde FDU) mot eit justert budsjett på 40,321 mill. Hovudgrunnen til det store avviket er at det i samband med årsslutningar er gjennomført strykningar på 31,572 mill.

Det er i tillegg til opphavleg budsjettert bruk av disposisjonsfond, 36,312 mill. til finansiering av overføring til investering frå generelt disposisjonsfond og 100 000 frå fond integrering, gjennomført fylgjande disponeringar som følgja av politiske vedtak (justert budsjett):



- 1,2 mill. til Ølen kyrkje i samband med 150-årsjubileet (K-044/23)
- 0,880 mill. til Knapphus 2 (F-108-23)
- 0,929 mill. til avsetning av renter til fond spelemidler (K-054/24)
- 0,900 mill. til gjennomføring av Kongebesøket (F-023/24)

Det er i tillegg gjort følgjande ikkje-budsjetterte bruk av disposisjonsfond etter delegert fullmakt:

- 5,503 mill. frå fond pensjon til å dekke netto premieavvik frå KLP
- 0,230 mill. frå disposisjonsfond for rammeområde administrasjon og fellesdrift
- 0,148 mill. frå fond uteområde skule og barnehage til Vågen bygdaserter

Utvikling i netto driftsresultat

Beløp i 1000

	Rekneskap i fjor	Opph. bud.	Rev. bud.	Rekneskap
Bruk av avsetninger				
Bruk av bundne driftsfond	-4 788	-756	-838	-2 775
Bruk av disposisjonsfond	-15 604	-36 412	-40 321	-14 631
Sum bruk av avsetnader	-20 392	-37 168	-41 159	-17 406
Avsetninger				
Overføring til investering	11 387	40 712	40 712	41 329
Avsetninger til bundne driftsfond	6 216	891	2 206	7 973
Avsetninger til disposisjonsfond	49 720	8 567	14 757	29 507
Sum avsetnader	67 324	50 170	57 675	78 809
Netto driftsresultat	-46 932	-13 002	-16 516	-61 403
Sum driftsinntekter	-962 834	-946 060	-969 853	-1 051 123
Netto driftsresultat i prosent av driftsinntekter	4,9 %	1,4 %	1,7 %	5,8 %

Driftsresultat inkl. avsetning/bruk av fond

Beløp i 1000

	Rekneskap i fjor	Rekneskap	Opph. bud.	Rev. bud.
Sum generelle driftsinntekter				
Rammetilskot	-274 794	-284 766	-293 996	-293 996
Inntekt- og formuesskatt	-376 227	-396 949	-380 001	-380 001
Eigedomsskatt	-37 835	-39 933	-38 900	-38 900
Andre generelle driftsinntekter	-43 043	-75 354	-39 470	-58 360
Sum Sum generelle driftsinntekter	-731 899	-797 002	-752 367	-771 257
Netto finansutgifter				
Renteinntekter	-17 960	-22 452	-9 817	-12 417
Utbytte	-26 765	-29 986	-23 500	-26 900
Gevinstar og tap på finansielle omløpsmiddel	-3 475	-7 365	0	0
Renteutgifter	24 220	32 768	33 693	33 693
Avdrag på lån	28 384	29 716	29 716	29 716
Sum Netto finansutgifter	4 404	2 680	30 092	24 092
Sum sentrale inntekter og finansposter	-727 495	-794 322	-722 275	-747 165
Tenesteområda - drift	680 563	732 919	709 273	730 649



Årsmelding 2024

	Rekneskap i fjor	Rekneskap	Opph. bud.	Rev. bud.
Netto driftsresultat	-46 932	-61 403	-13 002	-16 516
Sum driftsinntekter	-962 834	-1 051 123	-946 060	-969 853
Driftsresultat i prosent av driftsinntekter	4,9 %	5,8 %	1,4 %	1,7 %

Beløp i 1000

	Rekneskap i fjor	Rekneskap	Opph. bud.	Rev. bud.
Avsettingar til bundne driftsfond	6 216	7 973	891	2 206
Avsettingar til disposisjonsfond	49 720	29 507	8 567	14 757
Bruk av bundne driftsfond	0	0	0	0
Bruk av disposisjonsfond	-15 293	-14 252	-36 412	-40 321
Dekning av tidlegare års meirforbruk i driftsrekneskapen	0	0	0	0
Overføring til investering	10 726	40 752	40 712	40 712
Avsetninger til bundne driftsfond	-6 157	-6 300	-891	-1 277
Avsetninger til disposisjonsfond	-202	-199	0	0
Netto avsetninger - sentrale poster	45 011	57 479	12 867	16 077
Avsetninger til bundne driftsfond	6 157	6 300	891	1 277
Avsetninger til disposisjonsfond	202	199	0	0
Bruk av bundne driftsfond	-4 788	-2 775	-756	-838
Bruk av disposisjonsfond	-311	-378	0	0
Overføring til investering	661	577	0	0
Netto avsetninger i tenesteområda	1 921	3 924	135	439
Sum sentrale inntekter og finansposter	46 932	61 403	13 002	16 516

Totaloversikt drift - fordelt på rammeområde

Beløp i 1000

Rammeområde	Opph. budsjett 2024	Budsjett 2024	Rekneskap 2024			Avvik i kr
			Utgift	Inntekt	Rekneskap	
Finans	0	0	4 585	-11	4 574	-4 574
Administrasjon og fellesdrift	60 368	59 909	63 731	-6 049	57 682	2 227
Oppvekst og kultur	266 283	269 719	318 685	-46 835	271 850	-2 132
Helse og omsorg	325 993	343 681	473 701	-124 778	348 923	-5 242
Forvaltning, drift og utvikling	56 686	57 702	133 420	-79 745	53 675	4 027
Totalsum	709 330	731 010	994 121	-257 417	736 704	-5 694

Balansen

Balansen viser kommunen sine eigendelar, gjeld og eigenkapital. Kommunen sine eigendelar 266,6 millionar frå 2023 til 2024. Av auken gjeld hovuddelen, 265,1 millionar, vekt i anleggsmiddel. Omløpsmidlane er omlag uendra med ein liten vekt på 1,5 millionar til 554 millionar. Eigenkapital er auka med kr 113,5 mill. og den langsiktige gjelda er auka med 158,5 millionar frå 2023.

Samla sett er kommunen sin likviditet styrka noko frå 2023 og er god. Arbeidskapitalen ekskludert premieavvik er styrka noko i kroner, men litt redusert i prosent av brutto driftsinntekter.

Likviditetsgraden er noko styrka og kommunen sine disposisjonsfond er auka med vel 15 millionar.



Årsmelding 2024

Oversikt - balanse	2020	2021	2022	2023	2024
EIGENDELAR					
A. Anleggsmiddel	1 995 199 368	1 979 776 604	2 120 431 845	2 274 066 294	2 539 169 987
I. Varige driftsmidler	991 368 408	988 864 767	1 050 386 252	1 109 800 562	1 289 733 503
1. Faste eiendommer og anlegg	981 253 834	983 467 063	1 042 174 885	1 098 176 555	1 275 153 777
2. Utstyr, maskinar og transportmiddel	10 114 575	5 397 704	8 211 368	11 624 007	14 579 726
II. Finansielle anleggsmiddel	101 276 089	112 006 302	122 560 802	141 837 590	159 138 053
1. Aksjar og partar	61 410 849	63 060 190	64 732 982	65 343 046	75 382 303
2. Obligasjonar	-	-	-	-	-
3. Utlån	39 865 240	48 946 112	57 827 820	76 494 544	83 755 750
III. Immaterielle eigedelar	-	-	-	-	-
IV. Pensjonsmiddel	902 554 870	878 905 535	947 484 791	1 022 428 143	1 090 298 432
B. Omløpsmiddel	359 589 630	434 808 289	474 496 684	552 567 734	554 111 000
I. Bankinnskott og kontantar	163 896 588	178 453 981	227 066 719	207 159 680	234 073 267
II. Finansielle omløpsmiddel	104 367 702	118 656 362	114 134 744	124 061 844	136 215 940
1. Aksjar og partar	-	-	-	-	-
2. Obligasjonar	104 367 702	118 656 362	114 134 744	124 061 844	136 215 940
3. Sertifikat	-	-	-	-	-
4. Derivat	-	-	-	-	-
III. Kortsiktige fordringar	91 325 340	137 697 947	133 295 222	221 346 209	183 821 793
1. Kundeordringar	48 493 702	78 924 569	65 034 863	107 250 079	74 717 443
2. Andre kortsiktige fordringar	-	-	1 165 000	1 455 000	577 000
3. Premieavvik	42 831 638	58 773 378	67 095 358	112 641 130	108 527 351
Sum eigedelar	2 354 788 998	2 414 584 894	2 594 928 530	2 826 634 028	3 093 280 988
EIGENKAPITAL OG GJELD					
C. Eigenkapital	791 700 675	806 844 000	871 233 169	980 650 213	1 094 112 749



Årsmelding 2024

I. Eigenkapital drift	197 791 193	189 338 017	239 863 967	275 408 691	295 482 779
1. Disposisjonsfond	149 895 910	147 621 399	200 489 650	234 606 006	249 482 275
2. Bundne driftsfond	47 895 283	41 716 618	39 374 317	40 802 684	46 000 504
3. Meirforbruk i driftsrekneskapen	-	-	-	-	-
4. Mindreforbruk i driftsrekneskapen	-	-			
II. Eigenkapital investering	31 944 898	28 227 874	41 784 369	41 219 383	25 378 056
1. Ubunde investeringsfond	21 187 775	27 649 823	38 578 141	38 578 141	20 646 141
2. Bundne investeringsfond	10 757 123	578 052	3 206 229	2 641 242	4 731 916
3. Udekka beløp i investeringsregnskapen	-	-	-	-	-
III. Anna eigenkapital	561 964 585	589 278 109	589 584 833	664 022 140	773 251 914
1. Kapitalkonto	553 862 585	581 176 109	581 482 833	655 920 140	765 149 914
2. Prinsippendringar som påverkar arbeidskapitalen drift	-	-	-	-	-
3. Prinsippendringar som påverkar arbeidskapitalen investering	8 102 000	8 102 000	8 102 000	8 102 000	8 102 000
D. Langsiktig gjeld	1 460 925 154	1 482 544 867	1 591 095 546	1 667 900 573	1 826 275 378
I. Lån	554 645 536	602 607 549	634 481 656	658 632 356	733 780 622
1. Gjeld til kredittinstitusjonar	487 640 536	310 732 549	324 106 656	377 700 356	364 831 197
2. Obligasjonslån	-	96 500 000	96 500 000	100 875 000	197 375 000
3. Sertifikatlån	67 005 000	195 375 000	213 875 000	180 057 000	171 574 425
II. Pensjonsforplikting	906 279 618	879 937 318	956 613 890	1 009 268 217	1 092 494 756
E. Kortsiktig gjeld	102 163 168	125 196 026	132 599 814	178 083 243	172 892 860
I. Kortsiktig gjeld	102 163 168	125 196 026	132 599 814	178 083 243	172 892 860
1. Leverandørgjeld	-	33 800 028	30 696 356	56 302 913	38 310 290
2. Likviditetslån	-	-	-		
3. Derivat	-	-	-		
4. Anna kortsiktig gjeld	102 163 168	91 395 999	101 903 458	121 780 329	134 582 571
5. Premieavvik	-	-	-		-



Sum egenkapital og gjeld	2 354 788 998	2 414 584 894	2 594 928 530	2 826 634 028	3 093 280 988
F. Memoriakonti	33 637 647	97 933 891	68 025 993	69 227 576	56 763 405
I. Ubrukte lånemiddel	27 702 589	92 058 590	60 260 752	57 868 636	52 255 304
II. Andre memoriakonti	5 935 058	5 875 301	7 765 241	11 358 940	4 508 101
III. Motkonto for memoriakontiene	- 33 637 647	- 97 933 891	- 68 025 993	- 69 227 576	- 56 763 405


Meir detaljar rundt balansen ligg i årsrekneskapen for 2024, men i det vidare er det omtala nokre nøkkeltal for å vurdere kommunen si økonomiske stilling per 31.12.24.

Arbeidskapital

Arbeidskapitalen er eit mål på kommunen si likvide stilling, og gir eit uttrykk for kommunen sin evne til betale sine betalingsforpliktingar etter kvart som disse forfell. Arbeidskapitalen er omlaupsmidlar minus kortsiktig gjeld. Utviklinga skapast av frigjorte midlar, med frådrag for dei som brukast til investeringar.

I 2024 blei arbeidskapitalen styrka frå 374,488 millionar til 381,218 millionar. Korrigerert for premieavvik er arbeidskapitalen 272,691 millionar, ein auke på omlag 10,8 millionar frå 2023. I prosent av brutto driftsinntekter er arbeidskapitalen ekskludert premieavvik svekka frå 27,2 % til 25,94 % Til samanlikning var samla driftsutgifter per måned i 2024 gjennomsnittleg på kr 85,2 millionar.

Utvikling i arbeidskapital



Likviditetsgrad

Likviditetsgraden gir eit uttrykk for kommunen si evne til å dekke sine kortsiktige forpliktingar, og er forholdet mellom omlaupsmidlar og kortsiktig gjeld.


Likviditetsgrad 1 består av alle omlaupsmidlar sett i høve til kortsiktig gjeld. Omlaupsmidlar bør vere delvis finansiert av langsiktig kapital, og bør difor vere større enn den kortsiktige gjelda. Forholdstalet på



god likviditet er sett til 2. Per 31.12.24 var likviditetsgrad 1 til kommunen 3,20, som er ein liten auka samanlikna med 2023.


Likviditetsgrad 2 består av dei mest likvide omlaupsmidlane (bank og obligasjonar) sett i høve til kortsiktig gjeld. Dei mest likvide omlaupsmidlane bør vere minst like store som kortsiktig gjeld, altså eit forholdstal på 1. Per 31.12.24 var likviditetsgrad 2 til kommunen 2,14, som er ein auke på 0,28 frå 2023. Bakgrunnen for dette er at ein omlag er at bankinnskott og finansielle omlaupsmidlar er styrka med omlag 38 millionar. I tillegg er kundefordringar redusert meir enn vanleg, som i stor grad skuldast at kommunen hadde uteståande eit stort forsikringsoppgjer knytt til Vindafjord-hallen per 31.12.23. Samla sett er likviditeten til Vindafjord kommune noko styrka i 2024.

Utvikling likviditetsgrad



Fondsmidler

Dei kommunale fonda er delt inn i disposisjonsfond, bundne driftsfond, ubundne investeringsfond og bundne investeringsfond. Bundne drifts- og investeringsfond er midlar som er avsett til bestemte formål i samsvar med lov, forskrift, rekneskapsprinsipp eller eksterne vilkår (døme arv eller gåve til særskilte formål). Under desse kjem unytta øyremerka midlar som må betalast attende dersom dei ikkje vert nytta i samsvar med føresetnaden. Ubundne investeringsfond gjeld midlar som må settast av til og nyttast i investeringsrekneskapen, og kor kommunen sjølv kan velje til kva formål. Disposisjonsfond (ubunde driftsfond) vil sei avsette midlar som ikkje er øyremerka for bestemte formål.



I 2024 blei disposisjonsfonda samla styrka med nesten 15 millionar. Auken skuldast at fond integreringstenesta har auka med 16,65 millionar på grunn av høgare integreringstilskot enn utgifter. Generelt disposisjonsfond blei redusert med 83 000 og pensjonsfondet som skal dekke framtidige premieavvik er redusert med omlag 4,1 millionar. I samband med årsavsluttinga blei bruk av disposisjonsfond samla redusert med kr 31,571 millionar, der om alt gjaldt budsjettert bruk av generelt disposisjonsfond til eigenfinansiering av investeringar.

Type disposisjonsfond	IB 1.1	Endring	UB 31.12
Pensjonsfond (premieavvik)	106 568 236	-4 113 779	102 454 457
Generelt disposisjonsfond	96 603 724	-82 798	96 520 926
Buffer finansielle tap på langsiktige plasseringar	8 059 705	1 051 844	9 111 549
Fjellstøl parkeringsinntekter	1 033 213	199 199	1 232 412
Integreringstenesta	13 355 956	16 650 000	30 005 956
Uteområde skule og barnehage	1 500 000	-148 000	1 352 000
Delegert avsetting rammeområda	3 176 514	1 319 803	4 496 317
Andre fond	4 308 657	-	4 308 657
Sum	234 606 006	14 876 269	249 482 275

Bunde fond er auka med 5,2 millionar. Det er relativt små endringar på dei bunde fonda. Den største endringane er fond forskotering spelemidlar som er styrka med 1,25 millionar, fond kloakk (sjølvkost)



med 0,86 mill., fond kalking med 0,842 mill. og fond byggjesak med 0,68 mill. For meir detaljer vert det vist til eigen note.

Ubunde investeringsfond er redusert med 17,9 millionar som har gått til å finansierer investeringar. Bunde investeringsfond er auka med 2,1 millionar. 1,7 millionar gjeld tilskot til Sjøperlo frå VAF og resten gjeld ubrukte startslånsmidlar på grunn av det er motteke meir i avdrag enn kommunen sjølv har betalt sjølv.

Gjelds- og finansforvaltning

Finans- og gjeldsforvaltninga til kommunen har som overordna formål å sikre ei god avkastning, samt stabile og låge netto finansieringskostnader for kommunen sine aktivitetar innanfor definerte risikorammer. Kommunestyret sett sjølv ramane for forvaltninga gjennom kommunen sitt finans- og gjeldsreglement, som sist blei vedtatt i 2021. Kommunedirektøren rapporterer status per 1. og 2. tertial, og ved utgangen av året i årsmeldinga.

Gjeldsforvaltning

Per 31. desember 2024 var samla låneportefølje på omlag 733,8 millionar, av dette var 71,2 mill. (9,7 %) lån frå Husbanken til vidare utlån (Startlån). Av dei ordinære låna var noko over halvparten (55,7 % / 368,9 mill.) lån i verdipapirmarknaden, resten lån i Kommunalbanken og KLP. Netto auke i lånegjeld i 2024 var 75,148 mill. Omlag 22 % av denne auken var auke i Startlån for vidare utlån. Samla brutto renteutgifter blei 32,8 mill. mot justert budsjett på 33,7 mill. Auken i renteutgifter frå 2023 var på vel 8,547 millionar.

Nøkkeltall	31.12.2022	31.12.2023	31.12.2024
Total lånegjeld	kr 634 481 656	kr 658 632 356	kr 733 780 622
<i>av dette Startlån</i>	<i>kr 44 839 656</i>	<i>kr 54 321 686</i>	<i>kr 71 168 527</i>
Rentebindingstid	0,72 år	1,05 år	1,25 år
Vekta gjennomsnittsrente	2,95 %	4,09 %	4,33 %
Kapitalbinding	2,02 år	4,08 år	6,90 år
Rentebinding under 1 år	84,24 %	67,95 %	58,59 %
Kapitalbinding under 1 år	43,58 %	44,38 %	37,13 %
Rentesensitivitet (ved 1 %-poeng auke)	kr 5 344 817	kr 4 475 157	kr 4 299 306

Kommunen har dei siste åra nytt godt av låge rentenivå. Delen lån som har rentebinding under 1 år (fast rente) var rett under 60 %, som er ein reduksjon på nesten 10 prosentpoeng frå 2023. Det er ført ein aktiv gjeldsstrategi med relativt kort tidshorisont på låna og hyppige refinansieringar for å oppnå mest mogleg gunstige rentevilkår i marknaden. Kort eller flytande rente er som regel mest lønnsam over tid, og det har ikkje vore vurdert som fornuftig å betale meir for ei rentesikring. Ved slutten av året hadde 37 % av låna forfall det kommande året. Dette er noko lågare enn 2023. Dette medfører ein refinansieringsrisiko, men det blir vurdert til å vere handterbart. Kapitalbindingstida var 6,90 år ved



slutten av året, ein auke på 2,8 år frå året før. Indikatoren viser kor lang tid det i snitt tar før renter, avdrag og hovudstol er nedbetalt eller komme til forfall.

Rentenivået har vore relativt stabilt gjennom året, der styringsrenta frå Noregs bank har vore 4,5 % heile året. Flytande p.t.-rente i Kommunalbanken var 5,5 % gjennom nesten heile året, men blei redusert ned til 5,35 % rett før slutten av året. Indikativ lånerente for kommunane låg på omlag 4,91 % for lån med rentebinding i 3 månadar og på 4,16 % for rentebinding i 3 år ved inngangen av året. Tilsvarende tal mot slutten av året Lån med 3 års bindingstid hadde ei indikativ lånerente på vel 4,63 %, og indikativ lånerente for lån med rentebinding i 3 mnd. låg rett under 4,83 %. Det er no forventa at rentetoppen er nådd og at rentene vil komme sakte nedover, men det vil avhenge av korleis inflasjonen og kronekursen utviklar seg. Ein reduksjon av renta er venta tidligast våren 2025.

Rente-sensitiviteten ved ei auke på 1 %-poeng var vel 4,3 millionar ved utgangen av 2024, som er ein liten reduksjon frå same tid året før. Renteutgifter er ikkje del av inntektssystemet, og må difor dekkast innanfor kommunen sine samla rammer. Samstundes vil ein del av renteauka bli dekkja inn gjennom auka gebyr og høgare renteinntekter. Endringane i rentemarknaden dei to-tre sist åra har vist at kommunen må kunne handtere ein auke på minimum 2 %-poeng på kort tid.

Forvaltning av aktiva

Kommunen har plassert likviditet i bank, eigenkapitalbevis og sertifikat/obligasjonar. Samla marknadsverdi ved utgangen av året for plasseringane var kr 99,8 mill. i obligasjonar og kr 36,5 mill. i eigenkapitalbevis i norske sparebankar. Samla avkastning var om lag 11,35 % justert for forvaltningskostnader. Til samanlikning var avkastninga i 2023 omlag 8 % og kommunen sin rente på bankinnskott låg relativt jamnt på omlag 5 % gjennom heile 2024.

Aktivaklasse	Kostpris	Marknadsverdi	Sum	i %	Benchmark*
Obligasjonar	98 054 756	99 769 743	6 061 846	5,70 %	2,08 %
Eigenkapitalbevis	22 673 144	36 446 197	9 440 201	28,61 %	31,73 %
Sum	120 727 900	136 215 940	15 502 047	11,35 %	9,49 %

*Benchmark for obligasjonar er NBP Norwegian Government Duration 3 Index NOK (ST4X/NOGOVD3) og for eigenkapitalbevis Oslo Børs Equity Certificate Index (OSEEX).

I løpet av 2024 reforhandla kommunen avtalen med forvaltarane og gjekk frå to til ein forvaltarar

Stresstest

Kommunen sin plasseringar i marknaden har ein tapsrisiko. Tapsrisikoen er uttrykt gjennom ein stress-test som viser potensielt økonomisk tap ved eit brått renteskift i marknaden på minus 2 % og ein fall i aksjemarknaden på 25 %. Stresstesten for kommunen sine plasseringar viser eit samla potensielt tap på 9,487 millionar, som svarar til -6,42 %. Kommunen har eit finansielt bufferfond som skal kunne handtere eit slik fall. Verdien av fondet var 9,1 millionar ved årets slutt.



Aktivaklasse	Kostpris i kr	Marknadsverdi i kr	Endringsparameter	Endring i kr	Resultat i %
Bank/likviditet/sertifikat	11 616 125	11 616 125	0 %	0	0
Obligasjonar	98 054 756	99 769 743	- 2 % renteskift	- 375 516	-0,25 %
Eigenkapitalbevis	22 673 144	36 446 197	-25 % korreksjon	- 9 111 549	-6,16 %
Samla	132 344 025	147 832 065		- 9 487 066	-6,42 %

Avvik

Per 31.12.24 var det ingen avvik i gjelds- og finansforvaltninga.



Personal og organisasjon

Organisasjon og medarbeidarar

Kommunen leverer tenester "frå vogge til grav" til innbyggjarane i Vindafjord, og har i underkant av 1100 medarbeidarar fordelt på omlag 680 årsverk.


Organisasjonen

Kommunen er organisert i sektorar, med kvar sin kommunalsjef for oppvekst, helse/omsorg og samfunnsutvikling. Kommunedirektøren si leiargruppe består i tillegg av kommunalsjef økonomi og kommunalsjef personal og organisasjon. Kommuneorganisasjonen har 23 (22 frå hausten 2024) resultateiningar og 3 stabseiningar. Dei fleste resultat einingane er innafor oppvekst, ni av dei er skular. Fem av skulane er oppvekstsentre, med barnehagar integrert. I tillegg er det to "reine" barnehagar kor ein av desse blei lagt ned frå hausten 2024. Det er tre stabsavdelingar: Økonomi, HR og lønn, kommunikasjon og service.

Tenestekontoret er ei stabsavdeling innan helse og omsorg, ein sektor med seks resultateiningar. Området for samfunnsutvikling består av kommunalteknisk, areal og forvaltning, reinhald samt kulturdelen av eininga Kultur og læring.

Vindafjord er vertskommune for fleire interkommunale samarbeid med nabokommunen Etne, for barnevern, familie-team, legevakt, NAV og PPT. Etne kommune er vertskommune for felles IKT, men begge kommunane har i 2024 vedtatt å bli eigarkommune i IKT-samarbeidet IKTNH, eit kommunalt oppgåvefellesskap som har ansvar for IKT-drifta i 12 kommunar i Vestland fylke. Ein del kommunale tenester er allereie organisert i interkommunale selskap, slik som brann og redning, renovasjon, kontrollutvalssekretariat og revisjon.

Organisasjonen Vindafjord kommune er fleksibel, og det vert stadig vurdert betre måtar å organisera kommuneorganisasjonen på, til beste for tenestene. I 2024 vart et gjort endringar innanfor oppvekstsektoren si organisering. Vats barnehage blei lagt ned frå hausten 2024. Oppvekstsentra Sandeid oppvekstsenter og Imsland oppvekstsenter fekk felles einingsleiar, det same gjaldt Vågen oppvekstsenter og Bjoa oppvekstsenter. Kommunestyret gjorde og vedtak om å legge ned Imsland oppvekstsenter og Bjoa skule frå hausten 2025.



For å vera ein omstillingsdyktig og serviceinnstilt organisasjon til det beste for innbyggjarane, er det viktig med tilsette som er villige til kontinuerleg forbetring, som samarbeider på tvers av interne skiljelinjer, og som er ein del av ein godt styrt og økonomisk solid organisasjon.

Heiltid

Heiltidarbeidet starta i samband med KS sitt prosjekt "Nytt Blikk" i 2018. I 2022 fekk me mykje sterkare moment i dette arbeidet, gjennom pleie og omsorg si deltaking i TØRN. TØRN har vore orientert om både i kontaktmøte og i ADMU. Heiltidsjobbing elles har i stor grad gått over i drift, og einingane det gjeld har fokus på heiltid i sitt daglege virke. Målet om å auka heiltidsandelen og gjennomsnittleg stillingsstorleik er oppnådd. Heiltidsandelen er auka frå 27,4 % i 2015 til 54,3 % i 2024. Gjennomsnittleg stillingsstorleik er auka frå 67,2 % i 2015 til 81 % i 2023 (talet for 2024 er ikkje klart endå). Dette er kulturarbeid, og vil ta tid å endra. Det er likevel gjort betydeleg framgang dei siste åra. Heiltidsarbeidet er svært viktig for kommunen som arbeidsgjevar då auka grad av heiltid vil ha positive konsekvensar både på arbeidsmiljø og tilsette sin trivsel, kontinuitet i tenesta og brukarane sin trivsel, samt leiarane sin kapasitet til å følgja opp sine tilsette.

Tillitsvalde og verneapparat

Samarbeidet mellom kommunedirektør og hovudtillitsvalde, inkludert hovudverneombod, vert opplevd som godt. Det er halde jamlege møte også i 2024. Kommunedirektøren har kontaktmøte med hovudtillitsvalde omtrent kvar månad, kor heile kommunedirektøren si leiargruppe plar vera tilstades. Dette kjem i tillegg til ei rekke andre drøftingsmøte for eksempel i samband med omorgansieringar, budsjett, overtal og anna.

Arbeidsmiljøutvalet (AMU) og administrasjonsutvalet (ADMU)

I 2024 vart det halde fire ordinære AMU-møter, samt et ekstraordinært møte. Det vart halde fire ordinære ADMU-møter.

Hovudoppgjeret 2024

Hovudtariffavtalen inngås for to år i hovudoppgjeret. I mellomoppgjeret midt i perioden skal det berre forhandlast om å regulere lønn, ikkje om lønnssystem eller andre deler av avtalen. I 2024 var det eit



hovudoppgjer, kor det vart framforhandla ein ny hovudtariffavtale. Det vart gjennomført lokale lønsforhandlingar i kap. 4 i 2024.

Medarbeidarundersøking

Våren 2024 blei det gjennomført medarbeidarundersøking for alle tilsette i Vindafjord kommune. Undersøkinga som kommunen nyttar heiter 10-faktor, og er ei anerkjend undersøking som KS har vore med på å utvikla. 75 % av våre tilsette deltok i undersøkinga. Resultata blei presentert både for leiarforum, i kontaktmøtet, for AMU og ADMU. Einingane har vidare jobba med undersøkinga på den måten som einingsleiar har vurdert er mest føremålstenleg. I nokon tilfelle har også dette arbeidet blitt inkludert i anna utviklingsarbeid.

Sjukefråvær

Fråvær	Korttid	Langtid	Samla fråvær
Årleg sjukefråvær 2020	1,66 %	5,47 %	7,13 %
Årleg sjukefråvær 2021	1,45 %	5,83 %	7,28 %
Årleg sjukefråvær 2022	2,76 %	3,37 %	6,12 %
Årleg sjukefråvær 2023	2,84 %	4,19 %	7,03 %
Årleg sjukefråvær 2024	2,98 %	5,21 %	8,19 %

Vindafjord kommune ligg over sitt mål på 6 % sjukefråvær. Sjukefråvær er ofte prega av tilfældigheiter og langtidsfråværet skuldast i stor grad tilhøve som arbeidsgivar ikkje kan gjera noko med, som alvorleg sjukdom, planlagde operasjonar og kroniske lidningar. Sjukemeldte arbeidstakarar blir følgt opp i tråd med regelverk og oppfølgingsrutinar i kommunen.

Fleire av våre sektorar opplev for tida rekrutteringsutfordringar, både når det gjeld å skaffa faste tilsette, men også vikarar ved korttidsfråvær. Dette kan gi økt slitasje på resten av bemanninga, som igjen kan føra til sjukefråvær.

Status sjukefråvær og HMS


Sjukefråværet i Vindafjord kommune har auka i 2024, noko som speglar ein nasjonal trend. Auken kjem hovudsakleg av fleire tilfelle av luftvegssjukdommar, etterverknader av pandemien og ein vekst i sjukefråvær knytt til psykiske plager. Særleg merkast dette innan helse- og omsorgssektoren, der sjukefråværet er høgast. Endra åtferd ved sjukdom, med større vilje til å halde seg heime ved milde symptom, kan òg vere ei medverkande årsak. Kommunen jobbar aktivt med førebygging og tilrettelegging for å redusere fråværet.

Fråvær per tenesteområde

Tenesteområde	Fråvær 2024			Fråvær 2023		
	Korttid i %	Langtid i %	Samla fråvær i %	Korttid %	Langtid i %	Samla fråvær i %
Administrasjon og fellesdrift	2,94 %	5,90 %	8,84 %	2,58 %	4,09 %	6,66 %
Oppvekst og kultur	2,66 %	4,73 %	7,39 %	2,56 %	3,71 %	6,27 %
Helse og omsorg	3,37 %	5,74 %	9,11 %	3,18 %	4,42 %	7,60 %
Forvaltning, drift og utvikling	2,70 %	4,65 %	7,35 %	2,68 %	5,22 %	7,90 %
Sum tenesteområde	2,98 %	5,21 %	8,19 %	2,84 %	4,19 %	7,03 %



Sjukefråver per eining/ansvar (graf)



Sjukefråværet i Vindafjord kommune har auka i 2024, noko som speglar ein nasjonal trend. Auken kjem hovudsakleg av fleire tilfelle av luftvegssjukdommar, etterverknader av pandemien og ein vekst i sjukefråværet knytt til psykiske plager. Særleg merkast dette innan helse- og omsorgssektoren, der sjukefråværet er høgast. Endra åtferd ved sjukdom, med større vilje til å halde seg heime ved milde symptom, kan òg vere ei medverkande årsak. Kommunen jobbar aktivt med førebygging og tilrettelegging for å redusere fråværet.

Likestilling

Om lag 85 % av dei tilsette i Vindafjord kommune er kvinner, noko som speglar den tradisjonelle kjønnsfordelinga i offentleg sektor. Ved utgangen av 2024 var to av 20 einingsleiarar menn, medan fem av seks på kommunedirektørnivået var menn. Det er særleg få menn i barnehagesektoren, medan dei er klart overrepresenterte innan tekniske tenester.

Kommunen ser mangfald som ein styrke for både arbeidsmiljøet og kvaliteten på tenestene våre. Me ønskjer derfor ei meir balansert kjønnsfordeling og jobbar for å nå eit breiare rekrutteringsgrunnlag. Sjølv om me ikkje har gjennomført eigne undersøkingar, er det sannsynleg at Vindafjord sin sterke næringssektor og aktive jordbruksnæring bidreg til at fleire menn arbeider i privat sektor, medan fleire kvinner finn arbeid i kommunen.

Den låge delen menn i organisasjonen gjer det utfordrande å utarbeide presise lønsstatistikkar, då menn er kraftig underrepresenterte. Dei fleste tilsette er omfatta av kapittel 4 i Hovudtariffavtalen, der løn fastsetjast sentralt gjennom tabellar og funksjonstillegg, uavhengig av kjønn.

Kommunen har dei siste åra arbeidd aktivt med å styrkje heiltidskulturen. Sidan det framleis er flest kvinner som arbeider deltid, er dette òg eit viktig likestillingsarbeid. Å tilby større stillingsprosentar er ein sentral del av denne kulturendringa.



Likestilling handlar ikkje berre om kjønn, men òg om inkludering av menneske med funksjonsnedsettingar, ulik etnisk bakgrunn, variasjon i seksuell orientering og kjønnsidentitet, samt dei som har hol i CV-en. Vindafjord kommune ønskjer å vere ein arbeidsplass som aktivt legg til rette for mangfald og inkludering, og som jobbar for å fjerne barrierar for deltaking i arbeidslivet.

Vindafjord kommune ønskjer òg eit mangfald i alderssamansetjinga i kommunen. Aldersfordeling per 01.05.2024 blant fast tilsette:

Alder	Tal tilsette	Prosent
0 - 29	69	9,69 %
30 - 39	143	20,08 %
40 - 49	178	25,00 %
50 - 59	208	29,21 %
60 - 69	114	16,01 %

Vindafjord kommune legg vekt på å tilretteleggja for seniorar i tråd med Hovudtariffavtalen og Arbeidsmiljølova. Me inkluderer seniortema i medarbeidersamtalar, arrangerer seniorsamlingar og tilbyr individuelle pensjonssamtalar. I 2024 starta me også arbeidet med å utvikla ein livsfasepolitikk for kommunen.

Endringa i likestillings- og diskrimineringslova i 2020 styrkte arbeidsgjevars plikt til å arbeida aktivt mot diskriminering. Dette omfattar alt frå rekruttering og tilrettelegging til leiaropplæring og varsling. Me arbeider systematisk for eit inkluderande arbeidsliv, der me legg til rette for omplassering, tilpassa arbeidstid og tilrettelegging ved behov.

For å sikre eit godt arbeidsmiljø nyttar kommunen verktøy som medarbeidarundersøkingar, utviklingssamtalar og leiarutvikling. Me samarbeider tett med vernetenesta, tillitsvalde, arbeidsmiljøutvalet og andre relevante aktørar for å førebygga og avdekka uønska hendingar, inkludert diskriminering.

Vindafjord kommune følgjer gjeldande lovverk og oppmodar til aktiv bruk av avvikssystemet ved brot på retningslinjer. Me har òg ordningar for å kombinera jobb- og familieliv, som omsorgspermisjon og redusert arbeidstid, sjølv om dette av og til kan utfordra arbeidet med heiltidskultur

Likestilling - Løn

	Antall ansatte		Årsverk		Kjønnsfordeling i %		Kvinner si gjennomsnittlege løn i prosent av menn si løn	Gj.snitt ansiennitet	
	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn		Kvinner	Menn
KS stillingsgruppe									
Kap 3 - Ledere kap. 3.4.1	1	5	-	-	16,7 %	83,3 %	-	-	-
Kap 4 - Stillingskoder for arbeidsleder/formann, leder og fagleder	63	13	56	12	82,9 %	17,1 %	97,9 %	24	33
Kap 4 - Utdanningsstillinger	48	3	0	-	94,1 %	5,9 %	-	15	-
Kap 4 - Stillinger uten særskilt krav til utdanning	408	65	64	7	86,3 %	13,7 %	100,6 %	12	10
Kap 4 - Fagarbeiderstillinger/tilsvarende fagarbeiderstillinger	318	42	177	21	88,3 %	11,7 %	104,7 %	20	14



Kap 4 - Stillingar med krav om fagbrev og 1-årig fagskoleutdanning	32	1	19	-	97,0 %	3,0 %	-	22	-
Kap 4 - Lærer og Stillingar med krav om 3-årig U/H-utdanning	207	20	131	8	91,2 %	8,8 %	105,6 %	17	13
Kap 4 - Adjunkt og Stillingar med krav om 4-årig U/H-utdanning	102	6	80	6	94,4 %	5,6 %	101,1 %	21	23
Kap 4 - Adjunkt med tilleggsutdanning og Stillingar med krav om 5-årig U/H-utdanning	53	14	44	11	79,1 %	20,9 %	100,4 %	22	24
Kap 4 - Lektor og Stillingar med krav om mastergrad	20	4	14	-	83,3 %	16,7 %	-	13	-
Kap 4 - Lektor med tilleggsutdanning	7	3	5	-	70,0 %	30,0 %	-	23	-
Kap 5	30	24	19	12	55,6 %	44,4 %	95,1 %	31	14
Andre stillingar	3	1	-	-	75,0 %	25,0 %	-	-	-
Andre stillingar - Utdanningsstillingar	12	0	9	0	100,0 %	0,0 %	-	0	0
Total	1 177	186	620	88	86,4 %	13,6 %	92,2 %	17	14

Tabellen viser tal personar og årsverk i Vindafjord kommune i fjor sortert etter KS sine stillingsgrupper, som tek utgangspunkt i formalia-krav. For kvar kategori er det i tillegg vist kor stor kvinne si gjennomsnittlege løn er i prosent i høve menn si lønn innafor same kategori og kva som er gjennomsnittleg ansiennitet. Viss det er førre enn 6 tilsette i ei gruppe av eit kjønn viss ikkje gjennomsnittslønna eller ansiennitet.

Samla sett har kvinner tilsett i Vindafjord kommune i snitt 92,2 % av menn si lønn. Ein viktig del av denne forklaring er menn i snitt er tilsette i stillingsgrupper som har høgare lønn enn kvinner. Viss ein ser i dei ulike stillingsgruppene ligg kvinner over menn i fem av sju grupper som har tal. Desse er dei store gruppene med flest tilsette. Størstedelen av lønns-fastsettinga i kapittel 4 skjer sentralt, medan kapitel 3 og 5 blir bestemt lokalt.

Rekruttering

I løpet av 2024 har Vindafjord kommune hatt 190 annonser utlyst på våre nettsider gjennom vårt rekrutteringssystem EasyCruit. Av desse var 74 innan sektor helse og omsorg, 90 innan sektor oppvekst, 9 innan organisasjon/økonomi og 17 i sektor samfunnsutvikling. Det er tilsett 230 personar i stillingane som har vore utlyst.

Det kan vera utfordrande å rekruttera til dømes sjukepleiarar, legar, lærarar, fagarbeidarar innan teknisk og av og til leiarar. Rekruttering er noko av det aller viktigaste fordi det er så avgjerande for tenestene som blir gitt til innbyggjarane. Det er difor innveva i det meste av det som blir gjort, planlagt og forsøkt løyst i kvardagen.

Den skildra vedvarande mangelen på kompetanse og personell som vil påverka alle kommunar er heilt sentral. I mange år har økonomi og trongare handlingsrom vore tema, til dømes i svara på debatthefta frå KS. Kommunane har utfordringar allereie i dag med å dekke behovet for kompetent arbeidskraft og ser no eit utvikling mot at det er mangelen på folk som vil avgrense oss mest, ikkje økonomi. Desse utfordringane vil bli forsterka dei komande åra som følgje av den demografiske utviklinga. Difor må kommunen i større grad planleggja for at tilgang på arbeidskraft og kompetanse blir meir og meir avgrensa. Dette har vore høgt på agendaen i 2024, og vil vera det vidare inn i 2025. Kanskje er det ikkje eingong mogleg for kommunane å vinna kampen om arbeidskrafta, når me veit at alle sektorar vil trenga meir folk i åra framover. Det vil ikkje vera mogleg for kommunane å utkonkurrera andre på lønn. Det er difor heilt naudsynt at kommunane finn andre måtar å vera attraktive arbeidsgjevarar på, og også finn



andre måtar å jobba på slik at arbeidskraftbehovet kan bli redusert, heller enn å streva etter å oppretthalda eller auka mengda arbeidstakarar. Dette er arbeid som inngår i vår kvardag heilt naturleg, til dømes i samband med TØRN og heiltidsjobbing innan helse og omsorg. Det inngår også naturleg i alt arbeid med tanke på omdøme, leiarskap, digitalisering, innovasjon, organisasjonsstruktur, medverknad, til dømes i Ungdomsrådet, samt utvikling av gode arbeidsmiljø.

For å styrka omdømme og attraktiviteten til kommunen som arbeidsgivar har me gjennomført fleire initiativ, som:

- Målretta rekrutteringskampanjar
- Tatt i bruk fleire digitale plattformer for stillingsutlysing, som LinkedIn
- Deltaking på yrkes- og karrieremesser, blant anna i samarbeid med Haugesundsregionen (nå Talentsamarbeidet) og NAV

Lærlingar

Vindafjord kommune er ei anerkjend lærebedrift og har tatt samfunnsansvar ved å ta inn lærlingar i mange år. Kommunen er med i Haugaland opplæringskontor og har fast plass i styret der. Vindafjord kommune er den største lærebedrifta i opplæringskontoret si portefølje, og er godkjent lærebedrift i fire fag: barne- og ungdomsarbeidarfaget, helsefaget, ernæringskokkfaget og service- og administrasjonsfaget. Det er i hovudsak dei to førstnemnte faga me har hatt flest lærlingar. Me har opplevd at tilsøkinga til helsefag har hatt ein kraftig nedgang dei siste åra, og det var ingen som starta opp som lærling i helsefaget hausten 2024 til tross for at fleire fekk tilbod om læreplass innan dette faget.

I 2024 var det totalt 12 lærlingar i løpet av året, kor tre fullførte læretida i løpet av året. Tre nye lærlingar starta opp hausten 2024, alle desse i barne- og ungdomsarbeidarfaget. Innan utløpet av 2024 hadde me ni lærlingar (to av desse i permisjon). Av desse var fem lærlingar i barne- og ungdomsarbeidarfaget, tre i helsefaget og ein i ernæringskokkfaget. Kommunen har også opna opp for deltaking i ordninga "Fagbrev på jobb". Her er det mogleg å ta fagbrev på anna vis, ei ordning som ofte passar godt for dei som allereie har jobba i nokon år. Fagbrev via denne ordninga kan takast medan ein går i jobb og ein får utteljing for praksis.

Internkontroll

Internkontrollen skal sikra at kommunen utfører oppgåvene sine i samsvar med krav fastsett i lov eller i medhald av lov, og sikre at erfaringar som er hausta i organisasjonen vert nytta til å gje betre tenester til innbyggjarane.

Internkontroll er:

- Skildring av administrasjonen sine hovudoppgåver, mål og organisering
- Prosedyrar
- Avvik og risiko for avvik
- Dokumentasjon av internkontrollen
- Evaluera og forbetra prosedyrar og tiltak for internkontroll


Standarden for oppgåvene/tenestytinga er skildra i prosedyrar i kommunen sitt kvalitetsstyringssystem. Dersom oppgåvene/tenestytinga ikkje vert levert i samsvar med prosedyrane, dannar det grunnlag for å melda avvik. Slike avviksmeldingar vert sendt elektronisk, til dei er følgt opp og lukka. Avviksmeldingar



har til føremål å bringa avvik til opphøyr, gjenoppretta normaltilstand og hindre gjentaking. Avvik kan også gje viktige statistiske data over kor organisasjonen har forbettringspotensiale. Kvalitetssikringsarbeidet handlar også om å identifisere suksessfaktorane for å lykkast på ulike arbeidsområde i organisasjonen.

Avvik

I 2024 vart det totalt registrert 2060 avvik gjennom avvikssystemet, noko som er ein betydeleg auke samanlikna med dei tre føregåande åra. Avvikssystemet vart nytta i alle sektorar og dei fleste einingar. Dei fleste avvika fall innanfor kategoriane HMS (25,8%) og Tenesteavvik (60,2%). Av dei innmelde avvika var 1796 knytt til helse/omsorg, 327 til oppvekst og 20 til samfunnsutvikling. Nesten alle einingar og avdelingar har rapportert avvik, noko som viser at systemet vert aktivt brukt.



HMS-avvika er jamleg på sakslista til Arbeidsmiljøutvalet (AMU). Både AMU og Administrasjonsutvalet (ADMU) har hatt avvik for 2024 som sak i inneverande år.

Statlege tilsyn

I 2024 hadde oppvekst tilsyn frå Statsforvaltaren på kommunen som barnehagemynde, jf. barnehagelova §54. Tema var risikovurdering knytt til kap VIII i barnehagelova, der ein vurderte behov for rettleiing og tilsyn med barnehagar. Dei såg også på om kommunen gjennom rettleiing og tilsyn av barnehagar sikrar at barnehageeigar etterlev pliktane i barnehagelova innanfor trygt og godt psykososialt barnehagemiljø. Vidare om kommunen organiserer oppgåvene sine som barnehagemynde skild frå oppgåvene som barnehageeigar. Kommunen hadde frist 1. desember, men hadde ikkje fått lukka det årsskifte og fekk ny frist 1. april 2025. Avviket blei lukka før påske i 2025.

Arbeidstilsynet plukka skulane i Vindafjord til rettleiing innanfor tema vald og truslar i skulen. Dette var ein nyttig runde der resultatet blei ein rutine som skal vera matnyttig for leiarar og tilsette i arbeidet i skulen. Den ligg på heimesida og heiter "Trygg i Vindafjordskulen".



Barnevern er i eit landsomfattande tilsyn med undersøkingsarbeid. Tilsynet var i 2024 og skal også vera i 2025. Det er eit eigenrapporteringstilsyn som omhandlar barnevernet sitt undersøkingsarbeid. Første del av tilsynet blei gjennomført hausten 2024, der tenesta scora ti nyleg avslutta undersøkingar utifrå eit skjema frå tilsynsmyndigheita. Basert på eigne funn laga tenesta ein forbetningsplan med vurdering av rot-orsakar til dei områda der ein såg trong for forbetring. I 2025 skal ein gjennomføre forbetningsplanen, eigenrapportere på nytt og sende inn ein evalueringsrapport innan utgangen av året.

Statsforvaltaren hadde i tillegg brevtilsyn med kommunen si myndigheit etter forureiningslova. Statsforvaltaren peika på at Vindafjord kommune ikkje har gjennomført risikovurderingar som omfattar moglegheit for brot på pliktene som gjeld forsøpling og avfall. Kommunen oppfyller derfor ikkje kravet til internkontroll i kommunelova § 25-1. Statsforvaltaren avslutta tilsynet ved at det blei gitt tilbakemelding på at dei forventar at kommunen retter opp avviket og tar merknadene til etterretning. Statsforvaltaren gav ikkje pålegg om retting etter kommunelova § 30-4.

Forvaltningsrevisjon

I følgje kommunelova skal kontrollutvalet sjå til at det årleg vert gjennomført forvaltningsrevisjon av den kommunale verksemda. Forvaltningsrevisjonen skjer etter kommunestyret sin plan for forvaltningsrevisjon. Ny plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2024–2028 blei utarbeida i 2024, og var basert på ein risiko- og vesentleganalyse. Kommunestyret vedtok den nye planen i desember 2024, etter innstilling frå kontrollutvalet.

- Rogaland Revisjon sin forvaltningsrevisjonsrapport om «Plan og byggjesak» blei handsama av kontrollutvalet og kommunestyret våren 2024. Revisor hadde peika på fleire forbetningspunkt, som var sett opp i tre tilrådingar. Det blei sett ein frist på ni månader for oppfølging av rapporten.
- Kontrollutvalet og kommunestyret handsama oppfølging av rapporten «Digitalisering og IKT» for andre gong våren 2024. Kommunestyret tok kommunedirektøren si tilbakemelding til orientering.
- Kontrollutvalet tinga hausten 2024 ein ny revisjonsrapport om «Kompetanse og rekruttering» som vil bli levert og handsama hausten 2025.

Etikk

Eit levande og sunt lokaldemokrati byggjer på eit gjensidig tillitsforhold mellom innbyggjarane og dei folkevalde. Innbyggjarane sin tillit til dei folkevalde og offentleg tilsette er ein føresetnad for at lokaldemokratiet skal fungere. I ein kommune med godt omdøme, vil dei folkevalde sitt handlingsrom auka. Dette gjer det mogleg for kommunen å fylle rolla som ein god tenesteytar, samfunnsutviklar, forvaltningsmyndighet og arbeidsgjevar. Vindafjord kommune er ansvarleg for grunnleggjande velferdstenester og forvaltar store ressursar på vegne av alle kommunen sine innbyggjarar. Dette er eit ansvar som krev høg etisk bevisstheit. Vindafjord kommune har etiske retningslinjer utarbeidd både for folkevalde og tilsette. Dei etiske retningslinjene vart sist revidert og vedteke av kommunestyret i desember 2023, og er meint som eit tillegg til det lov- og avtaleverk som kommunen styrer si verksemd etter. Oppsummert seier retningslinjene noko om desse temaene:

1. *Lovverk, interne reglar og vedtak skal fylgjast.*
2. *Vindafjord kommune skal leggja vekt på god forvaltningsskikk.*
3. *Sakshandsaminga skal vere open og redeleg.*
4. *Habilitet i sakshandsaminga.*
5. *Lojal framferd ovafor folkevalde.*
6. *Lojal framferd ovafor arbeidsgjevar.*
7. *Plikt til å varsle.*



8. *Vern mot straff for varsling.*
9. *Tillitsvalde og verneomboda sine roller.*
10. *Det skal visast varsemd knytt til økonomiske forhold.*
11. *Lojal framferd mellom tilsette i alle ledd.*

Kva ein gjer som folkevalde og tilsette i Vindafjord, påverkar omdømet til kommunen. Det er difor av betydning at ein har evne til å handtera etiske problemstillingar. Mange står i større eller mindre etiske problemstillingar dagleg. Det har tidlegare vore eigne etikk-prosjekt i kommunen, men det er no i stor grad opp til einingane kva dei gjer i praksis. Det ligg mykje informasjon og verktøy i vårt kvalitetssystem under «Verdigrunnlag og etikk».

Etikk eit integrert tema i arbeidet for mange tilsette og folkevalde. Nokre av einingane har god erfaring med etisk refleksjon. Det blir f.eks. snakka om på personalmøte, i samband med diverse kommunale planar, i etterkant av medarbeidarundersøkingar, i arbeidsgjevarstrategien, heiltidsarbeidet, sjukefråværsprosjekt, bruk av sosiale medier og i drift/arbeidsmetodar.

Etiske spørsmål er nært knytt til både leiar-, medarbeidar- og organisasjonsutvikling. Medarbeidarundersøkinga er eitt tiltak som kan avdekka eventuelle utfordringar innafor etiske spørsmål.

Tillitsvaldsapparatet er også ein del av kvalitetssikringa for ein etisk berekraftig organisasjon. Kommunedirektøren samarbeider mykje med tillitsvalde, blant anna med månadlege kontaktmøte på sentralt nivå og ei rekke drøftingar i løpet av eit år.

Tilsette og folkevalde pliktar å halda dei lovar, forskrifter, reglement og vedtak som gjeld for Vindafjord kommune. Den andre sida av dette er at ein som tilsett og folkevald også har eit ansvar for å ta opp forhold som ein meiner *ikkje* er i samsvar med kommunen sine etiske retningslinjer. Her kan ein for eksempel nytta varslingsystemet, avvikssystemet eller *læringssystemet* som ein også kan kalla det.

I 2024 er det jobba spesielt med varsling. Det vart utarbeida ny retningslinjer for handtering av konflikt, utilbørleg åtferd og trakassering. I den samanheng vart varslingsrutinane oppdaterte for å sikre tydelege og trygge prosessar. Implementeringa av retningslinjene og dei oppdaterte rutinane var eit sentralt tema på tillitsvalddagen.



Investeringar


Vindafjord kommune hadde i 2024 brutto investeringsutgifter på kr 229,620 millionar brutto, mot eit revidert budsjett på kr 289,510 millionar. Nye Vindafjordhallen, ny symjehall og bygdehus i Vats, var det desidert største enkeltprosjektet med brutto investeringar på 120,8 millionar. Av andre større investeringsprosjekt blei det brukt samla 9,644 mill. på oppgradering av leilegheiter og garderobe ved Sandeid bufellesskap.

Det blei investert høvesvis 24,475 mill. i kloakkanlegg og 12,237 mill. som innan vatn. Dette er sjølvkostområde, der investeringane skal finansierast av abonnentane gjennom dei årlege gebyra. Elles bestod investeringsporteføljen til kommunen av ein rekke mindre prosjekt.

I tillegg blei det brukt 6,873 mill. i tilskot til andre sine investeringar, hovudsakleg for å dekke etterslepe på investeringar i Haugaland brann og redning IKS, og investering 10,039 mill. aksjar selskap.

Startlån blei dei lånt ut 10,419 mill. av samla ramme på 20 mill.

Investeringsinntektene var samla på 172,059 mill., netto inntekter vidareutlån 0,391 mill. og overføring frå drift og bruk av netto avsetningar på 57,170 mill. Det blei brukt 18,1 mill. frå ubunde investeringsfond og 40,712 mill. overført frå drift (bruk av disposisjonsfond) som sikra ein relativt høg grad av eigenfinansiering av investeringar i 2024. I tillegg var ein relativt stor del (20 %) dekket av tilskot frå andre. Mesteparten er forsikringsoppgjer og tilskot knytt til nye Vindafjord hallen.



Status investering og finansiering (2A)

Beløp i 1000

	Note	Rekneskap 2023	Opph. bud. 2024	Politisk vedtatt budsjett 2024	Rekneskap 2024	Rev. bud. 2024
Investeringar i varige driftsmidlar	4	120 096	202 337	274 272	212 708	274 072
Tilskot til andre sine investeringar		822	6 612	6 999	6 873	6 999



Årsmelding 2024

	Note	Rekneskap 2023	Opph. bud. 2024	Politisk vedtatt budsjett 2024	Rekneskap 2024	Rev. bud. 2024
Investeringar i aksjar og andelar i selskap	5	4 810	1 900	8 239	10 039	10 139
Utlån av egne midlar	6	0	0	0	0	0
Avdrag på lån	10	0	0	0	0	0
Sum investeringsutgifter		125 728	210 849	289 510	229 620	291 210
Kompensasjon for meirverdiavgift		-15 984	-30 228	-41 809	-30 285	-41 609
Tilskot frå andre		-59 906	-40 898	-41 275	-45 153	-41 275
Sal av varige driftmiddel		-153	-500	-791	-1 030	-791
Sal av finansielle anleggsmiddel		0	0	0	0	0
Mottatte avdrag på utlån av egne middel		-494	-493	129	-494	129
Bruk av lån		-37 804	-88 017	-145 760	-95 098	-145 760
Sum investeringsinntekter		-114 341	-160 137	-229 505	-172 059	-229 305
Vidareutlån	6	19 641	20 000	20 000	10 419	20 000
Bruk av lån til vidareutlån	6	-19 641	-20 000	-20 000	-10 419	-20 000
Avdrag på lån til vidareutlån	6	2 518	3 370	3 370	3 153	3 370
Mottatte avdrag på vidareutlån	6	-1 953	-3 370	-3 370	-3 544	-3 370
Netto utgifter vidareutlån		565	0	0	-391	0
Overføring frå drift		-11 387	-40 712	-40 712	-41 329	-40 712
Avsetningar til bundne investeringsfond	13	0	0	0	2 091	0
Bruk av bundne investeringsfond	13	-565	0	-3 260	0	-3 260
Avsetningar til ubunde investeringsfond		0	0	168	168	168
Bruk av ubunde investeringsfond		0	-10 000	-16 200	-18 100	-18 100
Dekning av tidlegare års udekket beløp		0	0	0	0	0
Sum overføring frå drift og netto avsetningar		-11 952	-50 712	-60 004	-57 170	-61 904
Framført til inndecking i seinare år (udekt)		0	0	0	0	0

Status investeringar (2B)

1. Investeringar i varige driftsmidlar

Beløp i 1000

	Note	Rekneskap 2023	Opph. bud. 2024	Politisk vedtatt budsjett 2024	Rekneskap 2024	Rev. bud. 2024
Finans						
Kjøp og sal av aksjar og andelar		0	0	0	80	0
Justeringsavtalar		2 565	0	0	1 167	0
Ølen kyrkjegard, ny veg, parkering og utviding		0	1 000	1 000	0	1 000
Sum Finans		2 565	1 000	1 000	1 248	1 000
Administrasjon og fellesdrift						
Prosjektleiing/kostkontroll		2 543	3 196	3 812	2 874	3 812
IKT-Investeringar		1 219	625	625	0	625
Sum Administrasjon og fellesdrift		3 763	3 821	4 437	2 874	4 437
Oppvekst og kultur						



Årsmelding 2024

	Note	Rekneskap 2023	Opph. bud. 2024	Politisk vedtatt budsjett 2024	Rekneskap 2024	Rev. bud. 2024
Oppgradering skule og barnehagebygg		256	500	2 818	13	318
Inventar og utstyr skule		0	1 200	1 200	1 158	1 200
IT-plan skule		1 636	2 275	2 299	2 297	2 299
Uteanlegg skule og barnehage		1 863	2 500	2 188	632	567
Symjehall og bygdehus		56 206	129 891	129 163	120 818	129 163
Sum Oppvekst og kultur		59 960	136 366	137 668	124 918	133 547
Helse og omsorg						
Velferdsteknologi - løysingar		0	0	1 290	0	1 290
Pasientvarslinganlegg Ølen		0	0	2 650	2 133	2 650
Omsorgssenter						
Solbakken - 7 nye tilrettelagde bustadar		1 011	0	0	0	0
Oppgradering omsorgssenter		2 334	0	7 679	442	7 679
Oppgradering tilrettelagde og kommunale bustader		370	1 150	1 736	0	236
Sum Helse og omsorg		3 715	1 150	13 355	2 576	11 855
Forvaltning, drift og utvikling						
Nerheim - næringstomter		1 543	0	3 286	2 257	3 286
Gymbygg/basseng Ølen – nytt ventilasjonsanlegg		126	0	3 879	4 978	4 879
Kontorlandskap Sandeid oppvekstsenter		0	0	0	1 073	1 500
Uteområde Vats skule		0	0	2 900	1 762	2 900
Uteområde Sandeid bhg 2024		0	0	0	774	321
Støyskjerming Ølen Skule		0	0	0	109	1 300
Garderobe Sandeid Bufelleskap		3 452	0	5 623	5 801	5 623
Oppgradering Sandeid bufelleskap 4 leil.		0	0	1 000	3 844	2 500
Kommunale bygg og uteanlegg&nbsp;		6 518	3 000	8 488	1 313	7 488
Oppgradering til LED		127	0	73	71	71
Oppgradering teknisk bygg Steinsland		0	0	2 000	1 125	2 000
Oppgradering bustad integrering		0	0	0	741	800
Tilrettelegging ladepunkt elbil		373	0	1 823	24	24
Carport Omsorgsenter		0	0	0	214	1 799
Gymbygg Ølen skule Miljøretta		0	0	200	202	202
Helsevern						
Skredvoll Vikedal		14	0	8 236	0	8 236
Skjold Brannstasjon		38	5 000	8 462	4 909	8 462
ENØK- tiltak kommunale bygg og anlegg		0	700	700	0	3
ENØK Utsifting av vindu Ølen skule		941	0	24	720	720
Enøk - Utsifting av vinduer og dører, ØOS		735	0	0	0	0
Oppgradering kommunale vegar og infrastruktur		1 043	2 000	2 622	629	2 245
Asfaltering Eikesdalsvegen		835	0	0	0	0
Barrieremaskin på vaskeriet		0	0	400	0	400
Vågen Bedehus og veg til skule		0	0	1 890	2 267	2 267
Utbygging kommunale vegar		176	0	10	0	10
Miljøgate Vikedal -Holmen		2	1 000	498	0	498
Trafikksikring		317	1 000	4 448	6	4 448
Trafikksikring Vats skule		48	0	82	0	82
Oppgradering bruer og kaiar		0	1 000	4 797	0	4 797
Strategisk eigedomskjøp og tomteutvikling		1 169	5 000	1 984	0	1 973
Kjøp av omsorgsbustadar Vikedalstunet borettslag		0	13 000	13 829	13 879	13 829
Idrettshallstomt Ølen		1 917	0	-717	18	-717
Riving bustadsmodul Dommersnes		736	0	0	0	0
Sal eigedommar		0	0	164	0	164
Kjøp av transportmidler		0	0	0	347	0
Sal av transportmidler		17	0	-168	7	-168



Årsmelding 2024

	Note	Rekneskap 2023	Opph. bud. 2024	Politisk vedtatt budsjett 2024	Rekneskap 2024	Rev. bud. 2024
Avløp		7 306	7 900	13 118	7 995	8 757
Avløpsledning Alvseike Vats		239	1 500	1 761	36	1 761
Renseanlegg Raunes Ventilasjonsanlegg		0	0	0	209	240
Hovudplan Avløp		0	0	0	139	600
Renseanlegg Steinsland		0	0	0	14	0
Vatn		10 236	3 500	7 329	2 824	3 431
Hovudvassledning Solheim - Knapphus		842	5 200	5 358	2 360	5 358
Del 1						
Skjold LN vasskum med vassmålar		0	0	0	180	380
Vikedal vassverk Innløpsventil		0	0	0	0	200
VA-anlegg Isvikvegen til Vikevegen		0	0	0	51	2 000
Kårhusfeltet		6 134	9 200	12 266	16 215	12 266
FV 514- Sandeid Lærdal		5 209	1 000	1 445	3 325	4 295
VA Kårhusbru til Symjehall		0	0	0	674	0
Sjurahagen Vann og avløp		0	0	0	1	2 000
Sum Forvaltning, drift og utvikling		50 093	60 000	117 812	81 093	123 233
Investerings i varige driftsmidlar		120 096	202 337	274 272	212 708	274 072

2. Tilskot til andre sine investeringar

Beløp i 1000

	Note	Rekneskap 2023	Opph. bud. 2024	Politisk vedtatt budsjett 2024	Rekneskap 2024	Rev. bud. 2024
Justeringsavtale - Kråkedalen		110	0	0	110	0
Justeringsavtale - Trovåg Nord (2019)		143	0	0	143	0
Felles finansiering		0	0	0	-202	0
Haugaland brann og redning IKS		0	6 312	6 512	6 511	6 512
Rehabilitering av kyrkjer og kyrkjegardar		569	300	486	312	486
Tilskot til andre sine investeringar		822	6 612	6 999	6 873	6 999

3. Investeringar i aksjar og andelar i selskap

Beløp i 1000

	Note	Rekneskap 2023	Opph. bud. 2024	Politisk vedtatt budsjett 2024	Rekneskap 2024	Rev. bud. 2024
Egenkapitaltilskot KLP	5	1 810	1 900	2 039	1 939	2 039
Kjøp og sal av aksjar og andelar	5	3 000	0	6 200	8 100	8 100
Investerings i aksjar og andelar i selskap		4 810	1 900	8 239	10 039	10 139

4. Utlån av egne midlar

Beløp i 1000

	Note	Rekneskap 2023	Opph. bud. 2024	Politisk vedtatt budsjett 2024	Rekneskap 2024	Rev. bud. 2024
Utlån av egne middel		0	0	0	0	0



Årsmelding 2024

Note	Rekneskap 2023	Opph. bud. 2024	Politisk vedtatt budsjett 2024	Rekneskap 2024	Rev. bud. 2024
Sum del 1-4	125 728	210 849	289 510	229 620	291 210

Status investeringsprosjekt

Beløp i 1000

Investering	Budsjett for året		
	Rev. bud.	Rekneskap Status	Kommentar
Velferdsteknologi - løysingar	1 290	0 lht. plan	Vindafjord kommune samarbeider med Karmøy og Etne om eit felles innkjøp knytt til oppgradering av pasientvarsling-system ved sjukeheimane i kommunen. Det er Karmøy kommune som er ansvarlege for gjennomføring av anbodet. Ølen omsorgssenter starta hausten 2024, og deretter Vindafjordtunet i 2025.
Avløp	8 757	7 995 lht. plan	Midlane skal nyttast til prosjekt knytt til avløp. Tilhøyrande prosjekt blir lagt ut som hovudprosjekt og har eiga rapportering. Når milder frå/til dette prosjekter blir flytta frå/til andre prosjekt, er det innafor same kategori. Enten for å starte et nytt prosjekt, dekke meirforbruk, eller hente inn ein mindreforbruk. Aktuelle underprosjekt er: VA-anlegg Kyrkjevegen – prosjektet er ferdig. Mykje uforutsett har gitt kostnadsauke på ca. 25%. Nesheim pumpestasjon – Fase 2 - Nesheim er ferdig. Avløpsleidning Alvseike: ganske ferdig med projektering, ventar på grunneigaravtalar. Miljøgate Sandeid – avløp; samarbeidsprosjekt med RogFK. I slutfasen med grunnforhandlingar. Har starta gjennomgang med konsulent for kommunal del. VA-anlegg Isvik spillvann FV - Prosjektet er ferdig langs fylkesvegen og eit strekk på omlag 50 meter ned langs Isvikvegen (Forbi innkjørselen til Ødegård). Prosjektet er ferdig unntatt asfaltering som må sjåast på i samanheng med Prosjekt Isvik Brygge. Forprosjektering Asbjørnshaug – Toranaset: 20% utført. Satt på vent. Nesheim pumpestasjon - Fase 1 - Røyrvika er ferdig.
Avløpsleidning Alvseike Vats	1 761	36 lht. plan	Det skal etablerast ny drenering i avskjæringsgrøft i forbindelse med vassleidning. Prosjektet er i projekteringsfasen, nærmar seg utlysing til entreprenør. 19.12.2024 - Siste underskrevne grunneigaravtalar er signert.
Barrieremaskin på vaskeriet	400	0 Forsinka	
Carport Omsorgssenter	1 799	214 lht. plan	Prosjektet vart lyst ut i slutten av 2024. Carport i Ølen vart påbegynt i januar 2025 og ein reknar det er ferdig ca april. Oppstart i Vats er mars 2025.
Eigenkapitaltilskot KLP	2 039	1 939 lht. plan	Årleg innbetaling frå medlemma i KLP si pensjonsordning for å oppretthalde selskapet sin bufferkapital og risikoberande evne. Tilskotet vert fastsett etter kommunen sin del av den samla premiereserven. Satsen for 2024 var 0,25 %. Tilskotet har vore lågare enn budsjett dei siste åra, restmidlane blei omprioritert i 2. tertialrapport.
ENØK- tiltak kommunale bygg og anlegg	3	0 Ferdig	ENØK – tiltak kommunale bygg og anlegg. Løyvde midlar for 2023 og 2024 er brukt til å bytte vindu og dører på ØOS og bytte vindu på Ølen skule. Arbeidet er ferdig.
ENØK Utsifting av vindu Ølen skule	720	720 Ferdig	Prosjektet er ferdig. Som eit ENØK-tiltak blei 66 vindauga på Ølen skule beslutta å skiftast ut med vindauga med betre isolasjonsverdi. Dette som eit tiltak for å redusera energibehovet til skulen, og betra innemiljøet. Det var avsett eit budsjett på kr 1 550 000,- inkl m.v.a. Grunna brannkrav på vindauga i underetasje blei innkjøpet av vindauga noko dyrare enn kalkulert.



Investering	Budsjett for året		
	Rev. bud.	Rekneskap Status	Kommentar
Felles finansiering	0	-202 Iht. plan	Midlane for å dekke opp dette vert henta frå hovudprosjekt for oppgradering av skule- og barnehagebygg. Prosjektet har ein negativt utgift som skuldast at det er tilbakeført ein avsett utgift som var ført mot balanse tilbake i 2009 utan at den er realisert og som er forelda.
FV 514- Sandeid Lærdal	4 295	3 325 Forsinka	G/S Sandeid - Lærdal - VA-prosjektet er ferdig. Asfaltering ved samfunnshuset, oppmerking og kantstein på parkeringsplassen ved Sandeid samfunnshus er ferdig. Det er kome inn ønske frå idrettslaget om å sette opp mur langs fotballbana og lysmaster med fysisk avgrensing. Dette blir vurdert når eksisterande prosjekt er ferdig.
Garderobe Sandeid Bufelleskap	5 623	5 801 Iht. plan	Prosjektet gjeld bygging av 2 nye leilegheiter inkl altan, carport med tilhøyrande sportsbod. I tillegg ombygging av 2 eksisterande leiligheiter til administrasjonsdel og garderobar, og diverse oppgradering i eksisterande leilegheiter samt mindre ombyggingar. Kontraktsarbeidet er ferdig og innflytting er sett til 4. november. Det er innvilga husbankfinansiering i prosjektet på kr 3 358 000,- Bygget er tatt i bruk. Det er et meirforbruk på ca 150,- tusen inkl m.v.a. Dette er endringar undervegs i prosjektet som tildømes utskifting av eksisterande ventilasjons aggregat som p.g.a alder ikkje hadde ønska kapasitet eller effekt. Nødvendige brukar tilpassingar som ikkje var avdekkja i prosjekterings fasen er og et element som er kostnads drivande.
Gymbygg Ølen skule Miljøretta Helsevern	202	202 Ferdig	Det er gjennomført fleire tiltak etter rapport frå Miljøretta helsevern. Alle tiltak er gjennomført og ferdigrapporten er godkjent.
Gymbygg/basseng Ølen – nytt ventilasjonsanlegg	4 879	4 978 Iht. plan	Eksisterande ventilasjons aggregater i Ølen gymsal og symjehall er sanert og er erstatta med nye aggregat. Det er installert bassengvannskondensator for å utnytta overskuddsvarme frå kompressor til oppvarming av basseng vann for å redusera energibehovet. For inn transport av det nye aggregata i størst mulig heile delar ble det etablert ein permanent garasje port i kjellarveggen. Denne porten bidrar og til at ein lettar driftsoppgåvene med inn transport av kjemikaliar til basseng drifta. Anlegget er opp kopla til SD-anlegg og brannvarslingsentral. Aggregata er i gangsett og bygget tatt i bruk. Innregulering og innhenting av dokumentasjon pågår. Det vil påløpe kostnader i 2025, og ein vil få et meir forbruk på omlag 300 000,-. Dette skyldast at arbeidet med automasjon og elektro arbeid ikkje var kalkulert og at estimata på dette arbeidet var for optimistiske.
Haugaland brann og redning IKS	6 512	6 511 Ferdig	Prosjektet gjeld etterslep investeringar etter at kommunen gjekk inn i HBR IKS. Dette har vore finansiert over drift for kapitalkostnaden over fleire år, men selskapet ønska at etterslepet blei fullt ut innfridd og dette blei gjennomført i 2024. Beløpet blei justert opp med omlag kr 200 000 i justert budsjett, då det viste seg at oppgitt tal frå HBR var budsjett-tal og ikkje faktisk prisjustert rekneskapstal for faktisk etterslep.
Hovudplan Avløp	600	139 Iht. plan	Hovudplan avløp er investeringsplan for kommunaltekniske tenester som skal syne investeringsbehovet for dei komande åra. Planen gir ei oversikt over kva prosjekter som kommunen skal



Investering	Budsjett for året		
	Rev. bud.	Rekneskap Status	Kommentar
Hovudvassleidning Solheim - Knapphus Del 1	5 358	2 360 lht. plan	gjennomføre i tidsperioden og kva kostnadar som er knytt til prosjekta. Prosjektet er starta. Konsulent har samla inn grunndata. Konsulent har byrja å utarbeide Ros-analyse. Prosjektet er i høve til plan på tid og kostnadar. Det er plan å leggje vassleidning mellom vassverket i Skjold og vassverket i Vats. Dette skal gi tryggare vasstilførsel til innbyggjarane i dei to bygdene. Solheim - Knapphus - prosjektet er i slutfasen på prosjektering. Informasjon til politisk utval (DUK) om prosjektet er gjennomført. Styringsgruppe er etablert. Det blir arbeida med avtale mellom Vindafjord kommune, Fagne og Haugaland kraft fiber. Byggesøknad vert klargjort.
Idrettshallstomt Ølen	-717	18 Ferdig	Kommunen har kjøpt eigedom i tiknytting til SR-stadion i Ølen for å sikre utviklinga til eigedommen som i første omgang vil gjere det mogleg å få bygd eit nytt idrettsanlegg/idrettshall. Planen opnar for utbygging, men i forkant av ei utbygging er det krav om arkeologisk utgraving av store deler av det automatisk freda kulturminne som ligg innafør same område. Planarbeidet er no i slutfasen, og planen kjem til endeleg politisk behandling i juni 2024. Prosjektet har gått over juster ramme og har eit meirforbruk frå 2023 på kr 717 000 i tillegg til årets forbruk. Kommunedirektøren kjem tilbake med forslag om finansiering av meirforbruket. Plan vedteken 18.06.2024
IKT-Investeringer	625	0 lht. plan	Rammeløving sett av til oppgraderingar innan IKT, der det vert gjort løpande vurderingar av korleis midlane best skal brukast. På grunn av lågare kapasitet hos EVIKT og overgang til IKT Nordhordland blei det ikkje brukt noko i 2024.
Inventar og utstyr skule	1 200	1 158 lht. plan	Bestilling er utført for 1.-4.klasse, dei som allereie hadde kjøpt inn nytt til 1.-4. klasse har fått for for 5.-7.klasse. Siste rest av budsjettet blir brukt til inventar til barnehage. i 2025 er det ny innsamling av behov for mellomsteget osv. Vidare vert det sett på inventar til barnehagane fortløpande. Rekneskapet vil halda som budsjettet i 2024.
IT-plan skule	2 299	2 297 lht. plan	Vedtatt innkjøpsplan vert følgt opp og det er god plan på innkjøp og utskifting av IKT utstyr for elevane. Budsjettet er innafor. Når alle betalinger er ferdig oppgjort, blir det kjøpt inn utstyr til lærarar der behovet for utskifting er stort for det stom står igjen på budsjettpost.
Justeringsavtalar	0	1 420 lht. plan	Sum av aktive justeringsavtalar, der kommunen overtek infrastruktur og kan bruke sin justeringsrett til å tilbakeføre meirverdiavgift til kommunen og utbyggjar over 10 år.
Kjøp av omsorgsbustadar Vikedalstunet borettslag	13 829	13 879 Ferdig	Prosjektet ligg kr 829 000 over bevilga ramme noko som skuldast at endelege prisar på einingane vart høgare enn først berekna. I tillegg har ein måtta bruke meir advokatbistand enn berekna for å kjøpe og sikra avviklinga av burettslaget på ein riktig måte. Overtakinga av Vikedalstunet burettslag er no endeleg gjennomført. Bustadane er vert no fullt utleigd til bebuarar med behov for helse og omsorgstenester på lik linje med andre omsorgsbustadar i kommunen. Dette vil også kunne fungere som ein base for



Investering	Budsjett for året		
	Rev. bud.	Rekneskap Status	Kommentar
			heimetenester for indre del av kommunen for å redusere tid til kjøring
Kjøp av transportmidler	0	347 Ikkje vurdert	
Kjøp og sal av aksjar og andelar	8 100	8 180 Iht. plan	I 2024 er det kjøpt aksjar i Vindafjord Tomteselskap AS for 6,9 millionar og gjennomført kapitalforhøgning i Dommersnes AS med 1,2 mill. Resten gjeld advokatutgifter i sambandet med restrukturering av Vindafjord Tomteselskap AS.
Kommunale bygg og uteanlegg&nbsp;	7 488	1 313 Iht. plan	Midlar sett av til oppgradering og nødvendig ombygging for kommunale bygg og uteanlegg. Når mildar frå/til dette prosjekter blir flytta frå/til andre prosjekt , er det innafor same kategori. Enten for å starte et nytt prosjekt, dekke meirforbruk, eller hente inn ein mindreforbruk.Aktuelle underprosjekt er:Lysanlegg kommunale bygg: Arbeid med oppgradering armturer til LED-armaturer er gjennomført i nokre rom ved kommunal bygg. Det er behov for å oppgradere på størstedelen av dei kommunale bygga våre, men det er ikkje sett av meir midlar i budsjettet til dette.Bakgrunnen for utskifting er at gamle lysstoffrør inneheld stoffer som er skadelige for helse og miljø, samt at vanlig lysstoffrør også har mykje høgare energiforbruk enn LED. Tillrettelegging ladepunkt elbil - Alle avtalte ladepunkt er ferdigstilt. Restmidlar blir brukt til å etablera carportar over ladestasjonane ved ØOS og Vindafjordtunet.Oppgradering Rådhuset: Det er starta eit prosjekt med mindre ombyggingar bl.a nye kontor. Akustikkdemping av 4 kontor ble tilført prosjektet, dette arbeidet er ferdigstilt.
Kontorlandskap Sandeid oppvekstsenter	1 500	1 073 Iht. plan	Ombygging "gammel tannlege del" Sandeid skule. til 2 kontor, 1 møterom og kontorfellesskap til 7 pedagogar. Kjøkken og toalett løysning blir ikkje endra.Eksisterande gipshimling og vegger må rivast , og det blir sett opp nye vegger og systemhimling samt nytt golvbelegg. Ventilasjon byggast om til endra bruk, og elektrisk anlegg tilpassa planlagd kontorløysing. Konstruksjon over himling er isolert på ny, og isolasjon tykkelsen er økt for bedre U-verdi.Arbeidet er ferdig og kontorareala er tatt i bruk.Prosjektet har kosta omlag kr 300 000,- inkl m.v.a mindre enn budsjettet.
Kårhusfeltet	12 266	16 215 Forsinka	Dei gamle leidningane i Kårhusfeltet skal skiftast ut. Leidningane er frå tidleg 70-tallet og har nådd si levetid. I tillegg skiftar Fagne AS ut sine elektriske leidningar i feltet.VA-prosjektet er ferdig, men Fagne skulle oppgradere høgspenst, slik at asfaltering blei sett på vent til dette arbeidet er ferdig. Asfaltering blei noko forseinka på grunn av dårleg vær. Kostnadsoverskriding på ca. 15%. Planlagt asfaltering og overlevert kommunen våren 2025.
Miljøgate Vikedal -Holmen Nerheim - næringstomter	498 3 286	0 Ikkje vurdert 2 257 Iht. plan	Kostnadar på dette prosjektet i år gjeld oppgjer til Biovind for ekstrakostnader med erstatningsareal i samband med restriksjonar ved at Statkraft skal byggja ny 420 KV kraftleidning ved Nerheim industriområde.Den kommunale tomta på Nerheim er leigd ut til Statnett (25 da) og skal har derfor blitt grusa opp. Det er komen ein endringsmelding på jobben, flytta grusa område ca. 3m mot nord (nærare Ølen), avkøyring inn på tomt vil og bli flytta og stikk for



Investering	Budsjett for året		
	Rev. bud.	Rekneskap Status	Kommentar
Oppgradering bruer og kaiar	4 797	0 Forsinka	VA må forlengast litt for ikkje å koma i konflikt med avkøyring. Midlar sett av til oppgradering av kommunale bruer og kaiar. Det blei i 2020 utført inspeksjon på alle bruer og kaiar i kommunen, som viser at det er behov for store utbetringar framover. Når mildar frå/til dette prosjekter blir flytta frå/til andre prosjekt, er det innfor same kategori. Enten for å starte et nytt prosjekt, dekke meirforbruk, eller hente inn ein mindreforbruk. Hausten 2022 vart det gjennomført kontroll av 4 bruer som viste teikn til utgliding i fundament. Plan for å prioritere utbetring av bruer er starta men ikkje fullført. Det er gjennomført synfaring på deler av kommunen. Plan for tiltak vil bli laga når synfaring er ferdig utført.
Oppgradering bustad integrering	800	741 Iht. plan	Kommunalteknisk eining har i første omgang fått 5 leilegheiter som kan klargjerast for utleige til integreringstenesta. Det vil vera behov for omfattande oppgradering på fleire av leiligheitene før dei kan leigast ut. Det vil bli laga ei kalkyle på dette. Bustad i Vikebygd er ferdig oppgradert. Bustader i Skjold er under prosjektering. Bustad i skjold er ferdig rehabilitert. Dette har blitt utført i henhold til kalkyle. Blei nokre ekstrakostnader kring eit uhell med spiker i eit vassrør som medførte ein vasslekkasje. Dette medfører uforutsette utgifter på kring kr 20-30 tusen.
Oppgradering kommunale vegar og infrastruktur	2 245	629 Iht. plan	Midlane skal nyttast til prosjekt knytt til oppgradering kommunale vegar. Tilhøyrande prosjekt blir lagt ut som hovudprosjekt og har eiga rapportering. Når mildar frå/til dette prosjekter blir flytta frå/til andre prosjekt, er det innfor same kategori. Enten for å starte et nytt prosjekt, dekke meirforbruk, eller hente inn ein mindreforbruk. Aktuelle underprosjekt er: Skifte av veglyssarmatur: Midlane er aktuelle å nytte til veglys på kommunale vegar i Ølen, Bjoa og Vikebygd og ved kommunale bygg. Lyskjelder som har kvikksølvlamper vert skifta til LED ved lampeskift. Det er henta inn pris frå Haugaland kraft som vi har driftsavtale med. Aktuelle veglys er stort sett ikkje knytt til veglysskap, men er kopla rett til straumnettet. Det er laga ny prioriteringsplan for asfaltering for 2024. Prioritet på Vågshagen, deler av Kyrkjevegen og Bjørkelunden i Vikedal og veg ved Vats skule har prioritet. 23.08.24: Både Kyrkjevegen og Bjørkelunden er ferdige. Vågshagen og Vats skule er i sluttfasen.
Oppgradering omsorgssenter	7 679	442 Iht. plan	Midlane skal nyttast til prosjekt knytt til oppgradering omsorgssenter. Tilhøyrande prosjekt blir lagt ut som hovudprosjekt og har eiga rapportering. Når mildar frå/til dette prosjekter blir flytta frå/til andre prosjekt, er det innafor same kategori. Enten for å starte et nytt prosjekt, dekke meirforbruk, eller hente inn ein mindreforbruk. Det er ikkje pågåande prosjekt ved utgangen av 2024.
Oppgradering Sandeid bufelleskap 4 leil.	2 500	3 844 Iht. plan	I samanheng med at det i Bufellesskapet er eit prosjekt med bygging av 2 nye leilegheiter og ombygging administrasjon, blei det funne rom for å i tillegg oppgradere resterande leilegheiter i bufellesskapet med bakgrunn i stort behov frå både brukarane og eininga. Det er totalt 4 leilegheiter som blir oppgradert innvendig med ny maling, golv og noe kjøkken og baderoms inn redning. Det blir sett opp eit



Investering	Budsjett for året		
	Rev. bud.	Rekneskap Status	Kommentar
			tilbygg for ekstra tilrettelegging for bebuar. Etterkvart som rehabiliterings arbeidet gjekk framover ble det avdekka at mykje av det tekniske anlegget, som brann, elektro, velferdsteknologi/pasientovervåking måtte oppgraderast på grunn av tekniske krav og at eksisterande anlegg var utradert. Nye kjøkken og rehabilitering av bad blei og vurdert som naudsynt undervegs i prosjektet. Arbeidet med rehabilitering av eksisterande leilegheiter blei i starta opp før hovudprosjektet var ferdig stilt, og det ble tatt ei økonomisk vurdering på at det på dette prosjektet vil vera restmidlar som ein hadde tenkt å tilføra rehabiliteringa av resterande leilegheiter. Det vart ikkje restmidlar frå hovudprosjektet som kunne overførast til rehabiliteringa av resterande leilegheiter. Dette blei for seint avdekka og bestillingar som var gjort og arbeid som var sar i gang kunne ikkje reverserast. Midlane er sett av til nødvendig oppgradering av skule/bhg-bygg. Når mildar frå/til dette prosjekter blir flytta frå/til andre prosjekt, er det innfor same kategori. Enten for å starte et nytt prosjekt, dekke meirforbruk, eller hente inn ein mindreforbruk. Aktuelle underprosjekt er: Vikedal skule – innvendige tiltak er gjennomført. Det er ønskje om paviljong, og dette arbeidet vil bli gjennomført med eige personell.
Oppgradering skule og barnehagebygg	318	13 lht. plan	
Oppgradering teknisk bygg Steinsland	2 000	1 125 lht. plan	Det blir lagt ny tekking på taket av Teknisk Drift sitt bygg på Steinsland. Det har vert pågåande lekkasjar som i hovedgrad skyldast at levetida på eksisterande taktekking er overskriden. Ventilasjonanlegg i bygget er ute av drift og skal erstattast med eit nytt som skal betena administrasjonsdelen av bygget. Garasjeportane i bygget skal skiftast ut da det er både luft og vasslekkasje rundt dei eksisterande. Det er montert opp ny led belysning i hall. Eksisterande port inn til området var defekt, og er bestilt.
Oppgradering til LED	71	71 lht. plan	Det var sett av 200 000,- til utskifting av gamle lysarmatur til LED på kommunale uteområder. Skuleområder er prioritert. Det gjenstår nokre tilkoplingar som skal gjennomførast av Helgevold elektro. Bakgrunnen for utskifting er at gamle lysarmatur er at desse inneheld stoffer som er skadelige for helse og miljø, har dårleg lyseffekt, samt har mykje høgare energiforbruk enn LED.
Oppgradering tilrettelagde og kommunale bustader	236	0 lht. plan	Midlane er satt av til generell oppgradering av dei kommunale bustadane, oppgradering av tilrettelagde kommunale bustadar. Tilhøyrande prosjekt er lagt ut som hovudprosjekt og har eiga rapportering. Når mildar frå/til dette prosjekter blir flytta frå/til andre prosjekt, er det innfor same kategori. Enten for å starte et nytt prosjekt, dekke meirforbruk, eller hente inn ein mindreforbruk.
Pasientvarslinganlegg Ølen Omsorgssenter	2 650	2 133 lht. plan	Arbeid med installering av nytt pasientvarslingssystem starta opp i aug 2024. Anlegget blei ferdigstilt i des 2024, og klar for bruk i januar 2025. Prosjektet har fått 1,8 mill. i tilskot frå Husbanken som blir utbetalt i 2025. Det står igjen omlag 1 million i utgifter som kjem på rekneskapen for 2025.
Prosjektleiing/kostkontroll	3 812	2 874 lht. plan	Midlar sett av til å dekke kostnadar for stillingar knytt til prosjektleiing og kostkontroll av investeringsprosjekt. Mindreforbruket skuldast i



Investering	Budsjett for året		
	Rev. bud.	Rekneskap Status	Kommentar
			hovudsak mindreutgifter frå tidlegare år som er vidareført.
Rehabilitering av kyrkjer og kyrkjegardar	486	312 lht. plan	Avhenger av framdrifta til fellesrådet og midlar blir overført etter medgått oversikt frå Fellesrådet på slutten av året. Det ligg i tillegg noko restmidlar frå tidlegare år.
Renseanlegg Raunes Ventilasjonsanlegg	240	209 lht. plan	Utskifting av ventilasjonsanlegg på kloakkreinseanlegget på Raunes. Eksisterande defekt ventilasjonsanlegg er demontert og sanert, nytt anlegg er montert. Arbeidet blir ferdigstilt desse dagar, innregulering av anlegget gjenstår. Grunna for lite kapasitet på sikringar på straum tilførsel til bygget har ein måtte gjort oppgraderingar på dette. Det er uttekteter på container som gjer at det fortsett er sjenerande lukt på anlegget, og ein gjer tiltak med å sette inn ei tett dør til container rommet og auke luft gjennomstrøyming. Kostnadene for dette blir belasta prosjektet og medfører sannsynleg eit meirforbruk i henhold til budsjett på kring 30-40 tusen.
Sal av transportmidler	-168	7 Ferdig	Sal av eldre bilar og eventuelt utstyr innafor rammeområda areal og forvaltning og kommunalteknisk. Foreslått å sette av til fond for kjøp av utstyr i framtida.
Sal eigedommar	164	0 lht. plan	Det er seld ein eigedom til i overkant av kr 700 000 i 2024. I tillegg held ein på med ein total oversikt over kommunen sine eigedommar og kva eigedommar kommunedirektør anbefaler å selje. Det kjem eige sak til formannskapet om dette.
Sjurahagen Vann og avløp	2 000	1 lht. plan	20.12.2024 Prosjektet er under planlegging, beskrivelse er under arbeid.
Skjold Brannstasjon	8 462	4 909 lht. plan	FRAMDRIFTEigedom 170/32 og 170/24 er kjøpt og oppgjort (eigedommar med bygningar). Det er søkt om frådelling og gjeve løye om frådelling for del av eigedom 170/1. Gjennomførast kartforretning veke 39. Omega Areal AS er tildelt arbeidet med utarbeiding av forprosjekt og konkurransegrunnlag for brannstasjonen. Forprosjekt blei ferdigstilt i 2024. ØKONOMI Det er sett opp budsjett basert på erfaringsmessig kostnad pr. kvadrat. KVALITET Prosjektet vert planlagt ut frå føringar frå Arbeidstilsynet og HBR.
Skjold LN vasskum med vassmålar	380	180 Forsinka	Det er noen avklarings som gjenstår før prosjektet starte. Det er ein viktig kum for å kunne fjerna gammal leidning i rør strekket! Me kan da stenge vatnet meir lokalt mot Haraldseidvågen, dermed vil ei stenging i dette området ramme mindre antal abonnentar på vatn. Samstundes er denne kummen ei avslutting av eit tidligare prosjekt.
Skredvoll Vikedal	8 236	0 Forsinka	FRAMDRIFTDet har ikkje vore kapasitet til å prioritere prosjektet administrativt. ØKONOMIDet er sett opp eit budsjett i tidleg fase. Dette kan tryggast når prosjekteringa er utført og omfanget betre kjent. KVALITET Rapport frå NVE vert lagt til grunn for omfang og kvalitet.
Strategisk eigedomskjøp og tomteutvikling	1 973	0 Forsinka	Det er ikkje kjøpt eigedommar på dette prosjektet i år, men det gjennomført kjøp over eigne prosjekt gjennom Vikedalstunet og Skjold brannstasjon. Prosjektmidlane kan dekke eventuelt meirforbruk på desse prosjekta, og må og vurderast opp mot eventuelt meirforbruk på Nerheim-prosjektet knytt til Statnett.



Budsjett for året			
Investering	Rev. bud.	Rekneskap Status	Kommentar
Støyskjerming Ølen Skule	1 300	109 lht. plan	Statens Vegvesen har gitt løyve til å montera ein støyskjerm langs E134 for å redusera trafikkstøy til uteområdet til skulen. Skjermen blir i tre og skal forankrast til eksisterande betongføringskant. Høgda på skjermen blir omlag 2 meter frå vegbanen (omlag 1 meter over toppen på betong/føringskant). Lengda på skjermen langs E134 blir omlag 130 meter. Lydprosjektering for kartlegging av effekt av skjerm er utført. Procon har prosjektert ei løysing på innfesting til betongføringskant og prosjektering på utførsel av treskjermen som er sendt til Statens Vegvesen for godkjenning. Avventar svar på dette før ein byggjemelder og kontraherer utførande. Arbeider med å få ei godkjenning på at me setter opp ein 14 meter lang støyskjerm langs naboeigedom i øste ende som blir festa til mur som går i eigedomsgrensa. Framdrift: Rapportera i henhold til plan denne gangen, men det er usikkerheit i forhold til kor lang tid dei forskjellige prosessane m.t.p godkjenningar i Stat og kommune tar. Desember 24. Etter dialog med saksbehandlar i Staten vegvesen fekk eg beskjed at Staten Vegvesen ikkje kunne godkjenne løysing frå Procon, og måtte sende denne til Vegdirektoratet for godkjenning. Eg blei anbefalt av saksbehandlar å kontakte Road Supply AS som har prosjektert og fått pregodkjenning på støyskjermar på tilsvarande betongføringskanter. Det er nå dialog mellom Road Supply og vegdirektoratet på detalj prosjektering. Eg har foreløpig ikkje sett teikningar på innfesting av støyskjerm som blir prosjektert nå, men fryktar at innfestinga til betongføringskanten er noko meir omfattande en forslaget til Procon. I vestre ende av støyskjerm må det fundamenterast drect i grunn da ein må ha etablert sikt linje for bussar som skal ut frå busstoppen.
Symjehall og bygdehus	129 163	120 818 lht. plan	FRAMDRIFT Totalentreprenør GL Prosjektservice AS melder at framdrift er iht. plan for overlevering 30.04.2025. Dei er berettiga fristforlenging om dette skulle verta påkrevd. Bygdehuset ventast tett med vindauger veke 39. Basseng er Biovarmeanlegget vert utbygd av Vindafjord Biovarme DA. Oppstart grunnarbeid vart starta i oktober. Anlegget skal levera varme for prøvedrift frå mars 2025. Asplan Viak AS er tildelt arbeida med prosjektering av ny vassleidning og spillvassleidning frå Kårhus bru til Vatne (ny symjehall og bygdehus). Prosjekteringa vart slutført november 2024, og entreprenør er kontrahert til arbeidet. ØKONOMI Prognosa tilseier om lag 0,5% over budsjett. Løns- og prisstigning påverkar endelege tal. KVALITET Prosjektet utførast med kvalitetar iht. plan. Det er bestilt automatisk returspyleanlegg i tillegg til opprinneleg utstyr. Dette vil gje vesentlege sparingar for driftspersonale.
Tilrettelegging ladepunkt elbil	24	24 lht. plan	Elbilladerar på Vindafjordtunet, Ølen omsorgssenter, Gnisten og rådhuset ferdig. Psykiatrisk dagsenter, Hauatunet, Ølen skule og teknisk bygg Sandeid er ferdig. Det er meir pengar igjen på budsjettet så det vil bli vurdert nye ladestasjonar eller betre tilrettelegging på eksisterande punkt i form av carportar på både ØOS og Vindafjordtunet. Planlegging er starta.



Investering	Budsjett for året		
	Rev. bud.	Rekneskap Status	Kommentar
Trafikksikring	4 448	6 lht. plan	Rammeløyving til vert nytta til trafikksikringstiltak Når mildar frå/til dette prosjekter blir flytta frå/til andre prosjekt , er det innafor same kategori. Enten for å starte et nytt prosjekt, dekke meirforbruk, eller hente inn ein mindreforbruk.Avsette midlar vert nytta til trafikksikringstiltak i hovudsak knytt til strekninga 4 km frå skule og til tiltak som kan fjerne behov for skuleskyss grunna farleg skuleveg mellom heim og busstopp. Midlane vert også nytta som kommunal eigenandel i prosjekt der kommunen får fylkeskommunale trafikksikringsmidlar. For dette arbeidet vert det gjeve tilskot frå fylket på 50 %.Vossasvingen: Avtale om gjerdeutforming med siste grunneigar er underskriving og klar til utføring. Også betaling for grunn for eigedom manglarTrafikksikring: Skjoldavik : Skjoldavikvegen: Vi er tildelt trafikksikringsmidlar frå FTU i 2023 til å lage plan. Tilskotssum er kr 150 000. Kostnad er rekna til kr 300 000. Som ein del av tiltaket er skilt for avgrensing for store bilar som køyrer gjennom Skjoldavik sett i drift. Vi er tildelt trafikksikringsmidlar frå FTU i 2023 til å etablere veglys langs første del av Apalvikvegen. Tilskotssum er kr 150 000. Kostnad er rekna til kr 300 000. Arbeidet er ikkje starta.I 2024 er det gjennomført trafikksikringstiltak ved Vågen skule, men dette har ikkje blitt belasta trafikksikringsprosjektet.
Trafikksikring Vats skule	82	0 lht. plan	Trafikksikringstiltak Vats skule - i forbindelse med stenging av gangveg ved skulen er det nå laga til ny "droppsone" der foreldre kan bruka grusbannen til å setja av barn som skal til skulen. Område er rydda for vegetasjon for siktsone og det er laga rundkjøring og sett opp lys. 19.12.24 Etter pålegg frå SVV må eksisterande gjerde langs FV flyttast noko.
Utbygging kommunale vegar	10	0 lht. plan	Rammeløyving til utbygging nye kommunale vegar. Når mildar frå/til dette prosjekter blir flytta frå/til andre prosjekt , er det innafor same kategori. Enten for å starte et nytt prosjekt, dekke meirforbruk, eller hente inn ein mindreforbruk.Aktuelle underprosjekt er:Ny veg Gartnarhagen ble ferdig i 2022. Midler på hovudprosjekt har eit meirforbruk da Garterhagen har hatt ein større kostnad en budsjettet, ca 1,3 mill. Ny veg i Liofeltet i Vikebygd: her er det ikkje grunn til å tru at det er nok pengar. Prosjektet blir sett på vent. Midlane skal nyttast til prosjekt knytt til ute-anlegg for skule og/eller barnehage. Fleire av prosjekta kan delfinansierast av spelemidlar. Tilhøyrande prosjekt er lagt ut som hovudprosjekt og har eiga rapportering.Når midler frå/til dette prosjekter blir flytta frå/til andre prosjekt , er det innfor same kategori. Enten for å starte et nytt prosjekt, dekke meirforbruk, eller hente inn ein mindreforbruk.Meirforbruket skuldast fordeling av budsjett på underprosjekt jf. fordeling av mildar etter gjennomgang av uteområder gjort i 2024.
Uteanlegg skule og barnehage	567	632 lht. plan	Prosjektet i Sandeid barnehage er ferdig. Kompan er leverandør av leikeplass-utstyr. FAU er initiativtakar til prosjektet og har skaffa eksterne midlar frå lokale bedrifter. Det er lagt ned ein god del dugnadstimar i prosjektet. Anlegget blei ferdigstilt i slutten av mai. Meirforbuken er MVA
Uteområde Sandeid bhg 2024	321	774 Ferdig	På Vats skule har eksisterande asfalt blitt fjerna og ny asfalt lagt. Det er støypt ny kantstein som avgrensing
Uteområde Vats skule	2 900	1 762 lht. plan	




Investering	Budsjett for året		
	Rev. bud.	Rekneskap Status	Kommentar
			til plenar. Eksisterande støttemur v/skulekjøkken og gymsal som hadde "lagt " seg over er fjerna, og ny støttemur med fundament er støypt. Det er og støypt plate til ein gapa hauk. Eksisterande solskjerming v/skulekjøkken er fjerna og blir nå erstatta med eit tak overbygg. Planlagt arbeidet er ferdigstilt. Det blir vurdert ekstratiltak med grøft for å stoppa vatn som renn inn på skuleområde.
VA Kårhusbru til Symjehall	0	674 Ikkje vurdert	Asplan Viak AS er tildelt arbeida med prosjektering av ny vassleidning og spillvassleidning frå Kårhus bru til Vatne (ny symjehall og bygdehus). Prosjekteringa vart slutført november 2024, og entreprenør er kontrahert til arbeidet.
VA-anlegg Isvikvegen til Vikevegen	2 000	51 Ikkje vurdert	Dette vert eit samarbeidsprosjekt mellom Fagne, bustadprosjektet "Isvik Brygge" og teknisk: Fagne skal legge kabel i trasé langs leiligheiter.
Vatn	3 431	2 824 Iht. plan	Midlane skal nyttast til prosjekt knytt til vannforsyningTilhøyrande prosjekt blir lagt ut som hovudprosjekt og har eiga rapportering.Når milder frå/til dette prosjekter blir flytta frå/til andre prosjekt , er det innafor same kategori. Enten for å starte et nytt prosjekt, dekke meirforbruk, eller hente inn ein mindreforbrukAktuelle underprosjekt er:VA-anlegg Kyrkjevegen vatn: Entreprenør AB Andreassen. 90% utført. Mykje uforutsett har gitt kostnadsauke. Styrer prosjektet til kostnadsauke på ca. 25%. Har nå planert veg og gjort klar til asfaltering, samt byrja å sette opp murar langs veg. Miljøgate Sandeid vatn: samarbeidsprosjekt med Rogaland fylkeskommune. Arbeidet med detaljplanlegging og grunneigaravtaler er i slutfasen. Har starta gjennomgang med konsulent om VK sin del.VA-anlegg Isvik vannledning FK. Prosjektet er ferdig langs fylkesvegen og eit strekk på omlag 50meter ned langs Isvikvegen (Forbi innkjørselen til Ødegård) . Det gjenstår asfaltering som må sjåast på i samanheng med Prosjekt Isvik Brygge. Prosjektet er ikkje ferdig fakturert, manglar slutt faktura får Bjarne Nesheim og Haraldseid Rør. Omkobling VL Eidhammar - Prosjektet er ferdig, men ved graving på eigedom 119/5 og VL blei stengd så forsvann vatnet på eigedom 126/2. Blir meir kostnader for å kutte ut gamal VL.
Vikedal vassverk Innløpsventil	200	0 Ferdig	Innløpsventilen til vassbassenget er byttet, det er samtidig blitt oppgradert noe på rørsystemet i vassverket!
Vågen Bedehus og veg til skule	2 267	2 267 Iht. plan	Prosjekt gjeld asfaltering av veg i Vågshagen, trafikkisikring av inn/utkøyring på skuleområdet og asfaltering av p-plass. I tillegg er det fornya ein overvasskum inkl leidning. 19. 12.2024 Alt grunnarbeid og asfaltering og oppmerking er ferdig, men lys langs fortau inn på område er ikkje heilt ferdigstilt.
Ølen kyrkjegard, ny veg, parkering og utviding	1 000	0 Forsinka	Planforslaget er vedteke. Prosess knytt til avtale om grunnnerverv har stoppa opp, og med bakgrunn mange pågåande prosjekt, fekk ein ikkje høve til å påbygne arbeidet i 2024. I budsjettet for 2022 blei det vedtatt å trekke tilbake midlane til prosjektet og legge dei inn igjen i 2024 og 2025.
Sum andre prosjekt	0	14	
Sum	291 210	229 620	

Oppfølging av klima

Klimastatistikk

Utslepp av klimagassar per kommune

Grafen viser utslepp av klimagassar i tonn CO2-ekvivalentar




Tabellen viser utslepp av klimagassar i tonn CO2-ekvivalentar

	Vindafjord
Luftfart	0,0
Oppvarming	1 285,8
Industri, olje og gass	3 070,2
Sjøfart	5 829,8
Veitrafikk	17 113,4
Avfall og avløp	7 387,2
Annen mobil forbrenning	8 458,5
Jordbruk	52 727,4
Energiforsyning	0,0
Sum	95 872,3

Utslepp av klimagassar per år

Grafen viser utslepp av klimagassar i tonn CO2-ekvivalentar



Tabellen viser utslepp av klimagassar i tonn CO2-ekvivalentar

	2013	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023
Luftfart	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0
Oppvarming	1 616,1	1 340,8	2 456,1	1 490,5	1 246,6	1 085,5	987,3	1 029,9	1 158,3	1 285,8
Industri, olje og gass	1 354,7	2 119,3	2 913,5	2 518,1	2 379,6	2 334,2	2 157,6	2 599,9	2 608,5	3 070,2
Avfall og avløp	15 493,4	12 950,8	12 592,4	10 540,0	10 163,9	9 546,0	9 040,2	8 121,6	7 787,4	7 387,2
Veitrafikk	20 390,0	20 331,3	19 258,8	17 824,3	18 519,4	17 733,3	17 273,3	17 468,6	17 692,9	17 113,4
Sjøfart	9 516,0	9 373,6	9 366,5	8 817,5	8 546,4	5 761,2	9 289,7	6 831,2	5 959,3	5 829,8
Annen mobil forbrening	8 540,1	6 821,8	5 512,9	4 776,5	4 917,5	7 545,3	7 209,3	8 581,6	8 012,3	8 458,5
Energiforsyning	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0
Jordbruk	55 019,3	56 584,6	56 269,5	54 659,3	53 803,9	53 756,4	54 161,9	54 689,7	52 842,7	52 727,4
Sum	111 929,7	109 522,2	108 369,7	100 626,3	99 577,4	97 761,8	100 119,3	99 322,6	96 061,4	95 872,3

Tabellen viser utslepp av klimagassar i tonn CO2 (karbondioksid)

	2013	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023
Oppvarming	1 026,4	808,7	2 013,5	951,6	830,3	735,0	567,4	623,7	633,8	870,6
Annen mobil forbrening	8 424,3	6 728,8	5 436,8	4 709,9	4 849,3	7 443,5	7 112,1	8 465,0	7 903,3	8 130,0
Luftfart	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0
Industri, olje og gass	1 350,6	2 112,0	2 905,8	2 511,3	2 373,2	2 327,9	2 151,8	2 593,0	2 601,5	3 062,2
Sjøfart	9 344,4	9 344,4	9 344,4	8 788,6	8 509,0	5 701,6	9 253,8	6 769,6	5 890,4	5 829,8
Veitrafikk	20 219,8	20 144,4	19 059,4	17 613,8	18 297,3	17 500,6	17 039,5	17 226,0	17 443,4	16 861,9
Avfall og avløp	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0
Jordbruk	624,8	643,6	685,1	634,4	769,1	908,7	961,8	965,2	998,8	1 078,4
Energiforsyning	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0
Sum	40 990,4	39 781,9	39 445,0	35 209,6	35 628,2	34 617,4	37 086,4	36 642,5	35 471,3	35 833,0



Tabellen viser utslepp av klimagassar i tonn CH₄ (metan)

	2013	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023
Luftfart	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0
Oppvarming	569,7	515,8	424,6	520,9	401,7	336,2	404,9	389,5	506,8	398,5
Industri, olje og gass	3,4	6,1	6,4	5,6	5,3	5,2	4,8	5,7	5,8	6,7
Sjøfart	45,6	8,3	5,0	7,0	7,5	8,3	6,6	10,5	9,4	0,0
Veitrafikk	35,3	35,9	37,4	39,1	41,1	42,8	44,0	45,2	46,1	47,1
Avfall og avløp	14 860,6	12 520,9	12 109,5	10 315,3	9 929,5	9 313,8	8 815,7	8 016,4	7 673,9	7 285,2
Annen mobil forbrenning	19,8	16,5	14,6	13,5	13,5	16,9	16,2	18,7	18,0	43,0
Jordbruk	33 642,8	34 962,3	34 635,3	34 146,4	32 846,3	32 102,1	32 666,2	33 244,4	32 084,5	32 607,7
Energiforsyning	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0
Sum	49 177,2	48 065,7	47 232,8	45 047,8	43 244,8	41 825,3	41 958,5	41 730,5	40 344,4	40 388,1

Tabellen viser utslepp av klimagassar i tonn N₂O (lystgass)


	2013	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023
Luftfart	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0
Oppvarming	20,1	16,3	18,0	18,0	14,6	14,3	15,0	16,7	17,7	16,7
Sjøfart	125,9	20,9	17,1	21,9	30,0	51,2	29,3	51,2	59,5	0,0
Veitrafikk	134,9	150,9	162,0	171,4	181,0	189,9	189,7	197,4	203,4	204,4
Avfall og avløp	632,8	430,0	482,9	224,7	234,4	232,2	224,5	105,2	113,5	101,9
Annen mobil forbrenning	96,0	76,5	61,5	53,1	54,7	84,9	81,0	97,9	91,0	285,5
Energiforsyning	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0
Jordbruk	20 751,7	20 978,7	20 949,0	19 878,5	20 188,5	20 745,5	20 533,9	20 480,0	19 759,4	19 041,4
Industri, olje og gass	0,7	1,3	1,3	1,2	1,1	1,1	1,0	1,2	1,2	1,4
Sum	21 762,1	21 674,5	21 691,8	20 368,8	20 704,3	21 319,1	21 074,5	20 949,6	20 245,8	19 651,2

Utslepp av klimagassar per gass

Grafen viser sum utslepp fordelt per sektor og type utslepp



Årsmelding 2024




Tabellen viser utslepp av klimagassar i tonn CO2-ekvivalentar

	2023
Luftfart	0,0
Oppvarming	1 285,8
Sjøfart	5 829,8
Veitrafikk	17 113,4
Avfall og avløp	7 387,2
Annen mobil forbrenning	8 458,5
Jordbruk	52 727,4
Energiforsyning	0,0
Industri, olje og gass	3 070,2
Sum	95 872,3

Utslepp av klimagassar per innbyggjar

Grafen viser utslepp av klimagassar i tonn CO2-ekvivalentar



Tabellen viser utslepp av klimagassar i tonn CO2-ekvivalentar

2013 2015 2016 2017 2018 2019 2020 2021 2022 2023



Årsmelding 2024

Vindafjord	13,0	12,5	12,3	11,4	11,3	11,2	11,5	11,4	10,9	10,8
Rogaland	10,2	9,9	9,7	9,6	9,6	9,6	9,1	9,1	8,7	8,4
Landet uten Oslo	9,1	8,9	8,6	8,3	8,4	8,1	7,7	7,6	7,7	7,7
Kostragruppe 01	8,1	7,9	7,7	7,5	7,7	7,5	7,2	7,4	7,3	6,9
Sum	40,4	39,1	38,3	36,9	37,0	36,3	35,4	35,5	34,6	33,8


Klimastatistikken har eit etterslep i tid så siste tilgjengelege tal er frå 2023. Tala viser utsleppet til heile samfunnet og Vindafjord har førebels berre fokus på direkte utslepp.

Utsleppet per innbyggjar gjekk svakt ned frå 2022 og var i 2023 høgare i Vindafjord enn både landet, KOSTRA-gruppa og Rogaland. Tala har vore relativt stabile over dei 10 siste åra.

Jordbruk er den største enkeltkategorien og utgjorde om lag halvparten av utsleppet i kommunen i 2023. Nest størst i 2023 var vegtrafikken, som hadde ein liten nedgang frå 2022.

Klimaregnskap

Gjennomsnittleg klimafotavtrykk



Status klimaoppdrag

Ikkje-kvantifiserbare utsleppsreduksjonar

"-" synast der det ikkje er registrert data

Oppdrag	Beskriving	Status	Beskriving av status
Klimatiltak	Kommunestyret ønsker å sjølv bli meir medvitne Vindafjord sitt ansvar i klimaarbeidet og naturmangfaldet. Difor skal arbeidet med Klimabudsjett intensiverast.	Ferdig	Det tilsett eigen klimarådsgjevar i kommunen og området har godt fokus i organisasjonen. Klimabudsjett er del av økomimplan og det vil bli lagt til fleire tiltak framover





Status overordna mål og strategiar

Samfunnsdelen av ny kommuneplan for Vindafjord blei vedtatt i 2024. Denne årsmelding er difor den siste som rapporterer opp mot den gamle utgåtte samfunnsdelen.

Visjon

Vital og sentral

”Vindafjord kommune – VITAL OG SENTRAL” er kommunen sitt slagord, og er godt dekkande for kommunen si overordna målsetjing som livskraftig distriktskommune på Indre Haugalandet. Kommunen sitt verdival er sentrert omkring omgrepa trivsel, handlekraft og levande bygder. I ordet VITAL ligg evne til omstilling, prioritering og nyorientering i høve til dei utfordringar som ligg framføre oss. Kommunen skal vera proaktiv i sine prioriteringar og val.

I ordet vital ligg og at ein skal arbeida for å vidareutvikla levande bygder og nytta den krafta som ligg i bygdeengasjementet, til positiv utvikling for alle innbyggjarane. Kommunen skal vera stadig på leit etter betre løysingar for innbyggjarane og ha fokus på kvalitetsutvikling av tenestene.

Ordet SENTRAL femnar om kommunen si sentrale plassering og ambisjonen om å vera sentrum for Indre Haugalandet. Det er forpliktande i høve til utvikling av Ølen sentrum og å leggja til rette for næringsutvikling og vekst. Det er og ei målsetjing at kommunen er sentral i høve til kor folk ønskjer å bu og arbeida og kor bedrifter ønskjer å etablera seg. Dette krev nært samarbeid mellom kommune, frivillige lag og organisasjonar og næringslivet.

Verdiar

- Den kommunale tenesteytinga skal vera prega av høg kvalitet og respekt for den einskilde. Tenestetilbodet skal bidra til at den einskilde opplever meistring av eigen kvardag og eige liv.
- Arbeidsmiljøet i Vindafjord kommune skal vera prega av innsatsvilje, trivsel og humor.
- Vindafjord kommune skal vera i takt med utviklinga. Innovasjon, samhandling og endringskompetanse skal prega organisasjonen og tenesteutviklinga. I dette ligg og det å ta vare på og vidareutvikla god praksis.
- Kommunen skal gjennom strukturert samhandling med frivillig sektor bidra til eit aktivt og positivt bu- og oppvekstmiljø i alle bygdene.
- Vindafjord kommune skal ta ei sentral rolle i utviklinga av den indre delen av Haugalandet, med Ølen som eit naturleg senter.

Kommunestyret vedtok i Budsjettet for 2024 tre hovudmål det skulle jobbast med: effektiv tenesteyting, berekraftig organisasjonsutvikling og framtidsretta samfunnsutvikling.

Effektiv tenesteyting

I løpet av dei neste åra er det viktig å utvikla tenestene med tanke på meir førebygging og meir hjelp til sjølvhjelp. Kommunen skal i større grad leggja til rette for den einskilde sin moglegheit til å klara seg sjølv og i mindre grad «ta over» ansvaret. Dette krev meir satsing på førebygging og tilrettelegging, haldningsendringar hjå dei tilsette og nytt blikk på den einskilde sitt reelle behov. Motivasjon og



arbeidsglede hos den einskilde tilsette er viktig for å få til haldningsendring, vilje og lyst til å ta nye utfordringar i naudsynt tenesteutvikling.

For å få dette til, satsar kommunen på å rekruttera og utvikla leiarar med fokus på desse hovudområda innan arbeidsmiljø:

- leining og organisering, psykososialt arbeidsmiljø og kultur, fag, fysisk arbeidsmiljø og ergonomi og individuelle tilhøve.

Innsats her vil på sikt føra til naudsynt nedgang i sjukefråvær.

Kommunestyret vedtok følgjande delmål under dette hovudmålet:

- *Enkeltmenneska skal i størst mogeleg grad meistra eige liv. Tenestetilbodet basert på samarbeid og medansvar skal byggja opp om dette*
- *Ha butilbod som er tilpassa menneske i ulike livssituasjonar*
- *Tilretteleggja for gode bu- og oppvekstvilkår for born og unge*
- *Vera eit ope og inkluderande samfunn der alle har like rettar, plikter og moglegheiter for samfunnsdeltaking*

Status

Vindafjord kommune nyttar BTI-modellen (Betre Tverrfagleg innsats). Ei driftsgruppe for Laget Rundt Barn og Unge (LRBU) rapporterer til styringsgruppa, som består av kommunalsjefane for oppvekst, helse/omsorg og samfunnsutvikling. Dette sikrar betre samhandling mellom tenestene for barn og unge. På kommunen si nettside er det ein knapp som leier direkte til handlingsretteleiarar for BTI og barn og unges helseteneste i Helse Fonna. Tenestekatalog for LRBU skal også kome som ein knapp på framsida etter kvart, for å gjera det lettare å finne raske svar og kontaktinformasjon til tenestene som jobbar med barn og unge.

Berekraftig organisasjonsutvikling

Vindafjord kommune skal vera ein omstillingsdyktig og serviceinnstilt organisasjon til beste for innbyggjarane. For å få til dette, er det nokre faktorar som må vera på plass internt i organisasjonen. Ein må ha tilsette som har evne og vilje til stadig forbetring, som arbeider saman på tvers av interne skiljelinjer, og som er tilsett i ein godt styrt og økonomisk ryddig organisasjon. Skal ein få dette til, er det viktig å involvera tillitsvalde tidleg i omstillingsprosessar. Leiarane må vera tydelege, ha god leiarkompetanse og ta ansvar for å få til eit godt samarbeid

Kommunestyret vedtok følgjande delmål under dette hovudmålet:

- *Ein omstillingsdyktig og serviceinnstilt kommuneorganisasjon til beste for våre innbyggjarar*

Status

I tillegg til endringane som kom som ei følgje av Covid-19 med tanke på digitalisering og nye måtar å arbeida på, har administrasjonen dei siste åra innført fleire ulike verktøy og system som, saman med endra arbeidsprosessar, forenkler kvardagen for dei tilsette. Vidare utvikling i større grad skje saman med andre kommunar gjennom samarbeidet i IKT Nordhordland, som kommune vedtok å gå inn hausten 2024.

Mellom anna har ein tatt i bruk planmodul og vidareutvikla rapportering gjennom Framsikt og oppdatert sak/arkivsystem i eit samarbeid med 6 andre kommunar på Haugalandet. I 2023 har organisasjonen tatt



i bruk eit nytt system for internkontroll og avvikshåndtering, som gjorde dette arbeidet enklare og meir tilgjengeleg for den enkelte tilsette.

Heiltid er eit fokusområde i Vindafjord kommune. Dette famnar om heile organisasjonen, sjølv om det til no har vore mest pleie og omsorg (og barnehagane) som har vore gjenstand for arbeidet. Auka andel heiltidstilsette er eitt av verkemidla for å få til ei berekraftig organisasjonsutvikling. I 2024 vart prosjektet TØRN vidareført innanfor Pleie- og Omsorgssektoren, der både heiltid og oppgåvefordeling er tema.

Arbeidsgjevarstrategi, leiarkriterier, leiarutvikling, endringsleiing og eit godt samarbeid med tillitsvalde er andre verkemiddel for god organisasjonsutvikling. I 2024 blei det sett i gang program for leiarutvikling og strategisk rekruttering, samt gjennomført opplæring innan faktaundesøking og varslings.

Også i 2024 blei det gjort endringar i organisasjonen, der Vats barnehage blei lagt ned og oppvekstsentra Bjoa og Imsland fekk felles einingsleiar med høvesvis Vågen og Sandeid.

Framtidsretta samfunnsutvikling

Lokal samfunnsutvikling spanner vidt. Det handlar om kommuneplanen, stadsutvikling, å skapa engasjement og tilhøyre, utradisjonelle og nyskapande grep i utviklinga av tenestetilbodet, å stimulera til demokratisk deltaking, samferdsle, transport og digital infrastruktur for å nemna noko.

Samfunnsutviklingsrolla handlar i stor grad om å utnytta det lokalpolitiske handlingsrommet og å organisera arenaer for samhandling og utvikling av nettverk mellom dei ulike aktørane i lokalsamfunnet. Kommunen har ei nøkkelrolle i å få til ei positiv samfunnsutvikling. Kommunen må ta ansvar for heilskap i prosessane, sørgja for at alle grupper blir høyrte og representerte. Kommunen må mobilisera til lokale krafttak og utløysa og støtta opp om lokale initiativ. Dette arbeidet må gjerast i nært samarbeid med grendelaga, med frivillige lag og organisasjonar og med næringslivet. Kommunen har tradisjon for dugnadsarbeid, både frå næringslivet, frivillige lag og organisasjonar og enkeltindivid. Den dugnadsanda blir viktig å pleia.

Ny vekst i Vindafjord!

For å få ny vekst innan eit variert næringsliv må kommunen vera på «offensiven» som ein attraktiv kommune å etablera seg i. Vekst i næring og etablering innan så vel handel, tenesteyting, industri og landbruk vil skapa nye arbeidsplassar, auka inntekter og få nye innbyggjarar til kommunen. Eit viktig tiltak for å nå dette målet er å ha ei strategisk satsing på tilrettelegging, utvikling og marknadsføring av ledige næringsareal i heile kommunen. Dette gjelder både kommunale og private næringsareal som er avsett i arealplanen til kommunen. Det skal og vera fokus på samarbeid og ei effektiv førstelinjeteneste for næringslivet som kontaktar kommunen. Det er viktig å vera synleg og vera klar til handling når nytt næringsliv vil etablera seg i kommunen.

Mål: Forvalta naturressursar og menneskeskapte verdiar forsvarleg

Strategi: I arealplanlegginga skal ein sikra at viktige jord- og skogbruksområde og andre naturressursar ikkje vert nedbygde

Status



Det er ei viktig oppgåve i planlegginga og forvaltning å ta vare på naturressursane og særskilt verna om god matjord. Samstundes veit me at jordvernet må balanserast mot storsamfunnet sine behov. Denne balansen arbeidast det med i kvar sak og plan som er oppe til behandling gjennom året. Denne balansen er særleg viktig i revisjonsarbeidet til kommuneplanen som hadde oppstart i 2020, medverknad i 2021. I 2024 har me arbeidd vidare blant anna med dette tema og ei utfordring som enda står igjen er korleis med beste skal sikre den beste landbruksjorda. Dette er ein viktig faktor i arealdelen som blei lagt på høyring i 2024

Mål: Fremja folkehelse og jamna ut sosiale helseskilnader

Strategi: Arbeida heilskapleg og sektorovergripande med folkehelse

Status

Kommunen skal ha «folkehelse i alt me gjer».

Folkehelsearbeidet

Arbeidet med folkehelse i kommunen er organisert gjennom folkehelseforum. Folkehelseforumet er tverrfagleg med representantar frå alle fagområda i kommunen. Forumet utarbeidar og arbeidar etter årlege tiltaksplanar. Det meste av arbeidet foregår i heileorganisasjonen og mest i ordinær drift, men med eit lite årleg tilskot på ca 100 000.

Mål: Ha energi-, og klima- og miljøfokus med i kommunal planlegging og i konkrete tiltak

Strategi: Arbeida systematisk, heilskapleg og sektorovergripande i arbeidet med samfunnstryggleik, klima- og miljø.

Status

Kommunen har energi, og klima og miljøfokus i alle nye prosjekter, til dømes ved bygginga av Solbakken som la til rette for 7 nye omsorgsbustadar. I planlegginga av dette bygget blei energi- og miljøtiltak vurdert og bygget blei kopla til flisfyringsanlegget i Ølen og fekk solcellepanel på taket. Ladepunkt for elbil blir planlagt og bygd ved nye kommunale bygg og for nye parkeringsplassar. I 2020 blei me med i det interkommunale prosjektet som arbeidar fram klimavennleg innkjøp.

Også i 2024 har vi hatt eige klimabudsjettet og me har fleire direkte klimabudsjett-tiltak å rapportere på.

Samfunnstryggleik og beredskap

Strategi: Arbeida systematisk, heilskapleg og sektorovergripande i arbeidet med samfunnstryggleik, klima- og miljø.

Revisjon av "Overordna risiko- og sårbarheitsanalyse for Vindafjord kommune" blei vedteken våren 2020. Handlingsplanen for samfunnstryggleik og beredskap blei vedteken i november 2020. Etter tilsyn frå statsforvalteren i desember 2020 måtte kommunen revidere både ROS-analysen og handlingsplanen. Begge blei endeleg vedteken til sommaren 2022. Ein har i 2024 begynt arbeidet med rullering av desse og arbeidet skal etter plane gjerast ferdig i 2025.



Mål: Årleg befolkningsvekst på 1 %

Strategi: Det er viktig å utvikla og marknadsføre Vindafjord kommune

Attraktivitet og busetnad

Kommunen hadde ein befolkningsauke på omlag 1% i ca 10 år fram til 2015/2016. Den kurva flata så ut og det blei nokre år med reduksjon. Sidan 2020 har folketalet auka igjen og i 2023 var veksten igjen over 1 %. I 2024 blei veksten rett under 1,5 %. Det er grunn til å tru at den sterke veksten dei siste åra er knytt til høgt mottak av flyktningar. Ved årsskifte var det 9 069 innbyggjarar i Vindafjord kommune, som er det høgaste folketalet som er registret nokon gang.

Vindafjord kommune må i alt me gjere tenke korleis me kan vere ein attraktiv stad å bu. I 2024 har ein, saman med fleire private aktørar, oppkapitalisert og revitalisert Vindafjord tomteselskap. Fleire deler av næringslivet, frå fleire bygder har skote inn 7 millionar i selskapet og samtlege av dei tidlegare eigarane i selskapet har akseptert å skrive ned tidlegare sine tidlegare aksjepostar til kr 0,-. Dette er eit framifrå eksempel på den dugnadsånd Vindafjord representerer. Tomteselskapet er eit viktig verkemiddel for å legge til rette for attraktive tomter og det er svært positivt at selskapet no er rigga for ny giv. I tillegg må kommunen sjå på fleire verkemiddel for å stimulere til attraktive tomtar og fleire leilegheiter i kommunen.

Prosjekt Vakre Vindafjord har vore eit viktig arbeid dei 5 siste åra. Hovudmålet er å få fleire til å busetja seg i kommunen. Det viktigaste prosjektet i 2024 har vore Gode VIBar i Vindafjord. Det er eit underprosjekt til Vakre Vindafjord og har som hovudmål fleire innbyggjarar i dei tre minste bygdene i kommunen, Vikebygd, Imsland og Bjoa. Prosjektet styrast og skal realiserast gjennom bruk av Rogalandsmodellen. Dette er ein modell for nærings- og stadsutvikling som Rogaland fylkeskommune utviklar vidare. Dette skapar stort engasjement og eigar-skap til prosjekta som løftas fram. Prosjekta skal følgjast tett til dei er realiserte og krevjar samarbeid av lokal befolkning, næringsliv, kommune og Fylkeskommune.

Næringsliv og handel

Den største næringsgruppa i Vindafjord kommune er industriverksemd, etterfølgt av helse- og sosialtenester og jordbruk, skogbruk og fiske. Vindafjord er kjent for eit sterkt næringsliv. Vindafjord kommune hamna på 17. plass på [NHOs kommunebarometer](#), opp frå 20. plass året før. Barometeret rangerar kommunane etter attraktivitet og lokal vekstkraft basert på forhold ved næringsliv, arbeidsmarknad, demografi, kompetanse og kommunal økonomi. Det er spesielt på kategoriane næringsliv (14. plass) og arbeidsmarknaden (p. plass) kommunen skårar veldig høgt.

2024 har i alle hovudsak vore eit godt år for næringslivet. Krig i Europa, enorm prisvekst og fleire renteaukar har gjort framtidutsikten meir usikre, men det lokale næringslivet har vist stor omstillingsevne og mange har framleis god framtidstru og mange bedrifter leverer svært gode resultat.

I 2022 vart det og igjen større aktivitet på det kommunale industriområdet på Dommersnes, der Aker Solutions har produsert understella til dei 11 havvindmøllene i prosjektet Hywind Tampen. Forhåpentligvis er dette starten på eit nytt industrieventyr på Dommersnes, og kommunen ønskjer å nytte erfaringane frå denne perioden for å få til ei vidare utvikling av området. I 2023 vart det inngått samarbeid med Westcon knytta til vidare utvikling av industriområdet Dommersnes. Reguleringsprosess for området har gått gjennom 2024.

Kommunen samarbeider tett med næringslivet særleg gjennom tett kontakt med medvind24 og Fikse næringsutvikling. I 2024 har det vore faste fellesmøte mellom administrasjonen i Vindafjord saman med



medvind24 og Fikse næringsutvikling. Me har gjennom 2024 vore ute til mange bedrifter i kommunen, både gjennom samarbeidet med Medvind24/Fikse, samt i egen regi. Medvind24 har og ansvar for førstelinjetenesta til Vindafjord kommune.

Det er viktig at Ølen som kommunesenter og regionalt senter får ei god utvikling når det gjeld aktivitet og handel.

I høve til vedtatt planstrategi skal kommunen sette i gong med ein heilskapleg plan for Ølen i planperioden. Mogelegheitsstudie frå 2021 blir relevant i det arbeidet.



Oppfølging av vedtak og oppdrag

Status oppdrag for kommunen

Verbalvedtak

Oppdrag	Beskriving	Status	Beskriving av status	Saksreferanse
Avgift vatn og avlaup	Kommunestyret vel alternativ 6 som grunnlag for takstane for vatn og avlaup i 2024. Eventuelle endringer i takstsystemet skal leggjast fram for DUK i god tid før budsjettarbeidet startar.	Ferdig	I henhold til vedtak.	KS 088/23
Avvikling av Vats Barnehage	I samsvar med vedtak i sak KS 030/22 vert kommunal drift av Vats barnehage avvikla frå 15. august 2024 (ved oppstart av nytt barnehageår), samstundes med at Nausthaugen barnehage AS utvidar si drift.	Ferdig	Vats barnehage er avvikla frå og med 15. august 2024. Nausthaugen barnehage leiger lokalet fram til "nye" Nausthaugen er ferdigstilt.	KS 088/23
Bruk av integreringsmidlar	I løpet av fyrste halvår ber kommunestyret kommunedirektøren leggja fram ei sak om situasjonen rundt flyktningar (bustader, bruken av midlar i andre einingar, resultat i forhold til arbeid og utdanning, fondsavsetjingar mm.). Vi set av 100 000 for å gjere det meir fleksibelt for lag og organisasjonar å oppretta nye tilbod, tilpassa opplegg og legge til rette for auka inkludering av flyktningar og innvandrarar. Flyktningar blir busett i heile kommunen og det vil vera avgjerande med gode fritidstilbod i den bygda dei bur i for at dei skal trivast. Tilskotsmidlar til integreringsfremjande tiltak kan stimulera til dette. Integreringsrådet skal delta i førebuing av utlysing av midlane.	Ferdig	Sak vart lagt fram gjennom framlegg til Handlingsplan for busetting, integrering og kvalifisering av flyktningar i Vindafjord kommune 2024-2027, som vart handsama i kommunestyret 19. mars 2024.	KS 088/23
Endringar investering	Det blir lagt inn inntekt av eigedomssal i 25-27: 1 mill kvart år.Brannstasjon i Skjold utsett eit år og oppjustert med 5 mill. grunna nytt tomteval som gjev lengre planleggingstid.	Ferdig	Det vart sett i verk 3 ulike bestillingar for å svare ut dette verbalpunktet:Det vart inngått avtale med Agenda Kaupang for ein gjennomgang av rammeområde Helse- og omsorg, med ei analyse av dagens situasjon og med tilrådingar for korleis tenestene kan organiserast framover. Rapporten vart presentert i Kommunestyret i møte i september 2024, og vart lagt fram for utval for Oppvekst og Omsorg i møte 14. oktober 2024. I tillegg vart det gjennomført eit arbeidsseminar med kommunestyret 17. oktober 2024, som eit startskot på arbeidet med ny helse- og omsorgsplan.Det vart inngått ein avtale med Multiconsult om kartlegging av tilstanden på alle barnehage- og skulebygg i Vindafjord Kommune. Rapporten, som inneheld	KS 088/23



Årsmelding 2024

Oppdrag	Beskriving	Status	Beskriving av status	Saksreferanse
			oversyn over vedlikehaldsbehov/investeringsbehov på både kort og lang sikt vart lagt fram for utval for Drift, Utvikling og Kultur i møte 14. oktober 2024. Det vart inngått avtale med Rogaland Revisjon om ein gjennomgang av administrativ ressursbruk i Vindafjord Kommune. Rogaland Revisjon presenterte	
Gjennomgang ressursbruk mm	2 millionar blir sett av til tre prosjekt slik foreslått i kommunedirektøren sitt framlegg. Alle tre prosjekta skal ha politisk utval som styringsgruppe og gjennomførast i 2024: Ressursbruken i kommunen. Kommunedirektøren kjem med sak til formannskapet som fastsett delmål og prosess. Hovudoppgåva blir å skaffa kunnskapsgrunnlag for å innføra ein systematisk forbettringsprosess, samt å vurdere ressursutnyttinga i kommunen med sikte på å kunne redusere kostnadene frå 2025 slik at netto driftsresultat frå 2026 kan budsjetterast til minimum 1,75 %. Dette gjeld struktur og tenester, men kan også gjelde større bruk av interkommunale tenester. Omsorga i kommunen frå 2030. Kommunedirektøren kjem med sak til OPOM som fastsett delmål og prosess. I det vidare arbeidet skal alt innanfor helse og omsorg vurderast (sjukeheim, heimebasert, dagsenter, aktivitetar). OPOM avgjer om det skal nyttast eksternt analysemiljø, studieturar eller liknande. Status og vidare rehabilitering av skule - og barnehagebygg. Energisparing og klimatiltak er del av saka. Kommunedirektøren kjem med sak til DUK som fastsett delmål , ekstern involvering og prosess vidare.	Forsinka	Det vart sett i verk 3 ulike bestillingar for å svare ut dette verbalpunktet: Det vart inngått ein avtale med Agenda Kaupang for ein gjennomgang av rammeområde Helse og omsorg med ei analyse av dagens situasjon og med tilrådingar for korleis tenestene kan organiserast framover. Rapporten vart presentert i Kommunestyret i møte i september 2024, og vart lagt fram i utval for Oppvekst og Omsorg i møte 14. oktober 2024. I tillegg vart det gjennomført eit arbeidsseminar med kommunestyret 17. oktober 2024, som eit startskot på arbeidet med ny helse- og omsorgsplan. Det vart inngått ein avtale med Multiconsult om kartlegging av tilstanden på alle barnehage- og skulebygg i Vindafjord kommune. Rapporten, som inneheld oversyn over vedlikehaldsbehov/investeringsbehov på både kort og lang sikt vart lagt fram for utval for Drift, Utvikling og Kultur i møte 14. oktober 2024. Det vart inngått avtale med Rogaland Revisjon om ein gjennomgang av administrativ ressursbruk i Vindafjord Kommune. Rogaland Revisjon presenterte ei løypemelding på arbeidet i møte i formannskapet 4. juni 2024. Formannskapet bestilte vidare eit arbeid med ei kartlegging av ressursbruken i barnevernstenesta og eit mindre prosjekt på vidare kartlegging av dei administrative kostnadane i Vindafjord kommune. Begge desse rapportane skal leverast i løpet av våren 2025.	KS 088/23
Ikkje reduksjon av hjelpestillingar i skulen	Det er i dag 16 årsverk hjelpestillingar i skulen, 10 av desse er knytta til vedtak. Me vil ikkje halvera dei seks som i dag er til bruk for klassar og enkeltelevar som ikkje har vedtak.	Ferdig	I henhold til vedtak.	KS 088/23
Innsparing oppvekst - felles leining oppvekstsenter	Kommunestyret vil gjennomføra felles leining av oppvekstsenter slik kommunedirektøren foreslår. I løpet av våren må det gjennomførast ein prosess kor dei ulike partane får koma med innspel for å sikra både god drift og rette tal for innsparinga.	Ferdig	Felles leining er på plass frå 01.08.24.	KS 088/23



Årsmelding 2024

Oppdrag	Beskriving	Status	Beskriving av status	Saksreferanse
Klimatiltak	Kommunestyret ønsker å sjølv bli meir medvitne Vindafjord sitt ansvar i klimaarbeidet og naturmangfaldet. Difor skal arbeidet med Klimabudsjett intensiverast.	Ferdig	Det tilsett eigen klimarådgevar i kommunen og området har godt fokus i organisasjonen. Klimabudsjett er del av økomiplan og det vil bli lagt til fleire tiltak framover	KS 088/23
Næring	Kommunedirektøren kjem med ei sak til DUK og kommunestyret om tiltak som er viktige for næringslivet. Saka skal belyse næringslivet sine forventningar til kommunale tenester, næringsareal, rekruttering og kva som er viktig for at kommunen skal vera attraktiv som næringslivskommune. Dette erstattar kommunedirektøren sitt verbalforslag om næringsfond.	Forsinka	Det har vert orinertert i DUK om denne saka. Arbeid er påbegynt og vil bli del av handlingsplan for næring og attraktivitet i høve vedtatt planstrategi	KS 088/23
Overskriding Helse og omsorg	Vindafjord kommune har forholdsvis stor ressursbruk innafor helse og omsorg, sett i forhold til samanliknbare kommunar. Det er derfor bra at me får ein gjennomgang av framtidig ressurs (sjå verbalpunkt 2). Det som bekymrar kommunestyret mest, er gjentakande overforbruk. Kommunestyret ber om tiltak som kan betra situasjonen. Kommunedirektøren kan koma tilbake til kommunestyret dersom tiltaka krev eingongsløyving.	Iht. plan	Det er eit pågåande arbeid å jobbe med drift og økonomi innan helse og omsorg. Blant dei mest sentrale er: Tørn prosjektet som blei formelt avslutta i 2024, som hadde fokus på arbeidsdeling, bemanningsplanar og turnus. Vindafjord er framleis med i erfaringsnettverk med andre kommunar. Innføring av årsturnus i heile pleie og omsorg sektoren. Innføring av langvakter på institusjon og i heimetenesten. Desse prosjekta begynner no å gi resultat-er, spesielt årsturnus gir moglegheit for betre planlegging av egne ressursar gjennom året for å dekke opp fråvær som er kjent og forventa som ferie, permisjonar, personal-møter m.v. Rekruttering og tilgang på arbeidskraft vil framover vere den kraftigaste drivaren for omstilling av helse og omsorgstenester.	KS 088/23
Reduksjon i ressursbruk	På sikt må ressursbruken vera slik at kommunen har eit netto driftsoverskot på 1,75 %. Saman med formannskapet må kommunedirektøren difor ha fokus på korleis ressursbruken kan reduserast gjennom struktur, endringar av tenester eller bruk av interkommunalt samarbeid. Ved ledige stillingar skal det alltid vurderast om ny tilsetjing er naudsynt eller om ein etter oppgåveanalysar ser at stillinga kan sparast inn. Det er likevel ei klar forventning at organisasjonen uavbrutt har fokus på effektiv drift, som til dømes tiltak som "TØRN".	Ferdig	Dette har det vore jobba med løpande gjennom heile året, og særskilt fram mot budsjett for 2025 og økonomiplan 2025-2028, der det materialiserte seg i ein del tiltak og eit vidare arbeid for å redusere kostnadsnivået i kommunen.	KS 088/23
Samarbeid med frivilljuge lag og organisasjonar	Ei av våre utfordringar er å møte auka helseutfordringar som følgje av at vi blir fleire eldre. Det bør setjast fokus på korleis dei mange friske eldre kan bli ein ressurs og vera med og bidra til gode aktivitetar og møteplassar for eldre. God førebygging blir ein nøkkel til at flest mogleg kan klare seg sjølv lengst mogleg. Kommunalt tilsette i lag med frivilljuge lag og organisasjonar i godt samspel med dei	Forsinka	Arbeid mot frivillige organisasjonar og lag er pågåande sjølv om me skulle ønska arbeidet var meir omfattande og strukturert. Vindafjord kommune bør utarbeide ein pårørande strategi mellom anna. Det er vindel samarbeid med frivillige gjennom integreringsarbeidet, pensjonistforbundet og samarbeid	KS 088/23



Årsmelding 2024

Oppdrag	Beskriving	Status	Beskriving av status	Saksreferanse
	eldre sjølve kan vera nøkkelen til suksess. OPOM og REF blir orientert om status og moglege tiltak våren 2024.		med lokallag av demensforening er i startgropa.	
Tomte- og bustadutvikling	Vindafjord kommune treng ein aktiv tomte- og bustadpolitikk. Kommunestyret ber difor kommunedirektøren om å leggja fram ei sak ila 2024 som syner framtidig strategi for ulike buformer i Vindafjord kommune, status og eigaroversikt for regulerte områder for bustabygging, oversikt over eventuelle andre bustadområde som ligg i kommuneplanen og kommunen si rolle i dette arbeidet.	Forsinka	Arbeidet med saka er godt i gong og kommunedirektør tek sikte på å leggja saka fram før sommaren 2025.	KS 088/23
Trafikksikringstiltak	Det vert sett av kr 1 mill ekstra til trafikksikringstiltak i åra 2024 og 2025, samla 2 mill. kr. Det skal fortrinnsvis nyttast til belysning langs trafikkert veg-, gang- og sykkelveg der born og ungdom har sin skuleveg. Midlane må sjåast i samanheng med andre ordningar, som fylkeskommunale trafikksikringsmidlar.	Forsinka	Det er ikkje brukt trafikksikringsmidlar i 2024. Det blir arbeida med trafikksikringstiltak ved Skjold skule, men dette prosjektet blei forsinka.	KS 088/23
Uteområde barnehage og skule	Det vert sett av 4 mill. ekstra investeringsmidlar i perioden til forsering av prosjekt i tråd med prioriteringsplan. Vidare oppfølging blir lagt fram for DUK.Dugnad og andre finansieringskjelder kan gjera at ein får til fleire prosjekt. Tiltak som gir betre støytilhøve på Ølen skule er ein del av denne løyvinga.	Iht. plan	Dei avsette ekstramidlane er brukt til nytt leikeområde Ølen skule, uteområde ved Sandeid barnehage, og gapa-huk ved Vågen skule. Desse prosjekta er gjennomførte. Det er avsett midlar til støyskjerming langs E134 ved Ølen skule og generell oppgradering av fallunderlag på leikeplassar.	KS 088/23

Andre politiske oppdrag

Oppdrag	Beskriving	Status	Beskriving av status	Saksreferanse
Bemanningsnorm på helg/og røde dager i Bufellesskap for personer med funksjonsnedsettelse.	Formannskapet ber kommunedirektøren se på bemanningsnormen på bofellesskap der det er personer med funksjonsnedsettelse. Formannskapet ønsker en orientering om dagens bemanning oppfyller lovkrav til bemanning på bofellesskap i helger og røde kalenderdager.	Forsinka	Formannskapet vil bli orientert våren 2025.	FS 060/23
Besøk av kongeparet	Kommunedirektøren får mynde til å planleggje og legge til rette for gjennomføring av besøk av Kongeparet innanfor ei ramme på inntil kr. 900 000,- inkl. mva. Inndekning via generelt disposisjonsfond (25699010).	Ferdig	Besøket blei gjennomført som planlagt og er nærare omtala i kommunedirektør en si innleiing. Bokførte kostnader på prosjekt for Kongebesøket er 1,175 mill.	FS 023/24
Etne og Vindafjord IKT - Plan for vidare arbeid	Kommunestyret ber komm.direktøren koma tilbake til kommunestyret innan årsskiftet 2023/24 med ein plan for vidare arbeid innanfor IKT - området basert på evalueringa.	Ferdig	Det vart lagt fram sak i oktober 2024, sak KS 061/24, der Kommunestyret gjorde vedtak om å starte prosessen med å bli ein	KS 029/23



Årsmelding 2024

Oppdrag	Beskriving	Status	Beskriving av status	Saksreferanse
			deltakarkommune i IKT NH.	
Felles strategi med næringslivet	Kommunen tar initiativ til saman med næringsliv å lage ein felles strategi for å gjere det attraktivt for jobb- pendlarar å bli a fastbuande.aktivt jobbe for rekruttering og integrering av arbeidsinnvandrara til permanent flytting til Vindafjord.	Forsink	Arbeid er påbegynt og vil bli del av handlingsplan for næring og attraktivitet i høve vedtatt planstrategi	KS 027/24
Forskrift om skulereglar	Kommunestyret vedtek «Forskrift om skulereglar» med desse endringane: § 1: Formål og verkeområde skal lyda: Reglane skal bidra til at barn og unge i grunnskulen har eit trygt og godt skulemiljø der dei trivst, lærer og opplever å høyre til i fellesskapet. § 7 skal ha overskrifta: Konsekvensar ved brot på skulereglane: Kommunestyret ber kommunedirektøren utarbeida framlegg til «Forskrift om organisering av skuledemokratiet», slik dette er omtalt i saka. Forskriftaskal kunna vera gjeldande frå 01.01.25. Vedtekne forskrifter skal kunngjerast etter reglar fastsett i Forvaltningslova.	Ferdig	Ny forskrift om skulereglar vart handsama i kommunestyret 18. juni 2024. Det vart gjennom vedtaket sett opp nokre fleire punkt som skulle inkludera i skulereglane, og desse vart det jobba med gjennom hausten 2024.	KS 038/24
Kyrkjegarden i Ølen og reguleringsplan i området	Kommunestyret ber kommunedirektøren opprette dialog mellom Vindafjord kommune og grunneigarane som er innanfor reguleringsplanen for kyrkjegarden (gravplassen) i Ølen med hensikt å kjøpe arealet.	Forsinka	Grunna manglande kapasitet har ein diverre ikkje gjennomført forhandlingar om grunnerv	KS 058/22
Leige av ny idrettshall i Ølen	1. Kommunedirektøren blir gjeve fullmakt til å inngå avtale med Ølen IL om leige av ny fotballhall for inntil 15 år med opsjon på nye 15 år. 2. Det kan inngås leige for inntil to dagar med ein leigepreis som tilsvarar leigepreisen som kommunen har på andre anlegg for kroppspøving, maksimalt 400.000. Heile eller deler av leiga kan, om Ølen IL ønsker det, betalast ut som ein eingongssum i starten av leigeforholdet. 3. Kommunen kan forskottera leige for Ølen VGS dersom dei skal leiga i hallen. Kommunen skal ikkje hefta for Ølen VGS sin del dersom noko upårekna skjer med deira del av avtalen. 4. Leigebeløpet som blir avtalt skal leggst inn i økonomiplanen frå oktober 2025 med mindre Ølen IL varslar seinare ferdigstilling.	Iht. plan	Kommunedirektør er i god dialog med Ølen IL og følgjer den opp i høve til deira behov. Avtale om leige av grunn er inngått .	KS 048/24
Maritimt Forum Haugalandet	Vindafjord kommune blir medlem av Maritimt Forum for Haugalandet og Sunnhordland.	Ferdig	Vindafjord kommune er blitt medlem av Maritimt Forum	FS 024/24
Mobildekning for samfunnstryggleik og beredskap.	Vindafjord kommunestyre ber kommunedirektøren koma tilbake til kommunestyret med ei sak om status, utfordringar og framtid for mobildekning. Saka må ta utgangspunkt i samfunnstryggleik og beredskap og vårt vedtak 22.06.21. Andre moment i saka er kontakt med Telenor, Statens vegvesen o.a. Saka må innehalda oversyn over utbyggingsbehov og kostnadsoverslag.	Forsinka	Det har ikkje vore kapasitet til å lage denne saka, men Telenor har bygd ei ny mast på Fikse som vil bli tatt i bruk i 2025	KS 027/23
Opningstider Vindafjord Kommune- Servicetorget og Teknisk bygg	Det vert vedteke fylgjande opningstider og sentralbord for Rådhuset og Teknisk bygg i Vindafjord kommune: Måndag til fredag: 09.00-14.30 1.juli-31.juli: 10.00-14.00 Romjula: 11.00-14.00 Onsdag før skjærtorsdag, julaften og nyttårsaften stengt Nye opningstider gjeld frå 01.03.2024	Ferdig	Er i verksatt. Ny opningstid er 08.30-14.30	KS 008/24



Årsmelding 2024

Oppdrag	Beskriving	Status	Beskriving av status	Saksreferanse
Revidering av retningslinjer for fond for forskottering av spelemlidler	Vindafjord kommunestyre vedtar «Vedtekter for fond forskottering av spelemlidler i Vindafjord kommune» slik dei ligg føre. Fondet blir tilført stipulerte renteinntekter på ubrukte midlar frå fondet i 2022 og 2023 med kr 928 795. Inndekning frå generelt disposisjonsfond.	Ferdig	Midlane er tilført fondet og kommunen si heimeside er oppdatert med nye retningslinjer.	KS 049/21
Språkbruksplan	Kommunestyret ber administrasjonen innan utgangen av 2024 koma med ei kort tilbakemelding på gjeldande Språkbruksplan og eventuell framlegg til oppdatert Språkbruksplan. Tilbakemeldinga bør minimum seia noko om: Korleis er Språkbruksplanen praktisert? Fungerer planen? Korleis praktiserer leiarane sitt ansvar, særskild ved tilsetjing? Kva tiltak og evt. supplering er gjennomført i åra som har gått? Kva endringar eller opplæring er gjort etter «Klartspråksparagrafen» vart vedteken? Kva er erfaringa med nynorsk som opplæringsspråk i vaksenopplæringa?	Ferdig	Det vart lagt fram ei sak for kommunestyret i møte 17. desember 2024, med ei evaluering av den gjeldande språkbruksplanen i Vindafjord kommune, og med ei tilråding om ein revisjon/oppdatering av språkbruksplanen.	KS 027/24
Turistinformasjon for Vindafjord Kommune 2024-2028	Kommunedirektør blir gjeve fullmakt til å inngå avtale om leverandør til turistinformasjon for Vindafjord kommune for perioden 2024- 2028 og med opsjon for nye 4 år. Kostnaden skal maksimalt vera i tråd med tilrådinga frå NHO	Ferdig	Avtale er inngått	FS 025/24
Ungdomskontakt	Me ønskjer at saka blir grundigare belyst når det gjeld behov og organisering, og at den kjem opp i OPOM, før vedtak i formannskap og kommunestyre.	Ferdig	Med bakgrunn manglande ressursar og generelt nedtrekk i oppvekst har kommunedirektør vald å ikkje gå vidare med denne saka	FS 027/24
Vindafjord Tomteselskap – oppkapitalisering	Formannskapet i Vindafjord kommune ønskjer å oppretthalde ein eigardel av Vindafjord Tomteselskap AS på 50 %, og opnar for å skyte inn ytterlegare kapital for å oppretthalde ein slik eigardel. Ytterlegare innskot er avgrensa til 2 millionar kroner, slik at samla ny innskoten kapital frå Vindafjord kommune kan bli på inntil 7 millionar kroner. Innskotet vert finansert av ubunde investeringsfond (25399100). Formannskapet gjev ordførar mynde til å, i samråd med kommunedirektøren, innstille styrekandidatar frå Vindafjord kommune til nytt styre for Vindafjord Tomteselskap.	Ferdig	Oppkapitalisering gjennomført og det er komne nye eigarar inn i selskapet. Nytt styre er valt, og styret har starta arbeidet med både revisjon av vedtektene i selskapet og starta på jobben med korleis selskapet skal driftast framover.	FS 026/24
Vindafjord Tomteselskap – oppkapitalisering	Vindafjord kommune aksepterar ein nedskrivning av dagens aksjekapital i Vindafjord Tomteselskap AS til 0 kr. Vindafjord kommune skyt inn inntil 5 millionar kroner, gjennom teikning av nye aksjar, i ny aksjekapital i Vindafjord Tomteselskap AS, under føresetnad av at andre eigarar skyt inn eit tilsvarende beløp, slik at kommunen sin eigardel i selskapet ikkje overstig 50 %. Innskotet vert finansiert av ubunde investeringsfond (25399100). Kommunestyret ber kommunedirektøren gå i dialog med dei nye eigarane av selskapet for å få utarbeidd nytt formål og ny selskapsavtale for selskapet, og legge fram sak til kommunestyret om dette. I avtalen vil kommunestyret at:- føremålet skal konsentrerast	Ferdig	Oppkapitalisering er gjennomført. Forslag til nye vedtekter har vert behandla i styret i Vindafjord tomteselskap og blei behandla av kommunestyret 25.03.2025 og skal endeleg behandlast i	KS 007/24



Årsmelding 2024

Oppdrag	Beskriving	Status	Beskriving av status	Saksreferanse
	til bustadutvikling.- «forretningsmessig drift» skal omarbeidast i tråd med innspel kommunedirektøren har i saka.Kommunestyret viser til verbalforslaga «h - bustadutvikling ». Kommunestyret ber om at saka om bustadutvikling i kommunen kjem raskt etter ei sak om selskapsavtale.Saka skal gje ei oversikt over den kommunale bustadutviklinga, tilgjengelege område, eigartilhøve til desse, utvikling av og ulike bustadformer, samt gje innspel til kommunal strategi for utvikling av bustadbygging i heile kommunen.		generalforsamling i Vindafjord tomteselskap i april 2025	
Ølen Båtlag, bygging av molo	Formannskapet gir kommunedirektøren fullmakt til å inngå avtale om sal av hele eller deler av eigedommane gnr. 281 bnr. 199 og gnr. 281 bnr. 242 frå Vindafjord Kommune til Ølen Båtlag for kr. 1,- .Kommunedirektør må i kjøpsavtale, samt ved tinglysning, sikre at dei plikter og rettigheter som i dag fremgår av leigeavtalene blir ivaretekne. Ein nemner særskilt framtidig bruk av «revehalltomta», gnr. 281 bnr. 21.I tillegg stilles følgjande vilkår for sal:Kommunen skal ha tinglyst forkjøpsrett ved salBåthamna skal vere offentlig tilgjengelegDel av eigedom gnr. 281 bnr. 199 som ligg i framkant av eigedom gnr. 281 bnr. 21 «Revehalltomta», skal overførast til gnr. 281 bnr.21 før salet blir gjennomført. Leigekontrakt knytt til gnr.281 bnr.199 blir gjeldande for avgitt areal.	Ferdig	Gjennomført i samsvar med kommunestyret sitt vedtak.	FS 008/24



Oppfølging av planer

Plan	Status 2024
Kommuneplanen - samfunnsdelen 2021-2033	Vedtatt 18.06.2024
Kommuneplanen - Arealdelen 2021-2033	Har vore jobba mykje med i 2024 og vedtatt sendt på høyring 10.12.2024
Barnehage- og skulebruksplan	Sak vedtatt i juni 2022.
Kommunedelplan for idrett, friluftsliv og kulturbygg	Arbeid med revisjon er starta opp men er forsinka
Plan for oppfølging av arbeidet med samfunnstryggleik og beredskap i Vindafjord kommune	Endeleg vedteken sommaren 2021. Skal rullerast i 2025
Plan for pedagogikk og strategi for skulane og barnehagane i Vindafjord kommune	Vedtatt vår 2023 og skal rullerast i 2025
Arbeidsgjevastrategi	Vedtatt i 2024

Status for arbeid med temaplanar i 2024:

Plan	Status 2024
Plan for kommunal beredskap og kriseleiing i Vindafjord kommune	Sluttført Vedteken i juni 2021 Rullering planlagt i 2025
Ferdigstille trafikksikringsplanen.	Denne er forsinka på grunn av manglande kapasitet, men har vore påbegynt igjen i 2024.
Plan for sysselsetting og integrering	Under arbeid, skal leggjast fram for vedtak våren 2025.
Hovudplan for vassforsyning	Vedtatt 15.04.2024
Revidera NMSK-strategi (nærings- og miljøtiltak i skogbruket)	Ny plan vedteken i DUK våren 2023. Skal reviderast i 2025
Gjennomgang og planprosess for oppheving av gamle planar som er til hinder for utviklinga	Pågåande
OPPGÅVER PÅ OPERATIVT NIVÅ	
Bli trafikksikker kommune.	Godkjent som trafikksikker kommune hausten 2022




Samfunns- og befolkningsutvikling

Ved årsskifte var det 9 069 innbyggjar i kommunen, som er det høgaste folketalet kommunen har hatt. I løpet av 2024 auka folketalet i Vindafjord med 131 personar, noko som svarar til ein vekst på om lag 1,47 %. Endringa er sett saman av eit fødselsoverskot på 32 personar, og ei netto innflytting på 98 personar.

Utvikling i befolkning 4. Kvartal 2024

	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024
Folketal ved inngangen av kvartalet	8 747	8 765	8 788	8 813	8 769	8 743	8 714	8 705	8 775	8 844	8 938
Fødde	109	94	113	107	88	103	80	75	101	91	88
Døde	78	86	69	80	81	81	72	61	71	82	56
Fødselsoverskot	31	8	44	27	7	22	8	14	30	9	32
Innvandring	138	103	80	63	56	56	67	114	109	121	84
Utvandring	79	49	79	47	74	61	27	72	45	64	67
Innflytting, innanlands	219	246	256	228	207	225	242	298	288	300	358
Utflytting, innanlands	291	284	263	306	246	272	300	282	313	270	277
Netto innvandring og flytting	-13	16	-6	-62	-57	-52	-18	58	39	87	98
Folkevekst	18	23	40	-35	-50	-29	-9	70	69	94	131
Folketalet ved utgangen av kvartalet	8 765	8 788	8 828	8 793	8 743	8 714	8 705	8 775	8 844	8 938	9 069

År



I 2024 blei det født 88 barn. Det er litt under gjennomsnittet for dei ti siste åra på 95 barn. Fødselsoverskotet var på 32 personar, godt over snittet for dei 10 siste føregåande åra på omlag 21



personar. Det var berre 56 døde i 2024, som er det lågaste som er registrert dei siste 10 åra og godt under gjennomsnittet dei 10 siste åra på 74 personar.

Det var positivt innflytting til kommunen både innanlands og frå utlandet i 2024. Netto flytta 81 personar inn kommunen innanlands. Snittet dei siste 10 åra er ei utflytting på 22 personar. Talet innalands innflyttarar er med 358 er det høgaste som er registret dei siste 10 åra og godt over normalen dei siste 10 åra som i snitt har vore om lag 261 personar. Netto innvandring var positiv i 2024, med totalt 17 personar. 84 innvandrarar er lågare enn i 2023 og lågare enn tal flyktningar som kommunen har tatt i mot, så ein god del flyktningar må vere registrert som innanlands flytting. Ein stor grad av veksten forklarast med at kommunen tok i mot 105 flyktningar i 2024. Innvandring er den viktigaste forklaringsfaktoren til at folketalet i kommunen framleis veks, dei siste 10 åra har netto innvandring vore på heile 327 personar. I same periode er fødselsoverskot på 232 personar og netto flytting innanlands er negativt med 237 personar.

Utvikling per aldersgruppe


Vindafjord kommune har hatt eit mål om ein årleg befolkningsvekst på 1 %. Veksten frå 2024 til 2025 på 135 personar svarar til omlag 1,5 %. Kommunen hadde ein vekst på rett over 1 % i 2023, men før det må ein tilbake i 2013 (2,0 %) og 2014 (1,5 %) for å finne ein like sterkt vekst.

Veksten er ikkje jamnt fordelt mellom aldersgruppene og det har over tid skjedd ei endring av befolkningssamansetninga som i stor grad held fram i 2024. Dei yngste gruppene (0-19 år) har samla blitt redusert med om lag 170 personar dei siste 10 åra. Gruppa 20-66 år har auka med 133 personar, og gruppa med personar over 67 år har auke med 342 personar. Gruppa 67+ år blir stadig større i forhold til det samla folketalet i kommunen og auka med 3,3 %-poeng dei siste 10-åra til 17,8 % av det samle folketalet. Forholdstalet mellom personar i arbeidsfør alder (20-66 år) i høve til talet eldre/pensjonistar (67 år+) var ved årsskifte 3,325, som er ein liten styrking frå 2023 (3,307). I 2015 var talet 4,029 personar.

	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024	2025
0 - åringar	113	99	112	106	89	98	80	78	105	94	90
Barnehage (1-5 år)	584	586	570	555	547	520	510	491	476	476	485
Grunnskule (6-15 år)	1 155	1 147	1 131	1 117	1 129	1 115	1 129	1 136	1 161	1 179	1 164
Vidaregåande (16-19 år)	511	498	509	513	493	486	457	429	433	431	453
Vaksne (20- 66 år)	5 129	5 187	5 189	5 171	5 119	5 107	5 101	5 168	5 141	5 189	5 262
Eldre (67-79 år)	788	807	851	865	915	936	980	1 014	1 060	1 104	1 125
Eldre (80-89 år)	378	363	357	362	345	353	345	353	353	352	368
Eldre (90 år og eldre)	107	101	109	104	106	99	103	106	115	113	122
Total	8 765	8 788	8 828	8 793	8 743	8 714	8 705	8 775	8 844	8 938	8 938
Tal personar 20-66 per person over 67 år	4,029	4,081	3,940	3,885	3,747	3,679	3,572	3,508	3,365	3,307	3,258




0 - åringar



	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024	2025
0 år	113	99	112	106	89	98	80	78	105	94	90
Total	113	99	112	106	89	98	80	78	105	94	90

Tal 0-åringar viser både fødselstal og eventuell flytting i denne aldersgruppa. Etter to år med rekordlåge fødselstal i 2021 og 2022, har det tatt seg litt opp dei siste åra men 90 barn er eit lite stykke under gjennomsnittet dei siste 10 åra har i snitt på 97 barn.

Barnehage (1-5 år)






	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024	2025
1 år	103	117	103	110	111	93	99	83	83	102	95
2 år	122	104	117	104	109	108	94	97	86	88	106
3-5 år	359	365	350	341	327	319	317	311	307	286	284
Total	584	586	570	555	547	520	510	491	476	476	485

Barn i barnehagealder hadde ei ganske stor auke frå 508 i 2010 til toppen på 586 i 2016. Frå 2016 har trenden vore nedgåande fram til 2024 med 476 barn. I løpet av 2025 har det vore ein liten auke på 10 barn til 485 barn.

Grunnskole (6-15 år)




	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024	2025
6-9 år	420	429	450	462	477	467	464	443	440	444	436
10-12 år	329	339	317	324	320	335	342	364	373	374	351
13-15 år	406	379	364	331	332	313	323	329	348	361	377
Total	1 155	1 147	1 131	1 117	1 129	1 115	1 129	1 136	1 161	1 179	1 164

Barn i skulealder låg på omlag 1 200 for 10 år sida og har sidan då hatt ein svak nedgang nesten kvart år fram til 1115 i 2020. Dei fire siste åra har det vore ei lita auke kvart år, før det har bli ein liten dupp på 15 barn i frå 2024 til starten av 2025. Reduksjonen gjeldt først og fremst gruppa 10 til 12 år. Dei tre siste åra har det vore ein auke i den eldste gruppa (13-15 år).




Vidaregåande (16-19 år)



	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024	2025
16-17 år	245	257	264	271	237	223	234	214	210	216	230
18 år	117	125	121	128	130	133	99	121	107	111	107
19 år	149	116	124	114	126	130	124	94	116	104	116
Total	511	498	509	513	493	486	457	429	433	431	453

Aldersgruppa 16 til 19 år er relativt liten og vil vere sensitiv for utslag for alderskull som avviker frå normalen. Gruppa har variert mellom 430 og 510 personar, men trenden har vore nedgåande sidan 2018 før den har flata ut rundt 430 personar dei siste åra. I løpet av 2024 har det igjen vore ein auke og ved utgangen av 2025 var det 453 personar i denne aldersgruppa, som er omlag 20 under gjennomsnittet dei siste 10 åra.

Vaksne (20-66 år)






	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024	2025
20 år	114	145	109	116	106	116	123	116	94	112	107
21 år	90	107	139	105	110	103	103	118	116	91	106
22 år	125	85	108	127	102	102	100	101	114	116	89
23-29 år	761	801	759	727	759	740	703	700	676	711	728
30-34 år	566	556	545	555	544	535	560	571	556	544	551
35-44 år	1 082	1 080	1 083	1 086	1 064	1 088	1 082	1 099	1 139	1 155	1 176
45-49 år	571	559	592	580	563	540	544	538	541	552	573
50-66 år	1 820	1 854	1 854	1 875	1 871	1 883	1 886	1 925	1 905	1 908	1 932
Total	5 129	5 187	5 189	5 171	5 119	5 107	5 101	5 168	5 141	5 189	5 262

Den store aldersgruppa med vaksne frå 20 til 66 år var i ved årsskifte 5 262 personar som er det høgste som er registrert dei 10 siste åra. Sett over litt tid har det vore ei auke på omlag 130 personar dei siste 10 åra. Auken i gruppa 50-66 er i same periode 112 personar.

Eldre (67-79 år)




	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024	2025
67-69 år	234	233	249	262	274	272	301	300	323	312	317
70-74 år	312	323	346	349	380	389	399	408	427	458	451
75-79 år	242	251	256	254	261	275	280	306	310	334	357
Total	788	807	851	865	915	936	980	1 014	1 060	1 104	1 125

Aldersgruppa 67 til 79 år er den gruppa med høgast vekst over tid. Her har det vore ei jamn stigning kvart år dei siste ti åra, frå 788 i 2015 til 1 125 i 2025. Det svarar til ein vekst på nesten 43 % i perioden.




Eldre (80-89 år)



	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024	2025
80-84 år	223	203	209	211	196	200	202	210	210	215	220
85-89 år	155	160	148	151	149	153	143	143	143	137	148
Total	378	363	357	362	345	353	345	353	353	352	368

Aldersgruppa 80 til 89 år hadde ein nedgang på nesten 50 personar frå 2014 til 2019, men har dei siste åra stabilisert seg rundt 350 personar. I løpet av 2024 har det vore ein vekst på 16 personar frå 352 til 368 personar men er framleis noko under talet for 10 år sidan på 378 personar.

Eldre (90 år og eldre)





	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024	2025
90-94 år	86	84	93	87	83	70	73	77	88	87	94
95-99 år	17	16	14	15	20	27	28	28	26	23	25
100 år eller eldre	4	1	2	2	3	2	2	1	1	3	3
Total	107	101	109	104	106	99	103	106	115	113	122

Aldersgruppa 90 år er ei relativt lita aldersgruppe som dei siste 10 åra har vore på rundt 100 personar. Dei siste åra gruppa auka litt og ved årsskiftet var det 122 personar i aldersgruppa.

Aldersamansetning i Vindafjord samanlikna med Noreg

Samanlikna med landssnittet hadde Vindafjord eit fødselskull (og innflyttarar under 1 år) som utgjorde 0,99 % av den totale befolkninga i kommunen, litt over landssnittet på 0,97 %. Vindafjord kommune har relativt sett noko høgare del av befolkninga både i skule og barnehagealder. I gruppa 20-44 år ligg kommunen betydeleg lågare enn landssnittet, heile 2,83 %. Den raskast vaksande gruppa, 67-79 år, ligg relativt sett litt over landssnittet. For begge dei eldste gruppene ligg Vindafjord noko over landssnittet. Tala viser, alt anna likt, at Vindafjord kommune er ein litt dyrare kommune å drive enn landssnittet då kommunen har relativt sett fleire innbyggjarar i dei aldersgruppene som har flest tenestar frå kommunen.

Aldersgruppe	Vindafjord	Noreg	Differanse
0 år	0,99 %	0,97 %	0,02 %
1-5 år	5,35 %	4,98 %	0,37 %
6-12 år	8,68 %	7,79 %	0,89 %
13-15 år	4,16 %	3,64 %	0,52 %
16-19 år	5,00 %	4,84 %	0,15 %
20-44 år	30,40 %	33,23 %	-2,83 %
45-66 år	27,62 %	27,79 %	-0,17 %
67-79 år	12,40 %	11,92 %	0,48 %
80-89 år	4,06 %	4,02 %	0,04 %
90 år eller eldre	1,35 %	0,81 %	0,53 %

Folketal i grendene


Dem samla folketalet i dei ulike grendene visar at folketalet i Ølen er størst, medan Imsland er minst. I løpet av 2024 har det vore relativt små endringar i folketalet i grendene. Størst vekst har det vore i Sandeid med 44 personar (4,1 %), men også Ølensvåg (3,08 %), Skjold (2,47 %) og Vikedal (2,09 %) har ein markant vekst. Vats har ein markant nedgang på 2 % (24 personar)

Ser ein på utviklinga dei siste 5 åra er det sterkast vekst i Skjold med 7,23 % (111 personar), Sandeid med 7,87 % (85 personar) og Vikedal 7,65 % (63 personar). Nedgangen er størst Bjoa med -3,6 % (-16 personar) og Imsland med -2,19 % (-7) personar.




Ser ein over dei 10 siste åra er veksten desidert størst i Skjold med 13,57 % (192 personar), Ølen 10,15 % (172 personar) og Sandeid med 7,77 % (84 personar). I same periode er nedgangen størst i Bjoa med -15,47 % (80 personar) og Vats -7,34 % (94 personar). Dei andre grendene ligg relativt stabile på mellom 3,39 % og -1,6 %.

Utvikling folketalet i grendene i perioden 2020 til 2025




Sysselsetjingsstatistikk 2024

Sysselsette fordelt på næring



Prosentvis endring i tal på sysselsette - rangering innan fylket





Kommunen sine rammeområde

Finans

Omtale av rammeområde

Finans gjeld alle felles inntekter og utgifter, og er berre eit teknisk rammeområde for bruk i rekneskapen. Her vert alle felles inntekter som skal finansiere kommunen si drift ført, t.d. skatt og rammetilskot og eigedomsskatt. I tillegg blir det ført renteinntekter, utbytte, renteutgifter og avdrag.

Status økonomi i rammeområdet

Beløp i 1000

Rammeområde/eining	Rekneskap	Rekneskap	Rev. bud.	Avvik i kr
	2023	2024	2024	
Sum	-14 911	4 574	0	-4 574


Kommentar til status økonomi

Rammeområde viser føringane som ikkje kjem inn under fellespostane i løyvingsoversiktene, altså generelle driftsinntekter, avskrivningar, netto finans og disponeringar.

- Avviket på finans skuldast i hovudsak årets premieavvik på 17,446 mill. og amortisering av tidlegare års premieavvik på 21,560 mill. Avviket er dekt inn ved bruk av fond i tråd med økonomireglementet.
- Omlag 360 000 gjeld dekking av finansutgifter til Nagel-Fondet etter avtale.
- Nesten 97 000 i gebyr som gjeld kommunen sine innlån. Må sjåast i samanheng med lågare renteutgifter enn budsjettert på fellespostane.


Grafar økonomi

Driftsutgifter og inntekter (graf)





Detaljvisning drift (graf)





Administrasjon og fellesdrift

Omtale av rammeområde

I rammeområde administrasjon og fellesdrift inngår ansvarsområda Kommunedirektøren, Politisk, Økonomiavdeling, Personalavdeling, IKT og Service og fellestenester. Det betyr at dette området i organisasjonen har ansvar for blant anna folkevalde og kontrollutval, val, kommuneleiing, overordna økonomisk planlegging og budsjettering, rekneskap, finans, innkjøp, løn, HMS, tariff, arbeidsmiljø, lærlingar, tillitsvalde/drøftingar, arkiv, servicetorg, heimesider med meir. IKT er også ein del av dette rammeområdet, men har sidan 2015 vore ei felles IKT-eining for Etne og Vindafjord, med Etne som vertskommune.

Utvalde resultat

Politisk styring

Oversikten nedanfor viser gjennomførte møter gjennom året i 2024.

Utval	Møte	Saker
Kommunestyret	7	74
Formannskapet	10	90
Administrasjonutvalet	4	28
Utval for drift, utvikling og kultur (DUK)	7	55
Utval for oppvekst og omsorg (OPOM)	7	67
Kontrollutvalet	4	28

Råd	Møte	Saker
Integreringsrådet	4	22
Ungdomsrådet	4	21
Rådet for eldre og for personar med funksjonsnedsetjing	6	38

Fleire av utvala har egne årsmeldingar:

- [Integreringsrådet si årsmelding 2024](#)
- [Ungdomsrådet si årsmelding for 2024](#)
- [Kontrollutvalet si årsmelding 2024](#)
- [Rådet for eldre og for personar med funksjonsnedsetjing si årsmelding for 2024](#)



Medarbeidarundersøkinga 10-faktor

Medarbeidarundersøkinga 10-faktor blei gjennomført våren 2024. 75 % av dei tilsette deltok og gav tilbakemelding. Undersøkinga er utviklingsorientert og gir verdifull informasjon om synspunkt og opplevingar knytt til arbeidsmiljøet og organisasjonen.

Digitalisering og innovasjon

IKT er eit viktig verktøy for effektiv drift, tilgjengelege tenester og vidareutvikling av kommunale tenester. Med auka fokus på digitalisering og samordning framover, blant anna forankra i sentrale strategiar, kan det bli krevjande for små og mellomstore kommunar å oppnå ønskt utvikling og framdrift. Som ein følge av dette vedtok kommunen hausten 2024 å gå inn IKT Nordhordland (IKTNH). IKTNH er eit kommunalt oppgåvefellesskap som er eigd av 12 kommunar i Vestland fylke. I tillegg til Vindafjord, er både Etne og Tysnes kommunar på veg inn i samarbeidet som vil bli eit av dei største samarbeida i sitt slag i Noreg. IKTNH er delt inn i ei driftseining som drifrar IKT-systema og ei eiga eining som arbeidar med digitalisering og innovasjon (DI)

På grunn av overgangen er nokre prosessar utsett og kommunen er i ein mellomfase fram til hausten 2025, då ein går fullt inn i samarbeidet, der kommunen delvis vil bli meir involvert i avtalane og prosessane i samarbeidet.

Viktige hendingar

Kongebesøk

Hans Majestet Kongen og Hennes Majestet Dronningen Vindafjord kommune 30.05.24. Dette var ei stor hending for kommunen, og det blei lagt ned ein betydeleg innsats i organisasjonen for å planlegge og gjennomføre besøket. Kongeparet blei møtt av mellom 3 000 og 4 000 besøkande i Ølen. I tillegg hadde Hans Majestet Kongens Garde med drilltropp oppvisning på stadion i Ølen etter hadde kongeparet hadde reist.

VindaFesten

VindaFesten blei gjennomført for andre gang 13. - og 14. november, med to like kveldar slik at alle tilsette skulle få moglegheit til å delta og heile 450 tilsette deltok. Det heile opna med minikonsert i foajeen med KORE' Vindafjord før dørene opna til salen og det offisielle programmet starta. June Kommune (Jan Rune Holdhus) stod for det humoristiske underholdningsinnslaget. Etter June Kommune var det dags for heider og gåve (onsdagen) og utdeling av arbeidsmiljøprisen for 2024 (torsdagen). I pausen fekk dei tilsette servert nydelige wraps og noko søtt til kaffien før folkelege elle melle gav ein magisk konsert til slutt.

Arbeidsmiljøprisen

Arbeidsmiljøprisen 2024 blei delt ut på torsdagen på VindaFesten. Vinnaren blei Etne-Vindafjord barnevernteneste. Arbeidsmiljøprisen skal stimulera til og vera ei påskjønning for personar og arbeidsstadar som har vist eit særleg ansvar og bevisstheit for arbeidsmiljøet. Det blir lagt vekt på tiltak som er helsefremjande og fremmer positiv endring i arbeidsmiljøet. Årets vinnar kan visa til jamt, bevisst og godt HMS-arbeid over tid. Dei har arbeida med systematisk utvikling i forhold til å melde avvik og avvikshandtering i Compilo, hatt gode støttefunksjonar i det daglege, og ein «open dør»-kultur mellom kollegar. Dei har ei fadderordning for nytilsette og rullera i personalgruppa på kven som sitt i sosialkomitéen. Tiltaka deira har ført til positiv endring både i sjukefråvær, vakanse på arbeidsplassen og på medarbeidarundersøkinga.

Leiarutviklingsprogram

Gode leiarar er ein viktig nøkkel for ein berekraftig utvikling av organisasjonen. Det er viktig at Vindafjord kommune som arbeidsgjevar legg til rette for kompetanseutvikling. Som ein del av strategi



for å behalda, utvikla og rekruttera er det starta opp med leiarutviklingsprogrammet “Vindafjordleiareren” med visjonen “ **Vindafjordleiareren er ein modig, løysingsorientert og trygg lagspelar**”. Gjennom dette programmet får deltakarane moglegheit til å utvikla sine ferdigheiter innan leiing, styrka samarbeidet i team, og bidra til ei positiv utvikling av organisasjonen.

Alle einingsleiarane i kommunen har i tillegg gjennomført 3-dagars kurs i faktaundersøking. Faktaundersøking er ein metodikk i vanskelege arbeidsmiljøsaker.

Tilitsvalddag

Det blei arrangert tillitsvalddag med professor Ståle Einarsen i frå Arbeidsmiljøspesialistene med gjennomgang av retningslinjer for handtering av konflikt, utilbørleg åtferd og trakassering, samt varslingsrutinar.

Kundeserviceforum

Prosjektet “Kundeserviceforum” blei starta opp for alle med støtte- og stabsoppgåver på rådhuset. Prosjektet har som mål at dei interne støttefunksjonane skal få eit betre samarbeid og utvikla ein kultur basert på prinsipp som kundeorientering, samskaping, og å vera ein lærande organisasjon.

Oppstart strategisk rekruttering

Vindafjord kommune må rusta seg for kampen om rett og nok arbeidskraft i tida som kjem. Rett bemanning er blitt ei samfunnsutfordring kor mellom anna demografi og aldersrelatert avgrensing gir oss store utfordringar og det blir ein stadig større kamp om arbeidskrafta. For å styrke arbeidet rundt arbeidskraftbehovet har ei tverrfagleg arbeidsgruppe jobba med å styrka rekrutteringsstrategien til kommunen, og deltatt på kursrekka “Strategisk rekruttering” i regi av KS.

Ny vallov

I 2024 fekk vi ny vallov som vert gjeldande for valet 2025. Politisk sekretariat har hatt opplæring i ny lov. I tillegg har hausten 2024 vore nytta til opplæring og klargjering til oppgradering til ny versjon og migrering til skyløysing av møteportal og politikarportal som skal settast i drift veke 4 2025.

Status økonomi i rammeområdet

Beløp i 1000

Rammeområde/eining	Rekneskap	Rekneskap	Rev. bud.	Avvik i kr
	2023	2024	2024	
1005-Politisk	6 137	5 753	5 828	75
1009-Kommunedirektør	6 661	8 956	7 835	-1 121
1010-Økonomi	14 311	15 941	16 164	223
1020-HR og lønn	9 078	10 712	11 200	488
1030-IKT	7 087	6 907	8 298	1 390
1040-Kommunikasjon og service	10 104	9 968	9 981	13
1095-Felles Administrasjon og fellesdrift	-720	-555	603	1 158
Sum	52 658	57 682	59 909	2 227

Kommentar til status økonomi

Rammeområdet administrasjon og fellesdrift hadde eit mindreforbruk mot budsjett på 2,2 millionar i 2024.


- Politisk hadde eit lite mindreforbruk.




- Meirforbruket for kommunedirektøren skuldast ein kombinasjon av utgifter til kommuneadvokaten i Karmøy (0,35 mill), kongebesøket 0,3 mill., Vindafesten 0,3 mill. I tillegg er ikkje eining kompensert for lønnsoppgjeret i 2024, som må sjåast i samanheng med mindreforbruk på fellesområdet.
- Økonomiavdelinga har mindreforbruk på grunn av lågare utgifter til forvaltningsrevisjon og noko vakanse/sjukefråvær gjennom året.
- Lønn og personal har eit stort mindreforbruk der mesteparten (1,4 mill.) skuldast at midlar til lærlingar er budsjettert på ansvarsområdet. Det er brukt omlag 1 million på kurs og opplæring i organisasjonen, mellom anna leiarutviklingsprogram, kurs i faktaundersøking og strategisk rekruttering. Av dette har ein fått om lag 270 000 i refusjon frå ordninga med OU-midlar og vil få noko meir refundert i 2024. Det er i tillegg meirforbruk på lisensar.
- IKT-avdelinga har eit stort mindreforbruk som hovudsakleg skuldast lågare avrekning frå Etne kommune for vertskommunesamarbeidet for 2024. Dette skuldast både vakante stillingar og innkjøp som har blitt utsett.
- Kommunikasjon og service hadde meirforbruk knytt til oppgradering av arkivsystemet til skydrift og felles annonsering, men høge inntekter frå sjukerefusjonar og lågare utgifter til sjenkekontroll bidrar til at det likevel blei balanse mot budsjett.
- Fellesområdet har mindreforbruk knytt til reguleringspremie pensjon med om lag 0,9 mill. og lønnsoppgjer med 0,2 mill.

Grafar Økonomi

Driftsutgifter og inntekter (graf)



Detaljvisning drift (graf)



KOSTRA Nøkkeltal

	Vindafjord 2023	Vindafjord 2024	Rogaland	Landet uten Oslo	Kostragruppe 01
Prioritet					
Brutto driftsutgifter til administrasjon og styring i kr. pr. innb (B) **)	6 143	6 576	6 300	6 473	6 936
Brutto driftsutgifter til funksjon 100 Politisk styring , i kr. pr. innb (B) **)	483	462	461	445	573
Brutto driftsutgifter til funksjon 110, Kontroll og revisjon, i kr. pr. innb (B) **)	121	139	103	142	193
Brutto driftsutgifter til funksjon 120 Administrasjon, i kr. pr. innb (B) **)	4 654	5 132	4 675	4 813	5 192
Netto driftsutgifter til funksjon 390,393 pr. innbygger i kroner (B) **)	672	823	721	729	827
Netto driftsutgifter, kirke, i prosent av totale netto driftsutgifter (B)	0,8 %	1,0 %	0,9 %	0,9 %	1,0 %
Dekningsgrad					
Medlem og tilhørige i Dnk i prosent av antall innbyggere (B)	75,8 %	74,6 %	62,7 %	64,8 %	74,3 %

**) Justert for utgiftsbehov

Status økonomiplantiltak

Rammeendringer i økonomiplanen

Beløp i 1000



Årsmelding 2024

Tiltak	Ramme år 1	Status Beskriving
Vedtak førre periode		
Reduksjon i merkantile stillingar	-500	I arbeid Førebels løyst gjennom sjukefråvær/vakanse.
Val - utgifter anna kvart år	-450	Ferdig Ikkje val i 2024.
Teknisk korrigering - kroneavvik	0	
Sum	-950	
Nye tiltak		
Kontroll og revisjon - auke som følgje av kontrollutvalet sitt budsjettforslag	85	Ferdig Justering av budsjettramme utan oppfølging.
Innspel frå Vindafjord kyrkjelege fellesråd - auka driftsbudsjett	258	Ferdig Tiltaket var ein rein oppjustering av tilskotet til fellesrådet.
Driftsgjennomgang - ekstern konsulent	1 000	I arbeid Agenda Kaupand la fram sin rapport hausten 2024 for framtidig drift behov innan pleie og omsorg. Rogaland revisjon IKS sin gjennomgang av utgifter innan barnevern og administrasjon blir ferdigstilt våren 2025.
Sum	1 343	
Sum tiltak	393	

Sjukefråvær

Fråvær	Korttid	Langtid	Samla fråvær
Årleg sjukefråvær 2020	1,18 %	6,73 %	7,90 %
Årleg sjukefråvær 2021	1,13 %	8,42 %	9,55 %
Årleg sjukefråvær 2022	3,19 %	3,35 %	6,55 %
Årleg sjukefråvær 2023	2,58 %	4,09 %	6,66 %
Årleg sjukefråvær 2024	2,94 %	5,90 %	8,84 %



Oppvekst og kultur

Omtale av rammeområde

Barnehage

Tenesta omfattar Skjold, Sandeid, Vats (fram til 14.08.24) og Vågen barnehage, og oppvekstsentera Bjoa-, Vikebygd- og Imsland. I tillegg er det tre private barnehagar i kommunen, Ølensjøen FUS barnehage, Vikedal FUS barnehage og Nausthaugen barnehage. Frå 15. august 2024 blei Vats barnehage avvikla, jamfør politisk vedtak desember 2023. Nausthaugen leigar lokala til Vats barnehage i påvente av at det nye bygget i Åmsosen skal stå klart våren 2025.

Dei kommunale barnehagane varierer i storleik, frå 6 barn i barnehagen i Imsland til 119 barn i Skjold barnehage. Det er også stor variasjon knytt til funksjonalitet i kvardagen, og utbetningsbehov ved einingane. Det er med unntak av Skjold barnehage redusert tal på barn i dei kommunale barnehagane, med ei endring frå 321 barn i 2015 til 259 i mars 2025.

Det er omlag 76 årsverk, med 87 tilsette, i kommunale barnehagar, inkludert leiarstillingar, assistentar/fagarbeidarar og barnehagelærarar. Kommunen fyller pedagognorma og det har ikkje vore naudsynt å gi dispensasjon til private barnehagar. Det har vore vanskelig å få fatt i utdanna personale pedagogstillingar og det er søkt om dispensasjon frå pedagognorm i 4 kommunale og 2 private barnehagar dette året.

Skule

Frå hausten 2023 gjekk Vindafjord kommune over til fem oppvekstsenter, då Sandeid og Vågen slo saman barnehage og skule, etter politisk vedtak. Altså tre 1.-10. skular, ein 1.-7. skule og fem oppvekstsenter. Vidare frå hausten 2024 blei Imsland oppvekstsenter og Bjoa oppvekstsenter lagt under høvesvis Sandeid oppvekstsenter og Vågen oppvekstsenter med felles leing. Det betydde at oppvekst gjekk ytterlegare ned på tal leiarar, to stk i talet.

2024 var det 154 årsverk i skulen, av desse var det 140 lærarar og 58 hjelpepersonell (SFO og skule). I tillegg var det 14,30 årsverk til administrasjon og leing (rektor, eininingsleiar, inspektør og avdelingsleiar). Felles konsulentressurs, lokalisert på rådhuset i Ølen, utgjorde totalt 2,0 årsverk i tillegg.

SFO

Det har vore tilbod om SFO ved alle ni skulane våre i 2024 med sju alternative val. Sommaren 2024 var det ferie SFO i Ølen og på Skjold. Kvalitetsplan for SFO er utarbeidd for å sikra meir kvalitet i SFO framover, denne er til revidering og vil truleg vera klar til hausten 2025. Plan for trygt og godt miljø, som blei revidert hausten 2024, er ein viktig plan også i SFO. Alle skal oppleve at det er trygt og godt på skulen, også i SFO. Det var 19,84 årsverk i SFO i 2024. Frå hausten 2024 blei det vedtatt at også 3. klasse får tilbod om gratis kjernetid, i tillegg til 1.- og 2. klasse. Dette har medført stor auke i søknadar til SFO, som forventa.

PPT

PP-tenesta for Etne og Vindafjord er interkommunal med Vindafjord som vertskommune. Tenesta støttar barnehagar og skular i førebyggjande arbeid for å gje eit inkluderande tilbod til barn og unge med behov for tilrettelegging. Tenesta bistår også med kompetanse- og organisasjonsutvikling, og utarbeidar sakkunnige vurderingar av særlege behov. Dette er heimla i barnehageloven § 33 og opplæringsloven § 11-13. PP-tenesta har totalt ansvar for 12 barnehagar, 11 skular og vaksenopplæring for elevar med behov for individuell tilrettelegging i dei to kommunane. Tenesta har 7,1 årsverk,



inkludert 0,5 årsverk for logoped og 0,9 årsverk merkantil funksjon. Dei tilsette har kontor på rådhuset i Vindafjord.

Kultur og læring

Kultur og læring er eininga med fleire ulike fagfelt. Vaksenopplæring, kulturskule, kulturadministrasjon, frivilligsentral og bibliotek, omlag 30 tilsette. Saman har ein drifta nå i over fem år, og ein er godt samkøyrd i den daglege drift, sjølv om det er heilt ulik driftsform for kvar og ein av felta. Målet er høg kvalitet innan opplæring, læring, møteplassarena, mangfald, inkludering, formidling, leselyst, frivilligheit, kunst og kultur for alle innbyggjarane våre og besøkjande som tek turen innom kultur- og læringscenteret på Sjøperlo i Ølen.

Utvalde resultat

Barnehage

Spesialpedagogisk team dekker alle barn i førskulealder. Barnehagane fyller pedagognorma, både i kommunale og private barnehagar. Nokre barnehagar har fått godkjent dispensasjon frå norm om pedagogisk bemanning. Når det gjeld læringsresultat i barnehage nyttar ein TRAS og foreldreundersøkinga (ikkje gjennomført i 2024). Kvar eining jobbar godt med barnehage- og skulebasert kompetanseutvikling i samarbeid med Sauda og Suldal. Det har vore utfordringar med å få kompetent personale i vikarstillingar og fortløpande vikaroppdrag. Barnehagane jobbar godt i tråd med kravet i barnehagelova, også med trygt og godt miljø. Den overordna planen er oppdatert og ligg på heimesida.

Grunnskulen

I 2024 var det totalt 1 153 elevar, og skulane våre fyller lærarnorma. Læringsresultata følgjer same trend som tidlegare, med låge resultat tidleg i skuleløpet og god utvikling etter kvart. Gjennomføringsgraden på vidaregåande opplæring er blant dei høgste i fylket. Når det gjeld læringsmiljø, jobbar vi godt i tråd med krava i opplæringslova. Elevundersøkinga viser at enkelte miljø er utfordrande, men det har blitt jobba godt med fleire konkrete saker, og dette har gitt gode resultat. Overordna plan for trygt og godt miljø er oppdatert og ligg på heimesida.

PPT

Pr. 31.12.2024 hadde PP-tenesta 348 aktive personsaker i Etne og Vindafjord.

I 2024 leverte PPT 145 sakkunnige vurderingar til Etne og Vindafjord. Tenesta fokuserer på utgreiing av behov og rettleiing til barnehagar og skular, både på individ- og systemnivå. Målet er å fylgja nasjonalt nivå for sakkunnige vurderingar og redusere behovet for spesialpedagogiske tiltak gjennom høg kvalitet i det ordinære tilbodet.

Etne kommune fekk tilsyn frå Statsforvaltaren i Vestland hausten 2024, utan avvik.

Nøkkeltal nasjonalt	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024
Sakkunnig vurderingar barnehage*	3 %	3 %	3 %	4 %	3 %	4 %	4 %
Sakkunnige vurderingar skule	8 %	8 %	8 %	8 %	8 %	8 %	8.0%
Nøkkeltal Vindafjord	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024



Antal personsaker Vindafjord	198	177	184	194	222	216	237
Sakkunnige vurderingar barnehage	3 %	4 %	4 %	5 %	5 %	4 %	4 %
Sakkunnige vurderingar skule	7 %	7 %	8 %	8 %	9 %	8 %	10 %

**For åra 2016-2019 var det tal i høve til barnetal i barnehage. Dette er justert i høve barnetal i kommunen. Nøkkeltala skule er pr. 01.10.2024 og barnehage pr 31.12.2024.*

Kultur og idrett

I 2024 fekk 14 anlegg tilskot frå spelemiddelordninga, totalt kr. 4.368.700. Ni nye innspel kom til prioritert handlingsprogram for 2024-2028, med fire ordinære anlegg og fem nærmiljøanlegg. Det vart registrert 4793 turar til dei 15 "Ut på tur i Vindafjord"-turane, med 805 ulike turgåarar, der 164 er busett i kommunen. Ung kultur møtes (UKM) vart gjennomført i februar på Skakkesenteret i Etne. Tre deltakarar frå Vindafjord kom vidare til fylkesmønstringa på Sola, og ein til UKM landsfestivalen i Bodø. UngTysdag, den populære møteplassen for ungdom frå 7. klasse til 1. VGS, har i snitt 40 ungdomar kvar veke. Bufdir-midlar har gjort det mogleg å servere gratis mat kvar gong. I samarbeid med FAU Ølen er det etablert natteravnordning for å trygge uteområda.

Bibliotek

I 2024 hadde biblioteket 38.614 besøkande, ein auke på 2,46% frå 2023. Førstegangsutlån auka med 6,9%. Det blei arrangert ulike aktivitetar som musikkbad, slektskafé, sjakkturneringar, seniorgaming, høgtlesing, føredrag, språktreff og litterære pusterom, med totalt 3703 deltakarar.

Biblioteket samarbeidde med Oppvekst om prosjektet "Vindafjord skulebibliotek – ein viktig arena i ein framtidsretta Vindafjordskule" for skuleåret 24/25. Evalueringa viser at skulane er nøgde. Sommaren 2024 blei ressursane omprioriterte for å gi eit godt og variert tilbod, spesielt til barn og unge, med kraftig auke i besøk.

Gjennom tilskot frå Nasjonalbiblioteket driv biblioteket tenester i Sandeid fengsel to dagar i veka, med utlån av bøker og lesestimulerande tiltak som sjakkturneringar, forfattarbesøk og LEGO-kveld.

Kulturskule

Etter pandemien har kulturskulen i 2024 hatt god auke i elevtal, frå 154 i 2023 til 185 i 2024, ein auke på ca. 20%. Elevplassar auka frå 166 til 208, ein auke på 25%. Det har vore utfordringar med fråfall mellom haust- og vårsemesteret. Kulturskulen har jobba aktivt med å nå ut til nye elevgrupper, spesielt i samarbeid med barnehagane, og har nådd ut til fleire barn i førskulealder enn tidlegare.

Vaksenopplæring

I desember 2024 hadde vaksenopplæringa 66 deltakarar, hovudsakleg frå Ukraina. Flyktningane har rett til norskopplæring og introduksjonsprogram om dei ynskjer det. Tilbodet er opp mot 30 undervisningstimar i veka, med arbeidsretta tiltak på minimum 15 timar i veka frå den fjerde månaden.



Deltakarar utan fullstendig grunnskuleutdanning går vidare til eksamensretta løp. I 2024 var det 16 deltakarar, 13 i alle fem grunnskulefag og tre i engelsk. Åtte fullfører med eksamen våren 2025.

Vaksenopplæringa har godt samarbeid med Integreringstenesta, NAV, helse, familiekonsulentar, miljøarbeidarar og økonomi. Integreringstenesta nyttar lokale på Kultur- og læringscenteret til Drop in samtalar i skuletida for å redusere møtetid og fråvær.

Frivilligsentral

Frivilligsentralen arrangerer møteplassar for ulike grupper, som UngTysdag, språktreff og seniortreff. Kveldskafe for kreftpasientar og deira pårørande, samt digihjelp, blir arrangert ein gong i månaden. Gratis ferieaktivitetar som Camp Vindafjord og Kongesommar blir arrangert i feriane.

Frivilligsentralen koordinerer frivillige til oppdrag som besøksvener, køyreoppdrag, handlehjelp, vaksineringsarbeid, øvingskøyring og møteplassar. Nye prosjekt inkluderer natteravn og velkomstven. Frivilligsentralen har søkt om tilskot til ulike formål og fått støtte frå fleire organisasjonar.

Frivilligsentralen koordinerer lån av arrangementkafeen til lag og organisasjonar på kveldstid og til andre tenester i kommunen på dagtid. Rommet er i bruk stort sett kvar dag.

	2021	2022	2023	2024
Kulturskule elevar (GSI)	186	173	153	185
Kulturskule elevplasser (GSI) *	191	175	165	208
Kulturskule venteliste	27	10	12	23
Kulturskule, musikk for barnehagebarn (**)	0	55	55	
Bibliotek, utlån (barn og vaksne)	18473	29901	31856	32447
Bibliotek utlån digitale bøker	1254	1342	1179	1113
Bibliotek besøk alle	21418	28005	37427	38614
Bibliotek SF, tal besøk/ snitt pr. veka	1610/47	2018/40,36	2384/49,66	2416/46,46
Bibliotek SF, samla utlån bøker og digitale	2398	3715	3876	2628
Vaksenopplæring, elevar norsk og sam.k.	37	48	57	73
Grunnskule, §19 gr. Dugleikar og fag (1.-7.) (GSI)	34	27	13	17
Grunnskule, §18 eksamensretta (GSI)	13	13	16	16
Tal ulike lag og organisasjonar som har mottatt tilskot	32	32	27	27
UngTysdag – gjennomsnitleg oppmøte på ungdomar***	16	22	40	40
Frivilligsentralen, opne møteplassar gjennomført			120	113
* elevar kan ha fleire				
** Ikkje digitale bøker				



***UngTysdag: Ein møteplass for ungdom mellom 7.klasse til 1VGS på Kultur- og læringssenteret på Sjøperlo				
---	--	--	--	--

Viktige hendingar

Vindafjord kommune har hatt godt samarbeid for sårbare barn og elevar, med faste statusmøte og BTI-modellen som grunnlag. Den nye LRBU-modellen har fungert godt med nokre justeringar. Tilsette er dedikerte og brenn for barn og unge sine oppvekstvilkår. Ein plan for førebygging av omsorgssvikt og åtferdsvanskar skal opp til politisk behandling hausten 2025.

Eksamen blei gjennomført utan store utfordringar.

Utviklingsarbeid gjennom Rekom og Dekom har gått sin gang, sjølv om skulane har hatt ein pause frå partnerskapssamarbeid med HVL. Barnehagane har delteke i digitale nettverk på Haugalandet, men desse møta har ikkje vore så effektive. Endringar er gjort for framtidige nettverkssamlingar. Barnehage og skule er involvert i kompetanseløftet for spesialpedagogikk og inkluderande praksis. Vindafjord kommune har tilskot fram til hausten 2025, deretter skal det implementerast som ei varig ordning.

Private barnehagar er inkludert i kompetanseutvikling og BTI-arbeidet, og deltek i fagmøte med dei kommunale barnehagane. Det er samordna opptak for kommunale og private barnehagar, og rekneskapen for dei kommunale barnehagane legg grunnlag for tilskotsatsar til dei private. Barnehagane driv med barnehagebasert kompetanseutvikling gjennom ReKom i partnerskap med Høgskulen Vestlandet.

Den overordna planen for det psykososiale miljøet er revidert og delt opp i eigne planar for barnehage og skule. Desse planane er viktige for å sikre at alle har det trygt og godt. Planane finn ein på kommunen si heimeside.

Kommunen jobbar målretta for å nå måla om at lærarar i norsk, matte og engelsk skal ha 30/60 studiepoeng innan 2025. I studieåret 2024/25 tek 11 lærarar vidareutdanning gjennom denne ordninga. Det kan bli utfordrande å rekruttere nok lærarar med den rette kompetansen.

Rekruttering av lærarar og barnehagelærarar er vanskeleg i Vindafjord, som i resten av landet. Låge søkjartal og høgt arbeidspress er hovudårsakene. Mange nyutdanna får ikkje nok støtte. For å betre situasjonen, har regjeringa og organisasjonar sett i verk tiltak som betre arbeidsvilkår og rettleiing for nyutdanna. I Vindafjord har eigar arrangert kurs i klasseleiing for nye lærarar, også for ufaglærte.

Det har vore, og er, ei utfordring å skaffe vikarar fortløpande gjennom året, dette gjeld både i barnehage og skule. Dette skapar ofte meirarbeid på tilsette og leiinga. Det kan til tider vera så utfordrande at leiarar må bruka kontinuitetsplaner for å i det heile tatt gi barn og elevar det tilbodet dei har krav på. Det kan vera å redusere opningstid, slå saman klassar og andre tiltak barnehage- og skulevis.

Skuleåret 2024/25 har Bjoa skule sine mellomstegselevar gått på Vågen skule grunna utfordringar med å skaffe vikar til desse klassane.

Vindafjord kommune blei plukka ut til tilsyn av Statsforvaltaren med tema barnehagemynde. Frist for å levera rettingar frå rapporten var 1. desember 2024, men tilsynet er ikkje lukka enda. Ny frist er sett til 1. april 2025.



PP-tenesta er involvert i tidleg innsats og førebygging. Kvar barnehage og skule har ein PP-rådgjevar som fast kontaktperson og deltakar i tverrfaglege støtteteam. Tenesta samarbeider med Sauda og Suldal om ekstern vurdering og har vidareført ASK-nettverket. Det har vore auka etterspurnad etter individbaserte tenester og systemsaker. PP-tenesta har auka sitt nærvær ute på einingane for å møte nasjonale mål om tettare fagkompetanse.

Både Etne og Vindafjord er BTI-kommunar, og stafettloggen fylgjer tilvisingar til PP-tenesta. Frå 01.08.24 blei mandatet utvida til å støtte barnehagar og skular i førebyggjande arbeid. Statped overfører fleire oppgåver til kommunen og PPT, som har fått kompetanseheving på Refleksjonsverktøyet inkluderande praksis.

PP-tenesta deltek i "Kompetanseløftet for spesialpedagogikk og inkluderande praksis" saman med Etne og Vindafjord kommune, HVL og NLA Høgskulen. Tenesta kjøper synspedagogtenester frå Tysvær kommune, men manglar stillingsheimel på psykolog.

I 2024 har vaksenopplæringa satsa på vurdering for læring, digitale kunnskapar og utviklingsarbeid saman med Tysvær Opplæringssenter, Lesson Study. Lærarane planlegg undervisning, observerer kvarandre og reflekterer saman for å forbetre undervisninga. Tre lærarar har tatt vidareutdanning i norsk som andrespråk gjennom HKDIR-støtte. Leiarane har gjennomført kompetanseheving gjennom KS agenda, Meg som leder.

Kulturskulen har auka elevtal og hatt både vår- og haustkonsert for fullsett sal, noko som inspirerer elevane. Biblioteket er ein populær møteplass for små og store, og er på høgde med dei flottaste biblioteka i landet.

Status økonomi i rammeområdet

Beløp i 1000

Rammeområde/eining	Rekneskap	Rekneskap	Rev. bud.	Avvik i kr
	2023	2024	2024	
1100-Skjold skule	35 205	35 274	36 419	1 145
1110-Ølen skule	37 451	41 392	39 140	-2 251
1120-Vikedal skule	18 886	19 949	19 791	-158
1130-Vikebygd oppvekstsenter	9 093	9 528	9 404	-124
1140-Bjoa oppvekstsenter	6 988	5 388	5 780	392
1150-Vats skule	12 689	12 372	12 644	271
1160-Vågen oppvekstsenter	13 867	17 641	16 440	-1 201
1170-Sandeid oppvekstsenter	12 742	17 985	17 466	-519
1180-Imsland oppvekstsenter	6 143	5 321	5 753	432
1210-Sandeid barnehage	9 117	4 461	5 971	1 510
1220-Vågen barnehage	5 737	2 605	3 377	772
1230-Vats barnehage	5 969	2 461	3 495	1 034
1240-Skjold barnehage	21 351	22 048	22 472	425
1250-PPT	4 968	4 963	5 054	91
1260-Kultur og læring	18 094	17 503	19 607	2 104
1295-Felles Oppvekst og kultur	37 753	52 960	46 905	-6 055
Sum	256 053	271 850	269 719	-2 132

Kommentar til status økonomi

Samla meirforbruk i 2024 for rammeområdet var på ca 2,1millionar kr. Dei fleste einingane har haldt seg innanfor ramma. Ølen skule, Vågen oppvekstsenter og felles oppvekst er vel dei einingane som skil seg




ut med litt større overforbruk. Nokre einingar har eit nokså stort mindreforbruk, der ein god del av dette skuldast vakante stillingar men ein vil å sjå nærare på ressursfordelinga mellom einingane. Kultur og læring har hatt betydeleg høgare inntekter enn budsjettert i opplæring av flyktningar, og noko mindreutgifter grunna vakanse.


På felles oppvekst og kultur er det spesielt tilskot til dei private barnehagane med eit meirforbruk på 4,5 millionar som trekk resultatet ned. I tillegg er det meirforbruk på styringstiltak i barnehage på omlag 1,7 millionar, kjøp av elevplassar i andre kommunar med 1,6 millionar og manglande tilskot på 1,4 millionar. Fellesområdet har eit mindreforbruk knytt til reguleringspremie pensjon med om lag 3,9 mill., som bidrar til å betre resultatet betydeleg.

Grafar Økonomi

Driftsutgifter og inntekter (graf)



Detaljvisning drift (graf)



KOSTRA Nøkkeltal

	Vindafjord 2023	Vindafjord 2024	Rogaland	Landet uten Oslo	Kostragruppe 01
Prioritet					
Netto driftsutgifter for kultursektoren per innbygger i kroner	2 032	2 221	3 716	3 155	2 331
Netto driftsutgifter grunnskolesektor (202, 215, 222, 223) i prosent av samlede netto driftsutgif (B)	26,0 %	25,4 %	24,0 %	22,5 %	23,7 %
Netto driftsutgifter i prosent 201 førskole (B)	10,6 %	10,7 %	12,7 %	11,3 %	10,9 %
Netto driftsutgifter til grunnskole (202), per innbygger 6-15 år (B) **)	124 146	130 889	116 824	118 869	124 040
Netto driftsutgifter til grunnskolesektor (202, 215, 222, 223), per innbygger 6-15 år (B) **)	152 646	161 947	146 494	152 772	157 550
Netto driftsutgifter til kommunale musikk- og kulturskoler, per innbygger 6-15 år (B)	4 338	4 098	3 525	3 249	3 549
Netto driftsutgifter til skolefritidstilbud (215), per innbygger 6-9 år (B) **)	12 925	16 331	18 214	16 856	14 191
Produktivitet					
Korrigerte brutto driftsutgifter i kroner per barn i kommunal barnehage (B)	205 393	194 890	217 530	210 969	205 735
Dekningsgrad					
Andel barn i kommunale barnehager i forhold til alle barn i barnehage (B)	61,1 %	55,4 %	50,8 %	50,9 %	55,5 %
Andel elever 6-15 år i kommunens kulturskole, av antall barn 6-15 år (B)	11,5 %	14,2 %	14,2 %	13,0 %	15,1 %
Andel elever i grunnskolen som får spesialundervisning (B)	8,3 %	9,6 %	7,3 %	8,1 %	9,6 %



Andel innbyggere 6-9 år i kommunal og privat SFO (B)	58,6 %	69,7 %	72,9 %	73,8 %	67,6 %
Besøk i folkebibliotek per innbygger (B)	4,2	4,3	5,7	4,4	3,4
Kvalitet					
Elevunders. 10. trinn - Trivsel	3,8				
Nasjonale prøver 5. trinn: Lesing	49,0				
Nasjonale prøver 5. trinn: Regning	51,0				

**) Justert for utgiftsbehov

Status økonomiplantiltak

Rammeendringar i økonomiplanen

Beløp i 1000

Tiltak	Ramme år 1	Status Beskriving
Vedtak førre periode		
Reduksjon skule og barnehage som følge av demografisk utvikling	-2 500	Ferdig Dette er gjennomført i henhold til vedtak.
Samle merkantilressursane for oppvekst	-500	Ferdig Dette er gjennomført i henhold til vedtak.
Sum	-3 000	

Nye tiltak

Gratis barnehageplass frå tredje barn (heilårseffekt)	38	Ferdig Dette er gjennomført i henhold til vedtak.
Ny opplæringslov hausten 2024	87	Ferdig Dette er gjennomført i henhold til vedtak.
Reduksjon i kontantstøtta - auka etterspurnad etter barnehageplass	222	Ferdig
Auka stillingar som følge av mottak av flyktningar	825	Ferdig
Reduksjon skule og barnehage som følge av demografisk utvikling	2 500	Ferdig Dette er gjennomført i henhold til vedtak.
12 timar med gratis SFO for andre trinn	2 862	Ferdig Dette er innført
Redusert foreldrebetaling i barnehage frå hausten 2024	3 995	Ferdig
Sum	10 529	

Budsjettendring i år

Samling av merkantilressursen frå 1.8.23	0	Ferdig Dette er gjennomført i henhold til vedtak.
Sum	0	

Innsparingstiltak

Felles leiar for Bjoa og Vågen og Imsland og Sandeid	-708	Ferdig Dette er gjennomført i henhold til vedtak.
Sum	-708	

Politisk vedtak

Oppretthalde hjelpestillingar skule	800	Ferdig Dette er gjennomført i henhold til vedtak.
Gratis halvdagsplass SFO 3. trinn (frå hausten 2024)	1 629	Ferdig Dette er gjennomført i henhold til vedtak.
Sum	2 429	

Sum tiltak 9 250



Sjukefråvær

Fråvær	Korttid	Langtid	Samla fråvær
Årleg sjukefråvær 2020	1,52 %	4,75 %	6,27 %
Årleg sjukefråvær 2021	1,37 %	5,27 %	6,64 %
Årleg sjukefråvær 2022	2,58 %	2,59 %	5,17 %
Årleg sjukefråvær 2023	2,56 %	3,71 %	6,27 %
Årleg sjukefråvær 2024	2,66 %	4,73 %	7,39 %

Status sjukefråvær og HMS

Sjukefråværet ligg noko høgare denne månaden enn året før, det låg i fjor på 6,27 % medan det i år ligg på 7,39 % totalt på rammeområdet oppvekst og kultur. Nokre einingar har gjennom året hatt veldig høge fråværstal, noko som gjer at det har auka. Totalt i Oppvekst og kultur er det nærvær på heile 92,61, som er bra til å vera eit så stort rammeområde. Det blir likevel jobba med god sjukefråværsoppfølging og førebyggjande tiltak. Målet er å koma ned på måltalet til kommunen, som er 6 %.



Helse og omsorg

Omtale av rammeområde

Rammeområdet omfattar følgjande einingar: Barnevern, Helse, Rus og psykiatri, Tilrettelagde tenester, Vindafjordtunet, Ølen omsorgssenter, Heimetenester og NAV. I tillegg omfattar området kommuneoverlege, smittevernoverlege og tenestekontoret.

Utvalde resultat

Vindafjordtunet

- Nye ressurskrevjande brukarar har vore krevjande for drifta. Auke i årsverk for å dekke behov i tenesta. Ein har klart dette med å omorganisera drifta noko.
- 72 personar har hatt langtidsplass i løpet av 2024.
- Fleire utlysingar då me har høg vakanse, lite og dårlig rekruttering.

Ølen omsorgssenter

- 17 pasientar med innvilga langtidsopphald har venta på overflytting medan dei var innlagt på korttidsavdelinga. Gjennomsnittleg liggjedøgn har vore 58 døgn. Lengste langtidsopphold på korttidsavdelinga var på 161 døgn.
- 38 personar har hatt langtidsplass ila 2024.
- Antal inn/utskrivingar krev mykje arbeid frå avdeling. Flinke og gode tilsette som vil pasientane det beste gjer ein formidabel innsats!
- Over lang tid hatt MRSA smitte, dette smitteregime er no avvikla.
- Hadde over 2 periodar- sommar + høst hatt uttalt covid-smitte. Dette medfører fire dagars isolasjon av pasienter, og gir meirarbeid i form av av/påkledning for å hindre smittespreiing.
- Krevande og komplekse behandlingar hjå fleire pasientar på korttidsavdelinga- gir utslag i kostbare medisiner.

Rus og Psykiatri

Psykiatri bustad - Hauatunet

- Vi har 17,01 årsverk, har hatt same sum årsverk dei siste åra. Dei fleste har komme opp i ønska stillingsprosent, det er fleire tilsette som ikkje har ønske om å jobbe 100%, mange ønske å jobbe redusert stilling.
- Vi har fleire ledige helgestillinger som det er utfordrande å få kvalifisert personale inn i.
- Det har sidan i haust vore ein ledig bustad, det kan sjå ut som at det vil flytte inn ein person i den i starten av 2025.
- Hausten 2024 gjennomførte Arbeidstilsynet eit tilsyn. Hensikta med tilsynet var å kontrollere korleis vi jobba systematisk førebyggjande for å unngå at arbeidstakarar får arbeidsrelaterte muskel- og skjelettplagar og psykiske plagar. Det blei jobba godt i forkant av tilsynet, med arbeidstakarar, tillitsvalte, verneombod og leiinga i avdelinga/eininga. Resultatet var at vi ikkje fekk nokon pålegg frå Arbeidstilsynet.



Helseavdelinga i Sandeid fengsel

- I 2024 var det 365 menn som møtte til soning, alle desse fekk gjennomført inntakssamtale med helseavdelinga. Dei har også tilbod om oppfølging ved behov under heile soninga.
- Fleire får utdelt LAR – medisin (Legemiddelassistert rehabilitering) i fengselet.
- Helseavdelinga bidrar med abstinensbehandling, nedtrapping av vanedannande medisin, skader som oppstår under soning, enten dei skader seg på jobb eller belastningskader som oppstår på trening, som følgje av feil trening eller overbelastning. I tillegg får dei samtaler ang. psykisk helse og rus utfordringar.
- Det er avtale med ein fysioterapeut som kjem inn og har konsultasjonar og behandling inne i fengselet.

Psykisk helse og rus samt dagsenter:

- På dagsenteret har ein gjennom heile året hatt stort fokus på meistring, finne gode aktivitetar for den einskilde og saman i grupper. Ein har faste grupper med fysisk aktivitet, syng, strikking og andre handverks aktivitetar. Det har vore forskjellige felles turar og i desember hadde ein julebord med god mat og underhaldning.
- I 2024 har det komme ca.90 nye tilvisingar til tenesta, fleire tar sjølv direkte kontakt med tenesta for å få hjelp, alvorlighetsgraden varierer frå lette til meir alvorlege psykiske lidningar.
- Ein ser ein auke i henvendelser frå personar som ein før ikkje hadde så mykje kontakt med, til dømes er det fleire unge småbarns fedre og unge heilt ned i 18 års alder som tek kontakt sjølv eller vert tilvisa frå fastlege/nav eller andre instansar.
- Det har vore ein auke i forhold til Ukrainere som har komme til Norge som følgje av krigen i heimlandet, ein ser nå at fleire har større utfordringar som er relatert til traume frå krigen.
- Fleire av dei som har behov for oppfølging har behov for koordinerte tenester og ein ser også at det er fleire som har dålegare buevne.
- Sjølvhjelpsprogrammet «Assistert selvhjelp» har fått gode tilbakemeldingar og mange opplev dei får god hjelp til å meistre livet sitt. Programmet er sett saman av digitale kurs og individuell oppfølging.
- I forhold til personar med rus utfordringar ser vi ein auke i forhold til personar som rusar seg meir på illegale stoffar enn før, tidlegare år har det vore flest personar som har utfordringar med alkohol, mens den siste tida ser ein endring mot meir illegale stoffar.

Barnevern

Etne Vindafjord barnevernsteneste har eit stabilt høgt tal bekymringsmeldingar og undersøkingar. I likskap med den nasjonale utviklinga ser ein at barneverntenesta jobbar meir med komplekse og alvorlege saker, og talet alvorlege saker aukar. Barneverntenesta er i ein prosess der den førebyggjande innsatsen skal vera meir retta mot systemarbeid og rettleiing til instansane i førstelinja, enn at ein skal ha individuelle førebyggjande tiltak.

Halvårsrapporteringar til Statsforvaltar syner til at tenesta driv innafor lovkrava. Etne Vindafjord barnevernteneste hadde ingen fristbrot knyt til handsaming av bekymringsmeldingar og undersøkingar ved nokon av rapporteringar i 2024. I tillegg var alle kvalitetsindikatorar knyt til oppfølging av fosterheimar og evaluering av hjelpetiltak oppfylt, både i høve til lovkrav og interne rutinar.

Tenesta har fokus på å gje målretta, tidsavgrensa og målbare tiltak. Arbeidet skal vera prega av brukarmedverknad i alle ledd. Informasjon og vurderingar skal delast med føresette og barn, samt at deira meiningar og synspunkt skal dokumenterast og vektast i barneverntenesta sine vurderingar.

Utvalde nøkkeltal pr. 31.12.24:



Samla tal for Etne og Vindafjord.

Bekymringsmeldingar	170
Ferdigstilte undersøkingar	88
Barn med hjelpetiltak i heimen	59
Ungdom som mottar ettervern etter fylte 18 år	13
Barn under omsorg	13
Barn som er frivillig plassert	2

I tillegg kjem saker med aktiv undersøking, som ikkje har tiltak i frå før.

NAV Vindafjord Etne

Økonomisk sosialstønad

Det har vore ein auke i utbetaling av økonomisk sosialstønad frå 2023 til 2024 på rundt 6,8 mill. Den store auken skuldast i hovudsak stor busetting av flyktningar. Me ser og at fleire som tidlegare akkurat klarte seg har behov for hjelp, då prisane i samfunnet har auka. Me ser og ein auke i personar som har behov for nødhjelp.

Resultatet mellom 1415 (ordinære sosialhjelpsmottakarar) og 1416 (flyktningar) fordeler seg slik:

- 1415: Meirforbruk på 1,4 mill. Auke i utbetaling på rundt 1,1 mill. frå 2023 – 2024
- 1416: Meirforbruk på 0,2 mill. Auke i utbetaling på rundt 5,7 mill. frå 2023 – 2024

Hovudårsaka til auken er busetting av flyktningar. Grunna busetting av flyktningar har det blitt fleire sosialhjelpsmottakarar, noko som påverkar utbetaling av økonomisk sosialhjelp. Nye busette flyktningar er avhengig av økonomisk sosialstønad før dei startar i introduksjonsprogrammet og får utbetalt introduksjonsstønad. For dei ukrainske har dei rett på kortare program (6 mnd. + 6 mnd.) så alternativet for dei etter endt program er økonomisk sosialstønad om dei ikkje er kome i jobb og er sjølvforsørge.

Mottakarar med sosialhjelp som hovudinntektskjelde auka frå 2023 til 2024, dette har samanheng med den store busettinga av flyktningar. Talet på unge sosialhjelpsmottakarar har hatt ein stor auke, i hovudsak gjeld dette flyktningar. Det har og vore ein stor auke på barnefamiliar som mottar økonomisk sosialstønad, dette gjeld berre busette flyktningar, av ordinære sosialhjelpsmottakarar har talet på barnefamiliar gått ned.

Av ordinære sosialhjelpsmottakarar ser me ein auke i personar som har behov for nødhjelp, noko som tyder på at utbetalingane ikkje strekker til. Det har vore mindre utgifter på straum i 2024 enn i 2023, men ein auke i utgifter til tannbehandling og helseutgifter.

Kategori	2021	2022	2023	2024
Antall mottakarar av økonomisk stønad	159	197	261	335
Antall med økonomisk stønad som hovudinntekt	53	74	102	146



Unge mottakararar under 25 år	36	47	42	70
Mottakararar med forsørgingsplikt	53	83	109	117
Antall i kvalifiseringsprogrammet	5	9	10	5
Antall med § 27 vedtak (Mellombels bustad)	3	3	6	5

Kvalifiseringsprogrammet

Gjennom 2024 var det 5 deltakarar i Kvalifiseringsprogrammet (11 viss ein tar med dei 6 som var i avbrot i programmet grunna jobb). I løpet av året var det 6 som gjennomførte programmet. 3 av dei gjekk ut i ordinært arbeid og 3 av dei gjekk over på arbeidsavklaringspengar.

Oppfølging av barnefamilier

Barneperspektivet står sterkt i Nav. Me har og utvalde Nav tilsette som har eit spesielt ansvar for barneperspektivet. Etter tilsyn i 2022 har Nav kontoret fått betre rutinar på kartlegging av barnefamilier og kvart enkelt barn. Nav kontoret har og representant inn i SLT og LRBU i kommunen. Nav er oppteken av å ha tilgjengelege tenester og at dei som har behov for hjelp kjem i kontakt med oss. Me vil gå meir aktivt inn å informera både skular og barnehagar om våre tenester, og viktigheita av å sette innbyggjarar i kommunen i kontakt med oss ved behov. I 2024 var det innvilga tilskot frå statsforvaltaren til ei prosjektstilling som familiekontakt i Nav.

NAV Vindafjord (flyktningar)

Busetting

Vindafjord kommune vart oppmoda om å busette 105 flyktningar i 2024 og kommunestyret vedtok at dette skulle gjennomførast etter oppmodinga. Ved årsslutt var det totalt busett 104 flyktningar i kommunen, og det kom ein person på familiesameining. Oppmodinga om å busetja flyktningar er ikkje knytt eller fordelt på landbakgrunn, men i 2024 vart det kun busett flyktningar frå Ukraina med kollektiv beskyttelse. Flyktningane som har kome varierar i alder frå 0 til 87 år. Kommunen er kjend med at fem ukrainske flyktningane har reist tilbake til Ukraina eller andre land i løpet av året. Vindafjord kommune har eit mål om spreidd busetting i kommunen. I løpet av 2024 har det blitt busett flyktningar i Ølen, Ølensvåg, Skjold, Sandeid, Vikedal, Vikebygd og på Bjoa.

Introduksjonsprogrammet

I Vindafjord har 85 personar delteke i introduksjonsprogrammet i løpet av 2024. Totalt 37 personar fullførte eller avslutta introduksjonsprogrammet i løpet av året. 51 % gjekk over i arbeid, 8% gjekk over i vidaregåande utdanning og 41 % heldt fram med norskopplæring og/eller oppfølging frå Nav.

Det har vært deltakarar i introduksjonsprogrammet etter den gamle introduksjonslova, den nye integreringslova, samt etter integreringslova med midlertidige reglar for fordrivne frå Ukraina. Det kom i 2024 ei lovendring knytt til arbeidsretting av introduksjonsprogrammet. Frå 4. månad i program skal det no vera minimum 15 timar arbeidsretta tiltak i programmet. Det har blitt jobba godt med auka talet på praksisplassar for deltakarar i introduksjonsprogrammet. Knytt til dette og kommunen har bestemt å stille med ni faste praksisplassar. Det private næringslivet har i tillegg stilt med mange viktige praksisplassar gjennom året. Integreringstenesta har ein ukrainsktalande tilsett i 50% stilling som følgjer



opp deltakarar i praksis tett. Det har blitt arrangert fleire foreldrerettleiingskurs (ICDP) i samarbeid med helsestasjon for deltakarar i introduksjonsprogrammet i løpet av året.

Helse

Prosjekt Trygge foreldre på Haugalandet

Eit interkommunalt prosjekt som skal tilby foreldreveiledningskurs til alle foreldre som har born frå 0-6 år. I vår kommune eit samarbeidsprosjekt mellom helsestasjonen og familie-teamet. Ein har jobba med ulik tilnærming knytt til rekruttering av kursdeltakarar og ser nå at det er aukande pågang knytt til påmelding til disse kursa. Ein har i 2024 utført 3 kursrekkejer.

Det interkommunale prosjektet avsluttast i 2024, men tilbodet i Vindafjord vil halde fram.

Fødselstal

Totalt antal fødsler i år er 88 (ifjor 89). Flest fødsler i Skjold, deretter Sandeid og Ølen på ein delt andre plass. Det var ingen fødsler i Imsland dette året. Berre 1 på Bjoa og 2 i Vik.

Smittevern/vaksinekontoret

Dette året har me busett 104 stk. Fordelinga her var 20% born, 50 % 18-55 og 30 % over 55 år. Me ser ein auke i antal komplekse lidningar med oppfølgingsbehov i 1 og 2 linjeteneste.

Smitteverkoordinator har saman med psykisk helse hatt undervisning om helsesystemet i Noreg x 2 på vaksenopplæringa.

Det har siste året vore ein auke i kikhosteutbrudd nasjonalt og i nærliggande kommunar. Det har derfor vore stor etterspørsel etter vaksine knytt til dette. Som eit førebyggjande tiltak fekk barnehagetilsette tilbud om gratis vaksine mot kikhoste dette året.

Gjennomføring av influensavaksiner i uke 44-46. Tilbod om tre ulike vaksiner samstundes. Korona, influensa og pneumowax. Mange nytta seg av dette tilbodet.

Ein har tatt ein grundig gjennomgang av beredskapslager, både behaldning og holdbarhetstatus. Ein har delt ut eindel av lageret til aktuelle helseavdelingar. Fra 2026 blir det lovregulert at alle avdelingar skal ha eige beredskapslager for 3 mnd.

Viktige hendingar

Vindafjordtunet

- Heiltidsauke: VT lyser ikkje ut stillingar under 80%, dette er avklara med HTV FF og NSF
- Gjennomsnittleg stillingsprosent: Over 80% (då er ikkje vakanse tatt med og rekna frå).
- Dekning av helgetimer: Stabil dekning av helgetimar frå eigne tilsette grunna langvakter. Dette gir kontinuitet i tenestene for pasientar og tilsette.
- Årsturnus: Oppstart med årsturnus i februar. Gir betre planlegging og oversikt over kompetanse slik at den blir jamnt fordelt over året.



- Langvakter: Langvakter på alle avdelingar - kontinuitet og kompetanse. Fleire går kombinert langvakter og ordinære vakter.
- Sjukepleiarteam: Oppstart i september. Samlar sjukepleiarane i faste treffpunkt daglig. Gir betre oversikt og dekking av sjukepleiaroppgåver på tvers av avdelingane. Styrker samhaldet mellom sjukepleiarane.
- Avdelingsleiar: Avd.spl. somatisk VT har vore 50% her samt 50% på somatisk ØOS. Gir auka fellesskap og samkjøring av drifta. Avd. Sør fekk tilsett ny avd.spl. i august.
- Fagsjukepleiar: Tilsett fagsjukepleiar i 100% i september. Har base på somatisk avdeling, men har oppgåver på tvers av avdelingane med tanke på kompetanseheving og oppgåvespissing. Me har hatt fagdagar etter kartlegging av kompetanse blant sjukepleiar og fag.
- Merkantil/husøkonom: Tilsett merkantil med husøkonom funksjonar i august. Jobbar 60% på VT og 40% på ØOS.

Ølen omsorgssenter

- Andel heiltid: Ølen omsorgssenter har fortsatt ein auke i heiltidsutvikling, dette er veldig gledelig.
- Gjennomsnittleg stillingsprosent: rett under 80% (då er ikkje vakanse tatt med og rekna ifrå).
- Dekning av helgetimer: sterk auke i dekning av helgetimar frå eigne tilsette grunna langvakter. Dette gir kontinuitet i tenestene for pasientane, men og ein tryggleik for tilsette.
- Kalenderplan: har fungert bra! Det er bestemt overgang til årsturnus for 2025 med oppstart 24.02.25.
- Langvakter: fungerer fint. Fleire tilsette har gått over på langvakter i 2024, og ein ser at trenden er stigande med tanke på utarbeida årsturnus for 2025. Ein erfarer at langvakter er bra for kontinuitet og kompetanse!
- Fagdag: fagdag kvar 6 veke er godt innarbeida, og fungerer fint. Tilsette skryt, og er glade for kompetanseheving. Dette kjem pasientane til gode. Fagdag vidareføres for årsturnus 2025.
- Merkantil: nytilsett merkantil som deler stillinga si mellom ØOS (40%) og VT (60%).

Rus og Psykiatri

Psykiatri bustad - Hauatunet:

- Hos bebuarane våre ser me at fleire av dei som er eldst, er blitt mykje dårlegare fysisk og treng meir pleie/stell. Ein har stort fokus på at dei som bur på Hauatunet skal oppleve menstring og ha meningsfulle dagar. Det har vore arrangert basar, loppemarknad, haustfest og julebord. Bålpanna og kos ute rundt den er vanlege aktivitetar for utanom kjøreturar og gå turar for dei som har ønske om det. Det å få til gode aktivitetar for den einskilde har stor fokus.
- Vi har hatt stor fokus på korleis vi skal klare å ivareta dei tilsette på ein god måte for å unngå at dei vert utbrende og oppleve omsorgstrøttheit, som vi veit mange kan oppleve. Tilsette har vore på fleire kurs og fått betre forståing for bl.a. angst, «Samtykke- kompetanse og autonomi», «Vold og truslar på jobb», eit seminar for dei som opplev truslar og vold i jobben, og kurset «Når jobben blir for mye». Ein konferanse om belastning psykologi for å unngå utbrenthet og omsorgstrøttheit og korleis ein beskytta seg og står i mot dei hardaste dagane ein kan ha på Hauatunet. Dette gjeld for eksempel med utfordrande brukarar eller gjentakande sterke ord/truslar brukarane seier til personalet i løpet av dagen. Det er komme gode tilbagemeldingar i frå personalet at kursa har vore gode. Tilsette har også deltatt på pårørande - konferansen som blei streama her i kommunen.
- Kommunen har hatt eit samarbeid prosjekt med FACT- psykose med støtte frå Statsforvaltar, FACT samarbeider også med Hauatunet. Ein opplev at det har vore eit positivt samarbeid opp



mot andre linje tenesta. Dei kjem til huset, ser brukaren og personale, dei forstår og støttar dei tilsette på ein god måte. FACT står for fleksibelt, aktivt, oppsøkande behandlingsteam i lokalmiljøet.

- I forhold til rekruttering så ser vi at vi har søkarar, men den største utfordringa er å rekruttere tilsette med vidareutdanning og få kvalifisert personale inn i helgestillinger.

Helseavdelinga i Sandeid fengsel:

- Tilsette har deltatt på relevante kurs, samt på Nettverkstreff i regi av Statsforvaltar.
- Det skal komme ein ny rettleiar for helsetenesta i fengsla, den er ennå ikkje komme, men det er varsla at den skal komme i 2025. Ein er spent på om det vil ligge andre forventingar/krav til om kva kommunen skal bidra med.
- Lege situasjonen i helse-avdelinga har vore utfordrande og det har vore lite kontinuitet, etter at den som hadde stillinga slutta. Det har vore krevjande for dei tilsette i helseavdelinga å stadig forholde seg til nye vikarar og lære opp nye legar. Det har ført til lite kontinuitet både for dei tilsette og dei innsette.
- Helse avdelinga har hatt tett samarbeid med Haugaland DPS, men sidan i haust har ikkje Helse Fonna klart å rekruttere ny psykolog til denne stillinga da den som hadde den slutta. Psykolog spesialist er i utgangspunktet tilstades i Sandeid Fengsel en dag pr. veke. Dei som får oppfølging er enten henvist frå Fengselslege eller overført frå andre DPS.

Psykisk helse og rus samt dagsenter:

- Vindafjord kommune har hatt tett samarbeid med FACT – psykose, temaet følgjer opp fleire brukarar i tenesta. Det er faste samarbeidsmøte mellom psykisk helse og rus og FACT. FACT står for fleksibelt, aktivt, oppsøkande behandlingsteam i lokalmiljøet. Det har vore eit prøveprosjekt med støtte frå Statsforvaltaren, prosjekt- perioden går ut 2024. Erfaringar ein sitter med er at dei som fungerer dårligast og har ein alvorleg sinnsliding får oppfølging i heimen både frå 2. linje tenesta og kommunen, noko som har vore positivt. Ein har bestemt at ein skal gå inn på ein økonomisk avtale med FACT for 2025.
- Ny ruskonsulent starta opp i mai 2024, etter ein tid med vakanse i denne stillinga var det veldig bra å få ein person på plass. Hun har gjennom året gjort seg kjent i tenesta og fått god kontakt med brukarar av tenesta.
- Det har vore ein auke i bruken av digital psykolog teneste, fleire har fått tilbod gjennom denne tenesta og dei opplev det som veldig nyttig og dei har fått god hjelp, er tilbakemeldingane som er komme å forhindre at tilsette vert utbrend og klarer å stå i ein krevjande kvardag. Dei fleste kursa har vore digitale, noko som er veldig tidssparande og ein har også fått tilgang til kurset i atterkant.
- Vi har hatt fokus på å jobba recovery orientert, og har hatt to tilsette som har helt kurset "Ditt liv dine val", og har plan om lære opp 2-3 stk til, slik at ein ikkje er så sårbar ved f.eks. sjukdom.

Barnevern

Tilsyn undersøking

Tilsynet pågår i 2024 og 2025. Det er eit landsdekkande eigenrapporteringstilsyn som omhandlar barnevernet sitt undersøkingsarbeid. Første del av tilsynet blei gjennomført hausten 2024. Då gjekk tenesta gjennom ti nyleg avslutta undersøkingar og scora desse utifrå eit skjema utdelt frå tilsynsmyndigheita. Basert på eigne funn ved denne gjennomgangen laga tenesta ein plan for forbedring



med tilhøyrande vurdering av rotorsakar til dei områda der ein såg trong for forbedring. I 2025 skal ein gjennomføre forbedringsplanen og deretter eigenrapportere på nytt og til slutt sende inn ein evalueringsrapport av eigne funn og utvikling innan utgangen av året.

Implementering av nytt fagsystem:

Etne Vindafjord får nytt fagsystem mars 2025. Det blir då ein overgong frå DIPS Barnevern (ACOS) til Visma Flyt Barnevern. Det har vore ein lang prosess for å få lande kva program ein skal ha, med felles anbudsrundar og samarbeid med andre rogalandskommunar via Digi Rogaland, samt at sjølvve byteprosessen har vore krevjande og omfattande. 05.03.25 går ein i drift med Visma Flyt Barnevern.

Innkjøp av nytt fagsystem og abonnement har også medført betydelege økonomiske konsekvensar.

Revisjon:

Formannskapet i Vindafjord bestilte ein revisjon av barneverntenesta hausten 2024:

Bestilling: På vegne av formannskapet bestilte kommunedirektøren i Vindafjord kommune 27.02.2024 ei kartlegging av ressursbruken på et utvalg tjenesteområder med høye utgifter.

Formål: Formålet med dette delprosjektet er å foreta en gjennomgang av ressursbruk i barneverntjenestene i Vindafjord. Ved høy ressursbruk skal grunner til dette vurderes, sett opp mot kvalitet i tjenestetilbudet.

Problemstillinger:

- *Har Vindafjord kommune uforholdsmessig høy ressursbruk i (hele eller deler av) sine barneverntjenester?*
 - *Hvis ja, hva er grunnene til dette?*
 - *Med tanke på mulige omstillinger fram mot 2030: Er det sider ved dagens organisering og innretning av tjenestene som har et klart forbedringspotensial.*

Rapporten frå revisjon er forventa i løpet av våren 2025 når reknskapstal frå 2024 også er tilgjengelege, for både historisk grunnlag og eit utgangspunkt for budsjettering og prognosar framover. Dei mest sentrale funna førebels har vore at det store overforbruket knyt til tiltak i heimen/hjelpetiltak KOSTRA-funksjon 251 skuldast at Etne Vindafjord barnevernteneste har kostnadsført og budsjettert her for frivillige plasseringar. Altså tiltak utanfor heimen, men med samtykke. Ein har såleis satt skiljelinja mellom tiltak i heimen og tiltak utanfor heimen i høve til korvidt det har basert seg på frivilligheit og samtykke eller ikkje. Etter dialog med Rogaland revisjon og SSB har ein kome fram til at det korrekte er å føre kostnadar og budsjett knyt til tiltak utanfor heimen på KOSTRA-funksjon 252 uavhengig av samtykke. Det vil sei at ein skil mellom tiltak i heimen og tiltak utanfor heimen. Når ein gjorde korrigering i høve til denne skilnaden fann ein at Etne Vindafjord ikkje hadde eit betydeleg overforbruk samanlikna med andre kommunar. Både 251 og 252 jamne seg då ut og det skilde seg ikkje ut nokon markante avvik.

NAV Vindafjord Etne

Prosjektstilling familiekontakt i Nav

I 2024 var det innvilga tilskot frå statsforvaltaren til ei prosjektstilling som familiekontakt i Nav. Familiekontakten arbeidar med 10 til 15 familiar og rettleiar og følgjer opp både vaksne og barn i familien etter behov. Prosjektet skal bidra til å betre levekåra til sosialt og økonomisk vanskelegstilte familiar i Etne og Vindafjord, og å førebygge at sosiale utfordringar går i arv. Gjennom tett og individuelt tilpassa oppfølging av ein familiekontakt skal prosjektet bidra til økonomisk tryggleik, god og stabil



bustadsituasjon og aktiv deltaking i aktivitet, arbeidsliv, fritid og den digitale verda.

Evaluering av vertskommunesamarbeid

Nav kontora i Etne og Vindafjord blei i mai 2020 slått saman gjennom eit vertskommunesamarbeid, kor Vindafjord kommune er vertskommunen.

Formålet med vertskommunesamarbeidet har vore å sikre ei felles NAV-teneste som oppfyller krav til forsvarlegheit, kompetanse, stabilitet, førebyggjande arbeid og rettstryggleik.

Det har vore gjort ei evaluering av vertskommunesamarbeidet. Evalueringa tok utgangspunkt i dei definerte målsetjingane:

1. Forsvarleg, god og effektiv teneste som tilfredsstiller gjeldande krav
2. Sikrar god og brei kompetanse
3. Sikrar stabilitet og kvalitet i tenestetilbodet
4. Bidrar til førebyggjande arbeid og samarbeid med andre instansar
5. Auka rettstryggleik

Ved evaluering av målsetjingane for vertskommunesamarbeidet har det vore brei involvering av dei tilsette ved Nav kontoret.

Det vert konkludert med at vertskommunesamarbeidet mellom Nav Vindafjord og Etne i hovudsak oppfylte målsetjingane, særleg når det gjeld kompetanse, kvalitet og rettstryggleik. Forbettringspunkt inkluderer effektivisering av systembruk, sikre egna møteplassar og harmonisering av rutinar på tvers av kommunane og fylka.

Nye lokalar Nav Vindafjord- Etne

Nav kontoret er i prosess for å skaffe seg nye lokalar. Hausten 2024 har det vore forhandlingar med ulike utbyggjarar. Det vart Ølen Eiendom som vert utbyggjar av dei nye lokala, og lokalet vert eit nybygg ved sidan av Ølen senter. Det er plan om innflytting i dei nye lokala i februar 2026.

NAV Vindafjord (flyktningar)

Det var arrangert jobbmesse for flyktningar og andre arbeidssøkjjarar i mars 2024. Dette vart eit fint møtepunkt mellom deltakarar i introduksjonsprogrammet og arbeidsgivarar i Vindafjord og Etne. Det vart arrangert eit informasjonsmøte for bedrifter om arbeid for flyktningar i samarbeid Medvind næringsforening.

Det har blitt jobba med å bidra til meir inkludering og integrering i lokalsamfunnet. Integreringstenesta har heldt ulike informasjonsmøter og delteke på ulike arrangement rundt om i kommunen for å fortelja om flyktningssituasjonen. Kommunen har innvilga tilskot til lag og organisasjonar som vil drive med integreringsfremjande tiltak. Det vart arrangert sommartreff og julebord for seniorar, der det mellom anna vart informert om frivilligsentralen sine tilbod. Tilbod om velkomstvenn har kome i gang i samarbeid med Frivilligsentralen.

Helse

Familieteamet blei interkommunalt

I 2024 kom det på plass ein samarbeidsavtale med Etne om at familie-teamet skal bli 100 %



interkommunalt. Etne kom inn i "helse"-delen av familie-teamet med 1,5 årsverk gjeldande frå 01.03.2024. Etne har tidlegare vore del av tiltakdelen av familieteamet gjennom tiltak frå barnevernet.

Tilskotsmidler til oppstart av Frisklivsentral

Kommunen har vidareført arbeidet med frisklivstilbod, og auka hausten 2024 ressursane til 50%. Dette er fortsatt eit prosjekt, og gruppene, som går i 12 veker, 2 gonger i veker er framleis ein pilot. Det blir søkt om nye tilskotsmidlar i 2025, og kommunestyret har vedteke 50% fast stilling (20+30) til dette arbeidet frå 2025. Planen er å jobbe vidare med utforming av gruppetilbod, samt å nå breidt ut med info til samarbeidspartar for å rekruttere deltakarar til tilboda.

Status økonomi i rammeområdet

Beløp i 1000

Rammeområde/eining	Rekneskap	Rekneskap	Rev. bud.	Avvik i kr
	2023	2024	2024	
1300-Vindafjordtunet	58 465	58 183	59 452	1 270
1340-Ølen omsorgssenter	47 828	44 368	39 924	-4 445
1350-Heimetenesta	51 007	50 720	48 710	-2 010
1400-Rus og Psykiatri	27 751	27 469	28 755	1 286
1410-Barnevern	29 774	33 540	31 941	-1 599
1415-NAV Vindafjord Etne	15 555	16 540	15 372	-1 168
1416-NAV Vindafjord (flyktingar)	22 116	32 974	34 584	1 610
1417-NAV Etne	0	0	0	0
1418-NAV Etne (flyktingar)	0	0	0	0
1420-Helse	39 222	41 139	40 295	-843
1430-Tilrettelagte tenester	57 942	57 125	56 191	-934
1495-Felles Helse og omsorg	-26 171	-13 135	-11 542	1 592
Sum	323 490	348 923	343 681	-5 242

Kommentar til status økonomi

Vindafjordtunet

Eininga hadde eit mindreforbruk mot budsjett på 1,27 mill.

- På lønn er det samla mindreutgifter på om lag 1,6 mill., som må sjåast i samanheng på eit høgt forbruk av vikarbyrå då det har vore vanskeleg å få tilsett i alle stillingar. Samla blei det brukt 2,9 mill. på vikarbyrå. I tillegg er det meirforbruk på overtid på 1,2 mill.
- Det var meirforbruk på medisinar og medisinske forbruksvarar på 265 000.
- Meirinntekter på grunn av høgt belegg, samla 1,95 mill. for langtidsopphald og etteroppgjær.

Ølen omsorgssenter

Eininga hadde eit meirforbruk mot budsjett på 4,4 mill.

- På lønn er det samla mindreutgifter på om lag 0,8 mill., som må sjåast i samanheng på eit høgt forbruk av vikarbyrå. Samla blei det brukt 5 mill. på vikarbyrå. I tillegg er det meirforbruk på overtid på 1 mill. på tillegg. Eininga har redusert bruken av overtid med nesten 300 000 frå 2023, men hamna likevel om lag 400 000 over budsjett.



- Det var meirforbruk på medisinar på 400 000. Kjøkkenet hadde meirforbruk på 350 000 på matvarer og 160 000 på inventar og utstyr.
- Meirinntekter på grunn av høgt belegg, samla i underkant av 1 mill. for langtidsopphald, korttidsopphald og etteroppgjer.

Heimetenesta

Eininga hadde eit meirforbruk i 2024 på om lag 2 millionar. Negativt avvik ligg stort sett til tenestekområdene; administrasjon, støttekontakt og heimetenestene i indre og ytre stok.

- Dagsenter for heimebuande enda om lag i balanse. Det var noko meirforbruk på løn, på grunn av behov for å auka med 0,2 årsverk utover ramma for å drifta alle tre dagsentra. Dette blei dekkja inn ved mindreforbruk på driftspostane.
- Støttekontakt hadde eit meirforbruk på om lag 200 000. Det er ei stor auke i personar med vedtak på støttekontakt.
- Matombringning hadde meirutgifter til mat, men større inntekter enn budsjett frå inntekter gav eit positivt avvik mot budsjett på omlag 280 000.
- Administrasjonen fekk eit meirforbruk på nesten 1 mill. Avvika ligg på høgare utgifter til leasingbilar og brukarstyrt personleg assistent (BPA).
- Praktisk bistand Indre stok hadde eit mindreforbruk på kr 85 800 på grunn av høgare brukarbetaling.
- Heimeteneste indre sone fekk meirforbruk kr 465 000. Mesteparten skuldast meirforbruk på lønspostar. Det har vore ei auke i tal på alvorleg sjuke brukarar, noko som har gjort det krevjande å dekkja opp for fagleg forsvarlege tenester under ferieavviklinga. Det vart difor naudsynt å nytta vikarbyrå, samla forbruk blei omlag 920 000. Justert for budsjett for ferievikar gav dette isolert sett ein meirutgift på om lag 600 000. Tenestea praktisk bistand ligg med eit mindreforbruk kr 85 800. Ser ein tenestene for heimesjukepleie og praktisk bistand i indre sone samla er det eit meirforbruk kr 380 000.
- Praktisk bistand ytre sone hadde eit mindreforbruk kr 169 000, dette skuldast mindreforbruk på løn og auka i brukarbetaling.
- Heimeteneste ytre sone hadde eit meirforbruk på 840 000, som stort sett skuldast meirforbruk på lønspostar. Det er overtalige i turnus. Ser ein tenestene for heimesjukepleie og praktisk bistand i ytre sone samla er det samla eit meirforbruk meirforbruk kr 670 000.

Rus og Psykiatri

Eininga hadde eit mindreforbruk i 2024 på om lag kr 1 200 000. Avviket skuldast hovudsakleg:

- Fleire avdelingar har hatt vakanse fordi det har vore utfordrande å få tak i kvalifisert personell.
- Mindreforbruket har også samband med høgare statstilskot enn forventa.
- I psykiatri bustad har ein hatt eit overforbruk som skuldast hovudsakleg overforbruk på overtid grunna sjukefråvær og vakanse, det har blitt betalt ut meir på helg/kveld/høgtids- tillegg enn budsjettert.
-

Barnevern

Eininga fekk eit meirforbruk på nesten 1,6 millionar i 2024. Overforbruket totalt sett på omlag 1,6 millionar skyldast i all hovudsak einskildesaker som gjev meirforbruk på omfattande tiltak i heimen eller frivillige plasseringar. Det er ei generell utvikling at blant dei om lag 100-120 sakene me jamt har hatt aktive er fleire av sakene no er rekna som alvorlege, enn tidlegare. Ressursbruken både for dei tilsette og økonomisk aukar i takt me alvorsgrad. I både 2023 og 2024 har ein betydeleg del av dei komplekse



sakene vore frå Vindafjord kommune og det ser ein igjen i reknskapen. I 1. tertialrapport blei budsjettet justert opp med 4 millionar.

- Administrasjon hadde eit mindreforbruk 450 000 kr hovudsakleg på grunn av reduserte stillingar og langtidssjukemelding utan vikar.
- Barnevernstiltak i familien hadde eit mindreforbruk 3,83 mill. Avviket må sjåast i samanheng med tiltak utanfor familien. Kommunen har budsjettert og ført utgifter på frivillige plasseringar på feil teneste, noko som blei oppdaga i samband med revisjonens si gjennomgang ved eininga. På slutten av året blei dette korrigert i rekneskapen og i tråd med KOSTRA-rettelearen, medan budsjettet er slik det blei lagt.
- Barnevernstiltak utanfor familien hadde eit meirforbruk på 6,075 mill. Overforbruket skuldast alvorlege enkeltsaker: Akutt plasseringar, omsorgsovertakingar og frivillige plasseringar.

NAV Vindafjord Etne

Samla meirforbruk per 31. desember blei omlag kr 1,2 mill. Overforbruket skuldast i hovudsak:

- Økonomisk sosialstønad fekk eit meirforbruk på rundt 1,4 mill. Det var ein auke i mottakar av økonomisk sosialstønad frå 2023 til 2024. Det er og ein auke i utbetaling på rundt 1,1 mill. Det har vore ein nedgang i utbetaling av straum, men nivået er framleis høgt med tanke på åra før straumprisane auka. Det har og vore ein auke i utbetaling av naudhjelp, noko som viser at fleire står utan pengar i løpet av ein månad som må søkje hjelp for å ha pengar til mat og det aller naudvendigaste. Det har og vore ein auke i utbetaling av utgifter til tannbehandling og helse. Unge sosialhjelpsmottakarar har hatt ein liten auke, men det var ein nedgang i barnefamiliar som mottok økonomisk sosialstønad.
- Det blei eit mindreforbruk på lønn og administrative kostnader på rundt 250.000. Dette skuldast refusjonar på sjukelønn. Det har vore noko bruk av vikar i løpet av året, men ikkje i så stor grad til å dekke inn for fråværet.

NAV Vindafjord (flyktningar)

Eininga hadde eit mindreforbruk i 2024 på om lag kr 1,6 mill. etter justert budsjett. Det utfordrande å setje opp eit realistisk budsjett for flyktningarbeidet, då det stadig er i endring og er lite føreseieleg. Det har blitt budsjettert for høgare utgifter til introduksjonsstønad enn det som vart realiteten, og dette er hovudårsaka til mindreforbruket. Årsaka til at det er stor endring i samla rekneskap frå 2023 til 2024, er at busettingstalet dei siste åra har vore svært høgt og aukande, og det gjekk frå 90 i 2023 til 105 i 2024. Integreringstenesta har oppfølging av flyktningar i inntil fem år etter busetting. Dette gjer at det i 2024 har vært fleire flyktningar enn nokon gong som har hatt oppfølging frå integreringstenesta og som har delteke i introduksjonsprogrammet. Dette har igjen ført til behov for fleire nyttilsettingar i 2024.

- Introduksjonsstønad fekk eit mindreforbruk på 1,7 mill. i hovudsak eit mindreforbruk på introduksjonsstønad. Ein stor del av dei busette flyktningane deltek i introduksjonsprogrammet. I løpet av året har det vært 85 deltakarar i introduksjonsprogrammet, noko som var lågare enn venta. Dette heng saman med at det har blitt busett fleire eldre som ikkje har rett til program. I tillegg vart satsane for introduksjonsstønad endra frå 01.07.2024. Fleire deltakarar får nå ein lågare sats enn tidlegare.
- Andre utgifter som husleige, tolketenester og startpakkar har det vore eit overforbruk på. For å få ned utgiftene til startpakke har det blitt jobba aktivt for å skaffa ferdig møblerte bustadar og brukte møbler der det lar seg gjere. Utgifter til husleige har ein vore nøyd til å prioritera, då det var naudsynt å sikra seg mange bustadar knytt til den høge busettinga. Utgifter til tolk og til transport har vært ein konsekvens av den høge og spreidde busettinga.



- Administrasjon fekk eit mindreforbruk på 150.000 på grunn av høgare refusjonar enn budsjettert. Det er noko meirforbruk på ein del forbrukspostar, det blei mellom behov for ein ny leasingbil på grunn av svært mykje kjøring knytt til busettingsarbeidet og oppfølginga vidare.
- Ytingar til livsopphald har eit meirforbruk på omlag 200 000 etter justert budsjett. Dette skuldast høg busetting, og at det er mange flyktningar som har behov for økonomisk stønad. Om lag 40 % av deltakarane som har fullført introduksjonsprogrammet har heldt fram med norskopplæring i seks månadar til, og vore avhengig av sosialhjelp i denne perioden. Det er i tillegg busett ein del eldre flyktningar som ikkje har rett på andre inntektskjelder enn sosialhjelp og bustønad. Det er positivt å sjå at det er eit underforbruk på krisehjelp. Dette syner at dei busette flyktningane har kontroll på eigen økonomi og at dei får ytingane dei har behov for.

Helse

Eininga fekk eit meirforbruk på om lag 850 000 (2,1 %).

- Ledige fastlegeheimlar gav meirforbruk i høve nødvendig leige av vikarinn og oppkjøp av fastlege heimlar. I tillegg noko meirforbruk knytt til auke i leige til privat legekontor, samt auke i utbetaling av driftstilskot til privatpraktiserande legar. Det har også vore naudsynt med noko konsulenthjelp knytt til rekruttering, tiltak og drift i dette året, noko som gjev meirforbruk. Samla meirforbruk på om lag 2,7 mill.
- Legevakt fekk eit mindreforbruk på om lag 400 000. Dette skyldast i hovudsak høgare inntekt enn budsjettert. I tillegg er det gjort ei omorganisering knytt til leiarressursar som gir mindreforbruk på fastlønn.
- Helsestasjon har noko mindreforbruk på lønn grunna vakanse utan vikar og høgare inntekter. Samla mindreforbruk på om lag 500 000.
- Familieteamet fekk eit mindreforbruk på om lag 700 000. Hovudårsaka er vakanse utan vikar store delar av året.
- Smittevern ligg nesten 200 000 under budsjett som skuldast mykje høgare inntekter enn budsjettert på sal vaksinar.
- Fysio har noko mindreforbruk på lønn, då ein har hatt sjukefråvær ei tid utan å leige inn vikar. Avdelinga har også meirforbruk knytt til leasingavtalen og innkjøp av nødvendig medisinsk utstyr.
- Fleire avdelingar syner eit overforbruk på bruk av tolketeneste dette året

Tilrettelagte tenester

Eininga fekk eit meirforbruk på om lag 930 000 (1,7%).

- Mesteparten av avviket skuldast auka ressursbehov ved Solbakken.
- Det var og meirutgifter knytt til at avdelinga ved Sandeid bufellesskap vart mellombels flytta til Ølen grunna påbygg og renovering.
- Høgt fråvær og dermed auka bruk av vikar gjennom store delar av året.

Fellesområde

Fellesområde har eit samla mindreforbruk på om lag 1,6 millionar.


- Meirutgift utskrivingsklare pasientar på 825 000.




- Kjøp av tenester til ressurskrevjande brukarar har ein meirutgift på 7,2 mill. Her er eit kostnadskrevjande tiltak avslutta på slutten av året. Meirutgifta må sjåast i samanheng med refusjonsinntekta for ressurskrevjande brukarar som hamna 4 millionar over budsjett.
- Det er ein samla mindreutgift på sentral lønnsfatt og reguleringspremie pensjon på 5 millionar.
- Det er gjort ein korreksjon ved at tidlegare utgiftsførte forventade kostnader knytt til kjøp av tenester frå andre kommunar som er ført mot kortsiktig gjeld er tilbakeført då kravet er forelda, som gav ein eingongseffekt på kr 370 000.

Grafar Økonomi

Driftsutgifter og inntekter (graf)



Detaljvisning drift (graf)



Tenesterapportering

	Type	Jan.	Feb.	Mars	Apr.	Mai	Juni	Juli	Aug.	Sept.	Okt.	Nov.	Des	Sum
Status venteliste institusjon														
Overføring fra korttidsavdeling til langtidsavdeling	personar	4	2	3	3	2	3	0	6	4	4	6	7	
Korttidsopphald; tal overliggjande døgn på sjukehus	døgn	28	0	0	2	13	21	19	12	57	70	18	27	267
Venteliste kommunal omsorgsbustad														
Vindafjordtunet	personar	3	5	5	3	2	1	4	4	2	2	1	0	
Rådhusplassen	personar	4	3	3	3	3	2	2	2	3	3	2	3	
Andre stadar	personar	2	2	2	2	1	1	2	2	1	1	2	2	
Tenesteproduksjon institusjon														
Gj.snittleg liggetid på korttid*					21,3				24,6				24,2	
Pasientar i perioden	tal	29	22	23	26	28	28	23	28	25	24	24	21	



Årsmelding 2024

	Type	Jan.	Feb.	Mars	Apr.	Mai	Juni	Juli	Aug.	Sept.	Okt.	Nov.	Des	Sum
Innleggingar i perioden	tal	16	9	11	15	15	15	11	15	9	10	12	8	146
Utskrivingar i perioden	tal	16	10	12	13	15	16	10	14	12	11	11	8	148
Faktiske liggjedøgn i perioden	tal	383	312	345	325	380	376	379	391	385	405	390	403	4 474
Moglege liggjedøgn i perioden	tal	403	364	403	390	403	390	403	403	390	403	390	403	4 745
Beleggsprosent i perioden	tal	95,0 %	85,7 %	85,6 %	83,3 %	94 %	96 %	94 %	97 %	99 %	100 %	100 %	100 %	94,3 %
Tenesteproduksjon heimesjukepleie (Indre Sone)														
Estimert tid til faste oppdrag	timar	1 844	1 809	1 862	1 776	1414	1907	2425	1991	1562	1455	1359	1612	
Faktisk tid til utførte oppdrag	timar	1 742	1 761	1 822	1 672	1334	1774	1917	1680	1288	1307	1230	1429	
Tal oppdrag i perioden	tal	6 219	6 045	6 271	6 051	5513	5933	6506	6415	5465	5736	5348	5918	
Tenestebukarar i perioden	personar	129	123	123	129	121	129	126	125	121	128	122	119	
Tenesteproduksjon heimesjukepleie (Ytre Sone)														
Estimert tid til faste oppdrag	timar	1 712	1 845	1 878	1 674	1748	1789	1789	1710	1333	1686	1418	1754	13 227
Faktisk tid til utførte oppdrag	timar	1 533	1 768	1 721	1 525	1707	1688	1796	1667	1243	1437	1341	1510	12 389
Enkeltoppdrag i perioden	tal	6 447	6 292	6 570	6 310	6481	6522	6986	6701	5853	6193	6157	6583	51 476
Tenestebukarar i perioden	personar	82	76	75	74	71	75	79	74	72	74	74	78	
Tenesteproduksjon heimesjukepleie (Sum)														
Estimert tid til faste oppdrag teneste	timar	3 556	3 654	3 740	3 450	3 162	3 696	4 214	3 701	2895	3141	2777	3366	12 179
Faktisk tid til utførte oppdrag teneste heimesjukepleie **	timar	3 275	3 529	3 543	3 197	3 041	3 462	3 713	3 347	2531	2744	2571	2939	10 785
Enkeltoppdrag i perioden	tal	12 666	12 337	12 841	12 361	11 994	12 455	13 492	13 116	11318	11929	11505	12501	47 253
Tenestebukarar i perioden	personar	211	199	198	203	192	204	205	199	193	202	196	197	
Klagesaker i kommunen														



Årsmelding 2024

	Type	Jan.	Feb.	Mars	Apr.	Mai	Juni	Juli	Aug.	Sept.	Okt.	Nov.	Des	Sum
Registrerte klager på tenesteyting	tal													
Registrerte klager på tenestevedtak	tal		1			1			1					3
Klager omgjort av kommunen	tal													
Klager ikkje omgjort av kommunen	tal		1			1			1					3
Klagebehandling hos Statsforvalteren i Rogaland														
Vidaresendte klager	tal		1			1			1					3
Avgjersle medhald brukar	tal						1							1
Avgjersle medhald kommunen	tal		1											1
Avgjersle oppheva vedtak	tal					1						1		2

KOSTRA Nøkkeltal

	Vindafjord 2023	Vindafjord 2024	Rogaland	Landet uten Oslo	Kostragruppe 01
Prioritet					
Barnevern nettodriftsutgifterandel av totale utgifter (prosent)	4,2 %	4,3 %	3,8 %	3,9 %	3,5 %
Institusjoner (f253+261) - andel av netto driftsutgifter til plo (B)	46,5 %	48,5 %	43,0 %	40,8 %	38,1 %
Produktivitet					
Andel netto driftsutgifter til saksbehandling (funksjon 244) (B)	33,8 %	28,8 %	34,3 %	35,7 %	39,6 %
Barn med undersøkelse eller tiltak per årsverk (funksjon 244)	13,4		14,5	14,1	14,5
Brutto driftsutgifter til økonomisk sosialhjelp pr. mottaker (B)	53 996	62 236	78 366	70 354	60 318
Korrigerte brutto driftsutg pr. mottaker av hjemmetjenester (i kroner) (B)	371 340				
Korrigerte brutto driftsutgifter, institusjon, pr. kommunal plass (B)	1 684 375	1 798 093	1 758 892	1 653 818	1 524 703
Dekningsgrad					
Andel av alle brukere som har omfattende bistandsbehov (B)	28,6 %	32,8 %	28,1 %	28,5 %	24,8 %
Andel hjemmetj.mottakere med omfattende bistandsbehov, 0-66 år (B)	23,3 %	21,4 %	19,4 %	20,7 %	17,2 %
Andel plasser i brukertilpasset enerom m/ eget bad/wc (B)	100,0 %	100,0 %	97,2 %	95,1 %	94,4 %
Andel plasser i skjermet enhet for personer med demens (B)	42,5 %	42,9 %	34,8 %	28,3 %	31,7 %
Andelen sosialhjelpsmottakere i forhold til innbyggere i alderen 18-66 år (B) **)	6,9 %	8,7 %	5,3 %	5,3 %	6,9 %



Barn med undersøkelse ift. antall innbyggere 0-17 år (B)	3,6 %		3,7 %	4,0 %	4,0 %
Kvalitet					
Avtalte fysioterapeutårsverk per 10 000 innbyggere (årsverk)	7,0	7,1	8,0	9,7	10,1
Avtalte årsverk i helsestasjons- og skolehelsetjenesten per 10 000 innbyggere 0-20 år (årsverk)	54,4	34,6	46,7	54,2	58,3
Gjennomsnittlig listelengde	756,0	737,0	1 064,0	937,0	853,0
Gjennomsnittlig listelengde korrigert for kommunale timer	1 081,0	1 154,0	1 129,0	975,0	917,0
Stillinger med fagutdanning per 1 000 barn 0-17 år (B)	4,9	5,2	4,9	5,8	5,1

***) Justert for utgiftsbehov*

Innanfor prioritering ser ein at Vindafjord kommune nyttar ein høg andel av samla pleie og omsorg (PLO) ressursar innanfor institusjonsdrift, det kjenner ei også igjen frå Agenda Kaupang rapporten og er grunnlaget for vurdering av institusjonstenestene som pågår i 2025.

Kostnaden pr plass i institusjon er også forholdsvis høg samanlikna med kommunegruppe 1, men ikkje så mykje dyrare enn gjennomsnittet av ande kommunar i Rogaland.

Innanfor kvalitetskriteriet ser ein at legane i Vindafjord kommune har kortare lister enn gjennomsnitt for landet og Rogaland.

Status økonomiplantiltak

Rammeendringar i økonomiplanen

Beløp i 1000

Tiltak	Ramme år 1	Status Beskriving
Vedtak førre periode		
Auka budsjett økonomisk sosialhjelp som følgje av høg prisvekst	-1 000	Ferdig
Auke i bemanning som følgje av auke i meldingar til Barnevern	-450	Ferdig
Auka kostnader innan helse og omsorg som følgje av demografi	0	Ferdig
Justering vertskommunesamarbeid	0	Ferdig
Sum	-1 450	

Nye tiltak

Styrking psykisk helse og rus	265	Ferdig
Auke i rettleiande sosialhjelpssatsar (heilårseffekt)	330	Ferdig
Styrking av fastlegeordninga - pasienttilpasse basistilskot (heilårseffekt)	442	Ferdig
Auke i bemanning som følgje av auke i meldingar til Barnevern	450	Ferdig
Auka stillingar som følgje av mottak av flyktningar	1 279	Ferdig
Auka budsjett økonomisk sosialstønad	2 000	Ferdig
Auka budsjett ressurskrevjande brukarar	3 000	Ferdig
Auka utgifter til busetting av flyktningar	10 551	Ferdig



Tiltak	Ramme år 1	Status Beskriving
Sum	18 317	
Politisk vedtak		
Auka minstesats for deltakarar i kvalifikasjonsprogrammet	19	Ferdig
Tilskotsmidlar til lag og organisasjonar	100	Ferdig
Sum	119	
Sum tiltak	16 986	

Sjukefråvær

Fråvær	Korttid	Langtid	Samla fråvær
Årleg sjukefråvær 2020	1,88 %	6,26 %	8,14 %
Årleg sjukefråvær 2021	1,71 %	5,91 %	7,62 %
Årleg sjukefråvær 2022	3,05 %	3,88 %	6,93 %
Årleg sjukefråvær 2023	3,18 %	4,42 %	7,60 %
Årleg sjukefråvær 2024	3,37 %	5,74 %	9,11 %

Status sjukefråvær og HMS

Samla sjukefråvær auka frå 2023 til 2024. Samla sjukefråvær auka frå 7,6 % til 9,11 %. Det er i hovudsak langtidsfråværet som har auka.

Det var spesielt 1. halvår i 2024 langtidsfråværet var høgt.



Forvaltning, drift og utvikling

Omtale av rammeområde

Rammeområdet omfattar einingane Areal og forvaltning, Kommunaltekniske tenester og Reinhold. Vidare ligg kommunen sitt næringsarbeid og den økonomiske overføringa til Haugaland Brann og Redning i dette rammeområdet.

Utvalde resultat

Planarbeid

Kommuneplanens samfunnsdel blei vedtatt 18.06.2024. Arealdelen har blitt arbeida med i 2024 og blei vedtatt lagt på høyring 10.12.2024. Kommunens planstrategi for inneverande periode blei vedtatt 17.12.2024. Kommunen har hatt eit etterslep i høve til førre planstrategi og vedtatt planstrategi er difor i hovudsak ei vidareføring av den førre.

Planarbeidet i kommunen blei vedtatt styrka i 2024 med ein ny rådgjevar på plan, som skal arbeide i hovudsak med overordna plan, men også jobbe tett saman med kommunen si planavdeling. Stillinga vert starta opp tidleg i januar 2025.

Areal og forvaltning

Eining Areal og forvaltning dekkar fagområda plan, byggjesak (inkl. deling), oppmåling/matikkelføring/kart, landbruk (jord- og skogbruk), miljø, vilt- og fiskeforvaltning, adressering, eigedomsskatt, utslepp frå og tilsyn med private avløpsanlegg og forureining (i hovudsak frå landbruk). Eininga har og arbeidsoppgåver knytt til forvaltning av vatn (ferskvatn og fjordar) gjennom vassområdeforvaltninga (både i Rogaland og i Vestland) og deltek i eit prosjekt på frivillige tiltak i landbruket på Haugalandet.

Eininga arbeider for eit aktivt jord- og skogbruksmiljø og ei positiv samfunnsutvikling med tilrettelegging av planar for tenlege bustad- og næringsområde. Viktige delar av arbeidsdagsoppgåvene er handsaming av søknadar og planar og å yta god service og gi god rettleiing til kundar innanfor alle fagområda.

Kommunalteknisk

Generelt

Eininga kommunaltekniske tenester har totalt 25,9 stillingar. Eininga har fokus på kompetanseheving gjennom deltaking på kurs og i interkommunale nettverk. Å ta vare på, og vidareutvikle fagmiljø er viktig for å fylle dei forventningar eininga blir møtt med. Eininga har dyktige og engasjerte tilsette, men arbeidsomfanget høver ikkje til talet på stillingar. I tillegg har det vore stor utskifting av personell det siste året, både på bygg, VA og i administrasjonen. Dette fører til dårleg kontinuitet i sakshandsaminga, manglande tilbakemeldingar på førespurnadar, lang sakshandsamingstid, etterslep i arbeid, og at prosjekt må utsetjast. Det er ei utfordring at dokumentasjonskrav og arbeidsomfang aukar, bl.a på beredskap. Difor arbeider eininga med å betre rutinar og arbeidsflyt for å nå over mest mogleg med dei ressursane som er tilgjengelege. Det blir fokusert på å arbeida både sikkert og effektivt, og nye HMS-mål er etablert i avdelinga.

Sjukefråværet generelt i eininga har gått kraftig ned samanlikna med dei siste åra. Frå 2023 til 2024 har det vore ein nedgang på 50% (til 4,23%)



Bygg og eigedomsforvaltning

Det er stort etterslep i vedlikehald av kommunal bygningsmasse, og vedlikehaldsbudsjettet ligg lågt samanlikna med både normtal for vedlikehald og samanliknbare kommunar. Auka areal, stadig aukande driftskrav og stor prisauke på materialar og tenester gjer at handlingsrommet vert stadig meir avgrensa. Ei stor del av ramma går til lovpålagde krav.

Vedlikehaldsetterslepet har økonomiske konsekvensar. Bygga får kortare levetid, eller det krev meir ressursar ved istandsetjing/rehabilitering. Mangel på vedlikehald får også verknad på arbeidsmiljø i form av dårlegare inneklima og trivsel. Nedslitne og lite føremålstenlege lokale kan også gi dårlegare tenestetilbod til brukarane. Det er gjennomført tilstandsanalyse på barnehagar og skulebygg, og det blir jobba med å få prioritert og planlagt gjennomføring av tiltak basert på avsette budsjettmidlar. Fokus på brannsikkerheit vil ha 1.prioritet.

Det har vore behov for fleire større akutte tiltak som har tatt hardt av budsjettmidlane, t.d varmtvassberederar på Ølen omsorgssenter, lekkasje i golv på Sandeid oppvekstsenter, legionellabakteriar i fleire garderobeanlegg, lysplan etter krav frå Miljøretta helsevern ved Ølen skule m.m.

Vedlikehald av bygg må få eit ekstra fokus nå når straumprisane ser ut til å stabilisera seg på eit forholdsvis høgt nivå. Straumsparingstiltak er alt sett høgt på prioriteringslista, det er gjennomført nokre enøk-tiltak. Utskifting av lysstoffrør til LED-lys vil vera eit effektivt energisparingstiltak, og heilt naudsynt då lysstoffrør er gått ut av produksjon.

Miljøretta helsevern, Ølen skule; her er dei fleste avvika utbetra og godkjente, men arbeidet med støyskjerming langs E-134 har dratt ut i tid på grunn av arbeid med å få godkjenning av Vegdirektoratet.

Det blir arbeida med ny rammeavtale/anbod på FDV-program (forvaltning, drift og vedlikehald) i samarbeid med IKT Nordhordland.

Veg, bruer og kaiar

Det kommunale vegnettet er på ca 10 mil. Det er utfordrande å ha eit godt nok førebyggjande vedlikehald når det knapt er avsett midlar til dette. Vegbudsjettet ligg langt under tal for samanliknbare kommunar samstundes som lengda kommunal veg som skal haldast ved like aukar, t.d. ved opparbeiding av nye bustadfelt.

Ut frå kommunen sin økonomiske situasjon er det vanskeleg å sjå at den økonomiske prioriteringa av vegbudsjettet vil betre seg. Det er difor naudsynt å vurdere nedlegging/privatisering av fleire kommunale vegar og kaiar for å oppnå at budsjettmidlar og omfang stemmer betre overeins.

Vintervedlikehald og andre vedlikehaldsavgiftar på veg har hatt ein stor kostnadsauke ved siste anbodstildeling. Det har i tillegg vore ein kald vinter som har ført til stort behov for tiltak.

Det er gjennomført inspeksjon av kommunale kaiar og mange av dei er i dårleg forfatning. Det vil vera naudsynt å gjennomføre tiltak eller å privatisera desse. Det må derfor gjerast ei prioritering på kva kaiar som skal forsetja å vera kommunale.

Vatn og avløp

Vatn, avløp og veg har 8 tilsette i utedrifta som er ansvarlege for oppfølging av driftsrelaterte oppgåver for å sikra produksjon av vatn og distribusjon i leidningsnettet, avløpsreinsing og vegvedlikehald. Det er 24/7 vaktordning på dette. Avdelinga blir leia av driftsingeniøren som har personalansvar for utedrifta.



Det er i tillegg til utedrifta 3 ingeniørar + einingsleiar (50%) som arbeider med diverse sakshandsaming, planlegging, prosjektering og oppfølging av VA - og vegprosjekt. Desse er lokalisert på teknisk bygg i Sandeid. Det har i periodar vore noko redusert kapasitet på avdelinga.

Vindafjord kommune har vore involvert i samarbeidsprosjekt med både Rogaland fylkeskommune og Fagne i 2024. Fleire av desse utbyggingane gjeld område der eksisterande VA-anlegg var modent for fornying.

Samarbeid mellom kommunane på Haugalandet om reservevatn er førebels avslutta og konklusjon er at Vindafjord må planleggja for sitt 0-alternativ. Dette vil påverka planane i åra framover. Arbeidet med å revidera Hovudplan for vatn blei slutført våren 2024. Det vil vera naudsynt med store investeringar i åra framover for å sikra god kapasitet og trygg levering av desse tenestene i framtida då etterslepet er stort. Utbyggingsplanane blir styrt av kravet til reservevassløyisingar og fokus på å redusera tal på, og omfang av lekkasjar på vassleidningsnettet. Dette har vore, og vil vera eit viktig satsingsområde for drifta framover. Investeringane medfører auke i vass- og avløpsgebyr.

Arbeidet med å revidera hovudplan for avløp er starta og vil bli slutført i løpet av 2025.

Nytt avløpsdirektiv blei vedtatt av EU-parlamentet 7.oktober 2024. Dette vil føra til krav om sekundærreinsing for fleire av kloakkreinseanlegga våre og vil føra til omfattande tiltak og kostnader i åra som kjem.

Våren 2023 blei ny forskrift for vatn og avløp vedtatt med berekning etter areal. Den er gjeldane frå 01.01.24. Etter at forskrifta blei innført er det fleire abonnentar som ønskjer å få installert vassmålår. Vassmålarar er kjøpt inn til lager.

Reinhald

Eininga sitt reinhald på kommunale bygg består av dagleg reinhald, periodisk reinhald fordelt gjennom året, samt årleg hovudreingjering. Smittereinhold vert utført ved behov.

Ressursane i eininga er knappe, og me får stadig meir areal og oppgåver, utan tilsvarende auke i ressurs. Dette i tillegg til at det over tid har vore stor prisauke på varer, maskiner etc, har ført til stadig mindre handlingsrom. Der er svært lite rom i budsjett for reoperasjonar eller innkjøp av nye maskiner, f.eks. robotar. Eininga har mange gamle maskiner, samt behov for fleire maskiner både mht meir effektiv drift og for å førebyggja belastningskader og oppnå mogeleg reduksjon i sjukefråvær.

Drifta i eininga i 2024 er i balanse, i motsetnad til tidlegare år med meirforbruk. Det har vore stor fokus på kostnader, blant anna å redusere bruk av vikar og ekstrahjelp. Me har prioritert dei eldste og dei yngste. Ungdomsskular, rådhus, kontor etc har til tider hatt redusert reinhald. Reduksjon hyppigheit på reinhald der det er mogeleg, er også tema. Ikkje alle bygg har vore like nøgd med tiltaka, men det har vore nødvendig for å få balanse. I tillegg har me jobba med innkjøp, og skifta til rimelegare løyisingar der det har vore mogeleg.

På omsorgsentra, spesielt korttid ØOS er der stadig meir trykk på reinhald. Dette grunna ventelister og hurtige og hyppige skifte av pasientar, med tilhøyrande utvask av rom på kort varsel. Dette er ei stor utfordring for eininga. Reinholdarane har vore fleksible i arbeidet, nokon oppgåver vert nedprioritert, slik at me i dei aller fleste tilfella klarer tidsfristane, helst utan for mykje ekstrahjelp. For å redusere kostnad til ekstrahjelp i dette arbeidet, har me også tidvis omprioritert reinholdarar frå andre bygg, som då har fått redusert reinhald.



Det er i 2024 starta ei samarbeidsprosjekt mellom helse, teknisk og reinhald der ein skal sjå om der er oppgåver me kan samarbeida meir om, for betre i fellesskap å kunne møte utfordringar som vil koma framover, f.eks bemanning etc.

Einingsleiar har i 2024 deltatt på kommunen sitt leiarutviklingsprogram hos Human.

Eininga deltar i interkommunalt reinhaldsnettverk på Haugalandet.

Arbeidet med digitale reinhaldsplanar er satt på vent, til det er avklart om me må skifte FDV-program, iht samarbeid med IKT-NH.

Vaskeriet på Vindafjordtunet vert drifta av eining reinhald. Her blir privattøy til bebruarane på begge omsorgssentra vaska, i tillegg til dyner, puter, gardiner, dukar osv. I tillegg utfører vaskeriet smittevask av tøy, noko som er ei utfordring å få utført på tilfredsstillande måte. Det er planlagt innkjøp av barrieremaskin for å betre effektivitet, kvalitet og HMS.

Eininga sel reinhald til private som ynskjer å kjøpe reinhald ved utflytting av kommunal bustad. Me utfører også utvask av mellombels omsorgsbustadar på oppdrag frå tenestekontoret.

Eininga har 32 fast tilsette, fordelt på 24 årsverk:

- Reinholdarar 21,5 årsverk
- Vaskeri 1,3 årsverk
- Einingsleiar 1 årsverk
- Merkantil 0,2 årsverk

Dei tilsette er dyktige, engasjerte og tar ansvar i arbeidet sitt. Nokon arbeider fast på eit enkelt bygg, kanskje aleine som reinholdar, mens andre arbeider i fellesskap med fleire reinholdarar, og kanskje også på fleire bygg. At dei tilsette har sitt arbeid fordelt rundt på mange bygg i heile kommunen, er ei utfordring for fellesskap, arbeidsmiljø og koordinering i eininga.

Dei tilsette representerer mange forskjellige land og kulturar. Over 10 nasjonalitetar er representert, nå også Ukraina. Dette kan gi utfordringar med kommunikasjon og opplæringsbehov, men gir også eit variert og lærerikt arbeidsmiljø.

Status økonomi i rammeområdet

Beløp i 1000

Rammeområde/eining	Rekneskap 2023	Rekneskap 2024	Rev. bud. 2024	Avvik i kr
1500-Areal og forvaltning	12 539	13 860	14 618	759
1510-Kommunaltekniske tenester	31 344	30 254	31 213	959
1515-VAR område	-10 835	-17 290	-16 786	504
1520-Reinhald	18 303	17 364	17 366	1
1530-Brann og redning	10 814	11 409	11 433	24
1595-Felles Forvaltning, drift og utvikling	2 963	-1 922	-142	1 780
Sum	65 129	53 675	57 702	4 027

Kommentar til status økonomi



Rammeområdet hadde i 2024 eit mindreforbruk på rett over 4 millionar. Dette er sjølvsagt gledeleg og ein har godt fokus på å helde vedtatte rammer. Spesielt har reinhald hatt eit godt fokus på å unngå meirforbruk og gjort fleire tiltak for å nå dette målet.

Det har vore avsett milder til drift av Vindafjordhallen i 2024 og det har tilnærma dekkja inn meirforbruk til vedlikehald av veg, materialar til vedlikehald og snøbrøyting. Fellesområdet har netto mindreforbruk knytt til reguleringspremie pensjon og lønnsoppgjer med omlag 2 millionar.

Areal og forvaltning

Eininga hadde eit mindreforbruk på 760 000 i 2024. Mindreforbruket/meirinntekt har fleire grunnar, mellom anna:

- Halve året blei det budsjettert med 100 % stilling på overordna plan, men det blei ikkje tilsett nokon før januar 2025. Deler av mindreforbruket har blitt brukt på konsulent.
- Høge gebyrinntekter på byggjesak, grunna stor saksmengd. Byggjesak gjekk totalt 650 000 i pluss om sjølvkost som er sett av til bunde fond.
- Høge gebyrinntekter på private avløp, grunna stor saksmengd.
- Noko lågare driftsutgifter på landbruk

Vidare har kommunen nokon postar med meirforbruk, mellom anna:

- Overforbruk på veterinærvakt. Dette skyldast i hovudsak auka utgifter til interkommunalt samarbeid om drift av smådyrvakt.
- Vidare går det fram eit overforbruk på miljøforvaltninga, men det skyldast avsetting av øyremerka milder til fond i påvente av bruk neste år.

Kommunaltekniske tenester

Eininga fekk eit positivt resultat på nesten 1 million i fjor. Eininga hadde fleire avvik mot budsjett, både positive og negative:

- Det var eit mindreforbruk på lønn på 2,7 millionar på grunn av at det ikkje er gjort tilsetjingar på Vindafjordhallen, og det er andre stillingar som det ikkje har vore tilsett vikar i.
- Kostnadar til straum hadde eit mindreforbruk på 1,1 mill, medan bioenergi har eit meirforbruk på 370 000,-
- Kostnadar til serviceavtalar og alarmsystem hadde ei stor auke samanlikna med 2023 med eit overforbruk på 400 000 (nesten dobling).
- Auke i kommunale avgifter påverkar også det kommunale budsjettet med eit meirforbruk på 1,05 mill.
- Kostnadar til lovpålagde tiltak eller andre akutte tiltak der me måtte kjøpa tenester av andre hadde eit meirforbruk på totalt 2 millionar. Dette gjeld kostnadar til lisensar med meirforbruk på 125 00, leasing-avtalar meirforbruk 500 000, vedlikehald bygg meirforbruk 1,3 mill (for det meste kjøp av tenester frå andre; som til dømes elektrikar, rørleggjar og andre entreprenørar).
- Vedlikehald veg meirforbruk 1,1 mill.
- Vedlikehald anlegg meirforbruk 300 000.
- Snøbrøyting hadde eit meirforbruk 1,535 millionar på grunn av ein hard vinter og mange kraftige snøfall.
- Materialar til vedlikehald har eit meirforbruk på 500 000. Dette er arbeid som vaktmeistrane sjølv utfører.

**VAR område (Vatn og avløp)**


Sjølvkostområda vatn og avløp er omtrent på budsjett med eit positiv resultat på 500 000, der stort sett heile avviket gjeld avlaup.


- Lønnsutgiftene hamna samla omlag 1 million over budsjett.
- Driftsutgiftene hamna omlag 1,8 millionar under budsjett. Omlag 350 000 gjeld lågare straumutgifter, resten gjeld ulike budsjettpostar knytt til vedlikehald.
- Ordinære gebyrinntekter hadde ein meirinntekt på knappe 10 000, men det blei 380 000 mindre i tilknytningsgebyr enn budsjettet. Samla viste inntektssida ein mindreinntekt mot budsjett på kr 330 000.

Mot sjølvkost gjekk vatn kr 336 000 i pluss, som gjekk til å redusere det framførbare underskotet frå 4,046 mill til 3,878 mill. når ein og tek omsyn til rentekostnaden på underskotet. Avlaup gjekk 1,883 mill. i overskot som betyr at heile den framførbare underskotet på 1,018 mill. blei dekkja inn og det er sett av 862 000 til bunde fond.

Reinhald

Reinhald hamna i balanse mot budsjett i 2024. Det blei gjort fleire tiltak for å unngå meirforbruk. Det har vore fokus på vikarbruk, til dømes ikkje vikar første dag på nokon bygg. Eininga har vidare omprioritert reinhaldsressursar til bygg med størst behov, for å redusere vikarbruken. Dette har ført til at enkelte bygg, nokon dagar har fått redusert reinhald, men fortsatt på forsvarleg nivå. Fokus på innkjøp og skifte til billigare varer der det har vore mogeleg.

Grafar Økonomi**Driftsutgifter og inntekter (graf)****Detaljvisning drift (graf)**



KOSTRA Nøkkeltal

	Vindafjord 2023	Vindafjord 2024	Rogaland	Landet uten Oslo	Kostragruppe 01
Prioritet					
Andel av energikostnader i komm. eiendomsforv. brukt på bioenergi, konsern	11,6 %	12,4 %	2,6 %	3,6 %	11,6 %
Andel av energikostnader i komm. eiendomsforv. brukt på strøm, konsern	88,4 %	87,6 %	87,1 %	83,0 %	77,4 %
Antall utrykninger: sum utrykninger til branner og andre utrykninger pr. 1000 innbyggere	13,6	14,9	13,9	18,1	15,6
Landbruksforvaltning og landbruksbasert næringsutvikl. nettodriftsutgifterbeløp pr innb (kr) **)	108	110	129	146	117
Netto driftsutgifter til kommunal eiendomsforvaltning, i prosent av samlede netto driftsutgifter (B)	8,3 %	8,0 %	8,7 %	9,0 %	8,1 %
Tilrettelegging og bistand for næringslivet nettodriftsutgifterbeløp pr innb (kr)	409	279	-26	139	304
Produktivitet					
Herav energikostnader for kommunal eiendomsforvaltning per kvadratmeter (B)	153	159	162	145	138
Herav utgifter til renholdsaktiviteter i kommunal eiendomsforvaltning per kvadratmeter (B)	180	197	204	194	195
Utgifter til driftsaktiviteter i kommunal eiendomsforvaltning per kvadratmeter (B)	554	619	742	734	673
Utgifter til vedlikeholdsaktiviteter i kommunal eiendomsforvaltning per kvadratmeter (B)	59	79	124	116	79



Årsmelding 2024

Årsgebyr for avløpstjenesten - ekskl. mva. (kr)	5 546	6 257	5 300	6 012	6 542
Kvalitet					
Estimert gjennomsnittsalder for kommunalt spillvannsnett med kjent alder (år)	34,0	34,0	33,0	34,0	
Årsgebyr for feiing og tilsyn - ekskl. mva. (kr)	441	552	524	640	554
Økonomi					
Korrigerte brutto driftsutgifter per innbygger, Brann og ulykkesvern	1 000	1 538	549	1 348	1 149

**) Justert for utgiftsbehov

Status økonomiplan tiltak

Rammeendringar i økonomiplanen

Beløp i 1000

Tiltak	Ramme år 1	Status	Beskriving
Vedtak førre periode			
Auka ramme til straumkostnad for alle kommunale bygg	-1 500	Ferdig	Rein justering ned av budsjettet for straumutgifter. Hittil i år held den nedjusterte ramma og det er noko mindreutgifter mot budsjett.
Innsparing reinhald	-500	Ferdig	Sjå i samanheng med tiltak som reverserer innsparinga under nye tiltak.
Mindre energitiltak	-200	I arbeid	
Auka drifts-/vedlikehaldsmidlar til kommunale bygg og anlegg	500	I arbeid	Midlane er svært tiltrengte, og er blitt brukt til maling av bygg og andre naudsynte tiltak.
Drift av nye Vindafjordhallen	2 000	I arbeid	Det vil ikkje bli driftskostnadar på nye Vindafjordhallen før tidlegast fjerde kvartal.
Sum	300		
Politisk vedtak			
Auka utgifter til brann og redning	-462	Ferdig	
Sum	-462		
Nye tiltak			
Husleige Vikedalstunet	-620	Ferdig	Bustadane er overtatt og husleige blir fakturert til leietakarar.
Omgjering frå Mogelegheitsutviklar til stilling for overordna planarbeid	0	Ferdig	Tilsettingsprosess er ferdig
Reversere innsparing reinhald	500	Ferdig	Sjå i samanheng med tiltak som om innsparing under vedtak førre periode.
Tilstandsvurdering av barnehage- og skulebygg	1 000	I arbeid	Det blei lagt fram sak for DUK 04.03.2024 og følgjande vedtak blei fatta:"Utval for drift, utvikling og kultur (DUK) godkjenner bruk av ekstern kompetanse til kartlegging av tilstand for kommunens skule- og barnehagebygg. Godkjent ressursbruk er avgrensa til kr 1 000.000. I tillegg kjem bruk av interne ressursar.Tilleggsforslag:Ein ber om at gymbygget ved Ølen Skule vert teken med i oversikten av bygg som skal kartleggast."Multiconsult fikk oppdraget med å kartlegge den



Tiltak	Ramme år 1	Status	Beskriving
			tekniske tilstand på kommunen sine barnehage- og skulebygg. Dette er gjort i samråd med intern prosjektleiar. Rapportane blei framlagt for DUK 14.10.2024. Arbeid med tiltak ein kunne løyse innafor drifta og tiltak knytta til sikkerheit blei seten i gong umiddelbart.
